



HØGSKULEN I VOLDA

## Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Forvirring eller frigjering? Didaktikk og valfridom i nynorsk.  
Ei gransking av kjennskap og haldningar til valfridom  
ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal

Anders Aanes  
Mai 2010

# Forvirring eller frigjering?

Didaktikk og valfridom i nynorsk.

Ei gransking av kjennskap og haldningar til valfridom  
ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal

# Innhald

Innhald .....	2
Liste over tabellar og figurar.....	4
Føreord .....	6
1. Innleiing.....	7
1.2 Ei aktuell oppgåve .....	9
1.3 Normdebatten .....	12
1.3 Utdjuping av problemstillinga.....	13
1.4 Tidlegare forskning.....	15
1.5 Den vidare gangen i oppgåva.....	18
2. Teoretisk tilnærming .....	19
2.1 Kva er eit språk?.....	19
2.2 Språkstyring, språkpolitikk og språkplanlegging .....	20
2.3 Språknormer – både fastsette og tause.....	21
2.4 Prosessar og prinsipp i språkplanlegging.....	26
2.5 Ideologien om standardisering.....	29
2.6 Kva er ei haldning? .....	32
2.7 Språk som identitetshandlingar.....	33
2.8 Kva er didaktikk? .....	34
2.9 Språk og dialektar i eit maktperspektiv.....	36
2.10 Teoriar om lesing og kognitive prosessar .....	38
2.11 Forholdet mellom tale og skrift.....	41
2.12 Omgrepet «literacy».....	42
3. Historia til valfridomen i nynorsk .....	43
3.1 Aasen-normalen .....	43
3.2 Den første rettskrivinga – Hægstad-normalen 1901 .....	45
3.3 Samnorsk-tanken veks fram.....	46
3.4 1917-rettskrivinga .....	46
3.5 1938-rettskrivinga .....	47
3.6 1959-rettskrivinga .....	47
3.7 Ulike ideologiske grupperingar .....	48

4. Metode .....	54
4.1 Samfunnsvitskapen i eit fugleperspektiv .....	54
4.2 Kvalitativ versus kvantitativ forskning.....	56
4.3 Kvantitativ forskning – nokre viktige omgrep.....	57
4.4 Statistisk metode .....	60
5. Om respondentane og spørjeskjemaet.....	65
5.1 Om respondentane .....	65
5.2 Spørjeskjemaet - utforming.....	66
5.3 Distribusjon og gjennomføring .....	67
5.4 Kritiske innvendingar – drøfting av effektar .....	68
5.5 Andre merknader.....	69
5.6 Bakgrunnsdata.....	70
6. Presentasjon av datamaterialet.....	72
6.1 Hypotesar.....	72
6.2 Valfridom i nynorsk – kunnskap.....	73
6.3 Haldningar til skriftnormalar.....	79
6.4 Bruk av ordliste og minigrammatikk.....	84
6.5 Lesing av nynorske tekstar .....	87
6.6 Valfridom i nynorsk - haldningar .....	90
6.7 Kunnskap og samanhangen med andre variablar .....	95
7. Drøfting av resultatata .....	104
7.1 Hypotesetesting.....	104
7.2 Vurdering av kunnskapen til elevane .....	109
7.3 Kva er årsakene til kunnskapsløysa? .....	110
7.4 Korleis spelar normene inn i dette utvalet?.....	112
7.5 Skal nynorsken vere eit omveltingspråk?.....	113
7.6 Vidare forskning.....	115
8. Avslutning.....	116
Litteraturliste .....	117

Vedlegg: 1) Spørjeskjema. 2) Følgjebrev, purrebrev, informasjon til lærarane og «reserveplan». 3) Opne svar frå elevane. 4) Vedtaket frå styret i Språkrådet.  
5) Fleire tabellar.



# Liste over tabellar og figurar

<i>Figur 2.1: Normerings sirkelen</i> .....	25
<i>Figur 6.1: Kor vanskeleg synest du det er å vite kva som er rett nynorsk</i> .....	83
<i>Figur 6.2: Kor ofte føler du at du må slå opp eit ord når du skriv nynorsk</i> .....	85
<i>Figur 6.3: Spreiinga i kunnskapskåren</i> .....	96
<i>Tabell 5.1: Fråfallsanalyse. Fordeling av populasjon, mulege og faktiske respondentar etter kjønn</i> ....	70
<i>Tabell 5.2: Fråfallsanalyse. Fordeling av mulege og faktiske respondentar etter skular</i> .....	71
<i>Tabell 5.3: Fordeling av målform på skulane som var med i undersøkinga</i> .....	71
<i>Tabell 6.1: Prosentvis del av elevane som meiner eit ord i nynorsk er lov</i> .....	74
<i>Tabell 6.2: Prosentvis oversyn over kva former elevane har skrive inn når dei måtte fylle inn manglande konsonantar, vokalar og konsonantsamansetjingar</i> .....	76
<i>Tabell 6.3: Prosentvis oversyn over kva bøyingsformer elevane bruker i verba spele, håpe og forklare</i> ... 78	
<i>Tabell 6.4: Dersom elevane fekk velje, kva skriftnormal ville dei hatt</i> .....	79
<i>Tabell 6.5: Kva for tekstvariant elevane kjenner seg umiddelbart mest igjen i</i> .....	81
<i>Tabell 6.6: Kva type hjelpemiddel elevane brukar når dei skriv nynorsk</i> .....	84
<i>Tabell 6.7: Kva elevane ser etter når dei slår opp i ordboka</i> .....	86
<i>Tabell 6.8: Brukar elevane rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når dei skal skrive nynorsk?</i> . 86	
<i>Tabell 6.9: Kor ofte elevane seier at dei les nynorske tekstar?</i> .....	87
<i>Tabell 6.10: Kor ofte elevane føler at dei møter nynorsk i utvalde media</i> .....	88
<i>Tabell 6.11: Haldningar til å låne bøker</i> .....	89
<i>Tabell 6.12: I kva grad elevane meiner dei har forma ei «personleg» norm i nynorsk</i> .....	90
<i>Tabell 6.13: At nynorskeleven kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk, kor viktig har det vore for at ho har halde på eller skifta til nynorsk?</i> .....	92
<i>Tabell 6.14: I kva grad føler elevane at dei har fått rettleiing og opplæring frå norsklærarane sine i å finne fram til dei formene i nynorsk som ligg nærast talemålet deira</i> .....	94
<i>Tabell 6.15: Læraren si haldning til nynorsk rettskriving</i> .....	95
<i>Tabell 6.16: Samanhengen mellom målform på barne- og ungdomsskulen og kunnskapskår</i> .....	97
<i>Tabell 6.17: Samanhengen mellom kunnskapskår og målform</i> .....	97
<i>Tabell 6.18: Samanhengen mellom kunnskap og haldning til nynorsk</i> .....	98
<i>Tabell 6.19: Samanhengen mellom bruk av hjelpemiddel og kunnskapskår</i> .....	99
<i>Tabell 6.20: Samanhengen mellom bruk av rettleiing og minigrammatikk og kunnskapskår</i> .....	99

<i>Tabell 6.21: Samanhengen mellom utdanningsnivå til mor og kunnskapskår. ....</i>	<i>100</i>
<i>Tabell 6.22: Samanhengen mellom kunnskapskår og kjønn.....</i>	<i>101</i>
<i>Tabell 6.23: Samanhengen mellom kor mykje elevane seier dei les og kunnskapskår.....</i>	<i>102</i>
<i>Tabell 6.24: Samanhengen mellom synet på skriftnormal og kunnskapskår .....</i>	<i>103</i>

# Føreord

Eg visste lite om kva eg gav meg ut på då eg bestemte meg for å gjennomføre ei spørjeundersøking om rettskrivinga i nynorsk. Og mang ein gong har eg vel tenkt at eg har teke meg vatn over hovudet. Når eg likevel har klart å få oppgåva i hamn, er det eit resultat av ein prosess der mange gode folk har vore involvert.

Denne oppgåva har hatt to rettleiarar. I byrjinga var professor Stephen J. Walton til stor hjelp. Seinare, i det store arbeidet med tekstproduksjon og dataanalyse, er det professor Helge Sandøy ved Universitetet i Bergen eg er stor takk skuldig. Sjeldan har eg opplevt ein meir engasjert, punktleg og ikkje minst kritisk (!) fagperson gå gjennom tekstane mine.

Til hjelp med det statistiske arbeidet og utarbeidinga av spørjeskjemaet, har førsteamanuensis Jan Fredrik Hovden vore til uvurderleg hjelp. Han har òg kommentert andre sider ved oppgåva. Bror min, Håvard, har også hjulpet meg titt og ofte med det statistiske arbeidet. Eg sender dessutan ein takk til fagrådet for normering og språkoobservasjon i Språkrådet, som vurderte spørjeskjemaet mitt. Ikkje minst takkar eg for stipendet eg fekk frå same institusjonen.

Eg har alltid fått førsteklasses hjelp ved høgskulebiblioteket i Volda, og undrar meg stadig over at det er lov å låne så mange bøker på éin gong. På arbeidsplassen min i Ivar Aasen-tunet har bibliotekleiar Kirsti Langstøyl gjort ein kjempeinnsats for å skaffe meg litteraturen eg trengde. Eg takkar også arbeidsgivar for fleksibilitet og forståing.

Eirik Helleve tok seg bryet med å lese korrektur på oppgåva, og har spart lesarar for mange pinleg dårlege formuleringar.

Familien blir viktig når ein har born i huset. Difor går ein stor takk til foreldre og svigerforeldre, som har stilt opp med barnepass når arbeidsmengda har vore stor.

Først og fremst vil eg likevel takke kona mi, Anita Kristin, for måten ho har støtta meg gjennom heile arbeidsprosessen. Når eg har sett mørkt på det, har ho vore der. Dei to jentene våre, Sunniva og Amalie, kom til verda før og under arbeidet med denne oppgåva, og jammen kjem det ikkje eit vedunder til om nokre dagar. Då blir rettskrivingsdetaljar uvesentlege.

Heilt til sist er det på sin plass å takke lærarane ved dei fire vidaregåande skulane som hjulpet meg med gjennomføringa av undersøkinga, og ikkje minst elevane som svarta på spørjeskjemaet mitt. Utan velvilja frå desse hadde det ikkje blitt noka gransking.

Om noko skulle vere feil i det som kjem fram i oppgåva, er det sjølv sagt eg sjølv som står ansvarleg for det.

Volda, 24. mai 2010

# 1. Innleiing

«Eg synest alt for mykje er lov i nynorsk, det skaper vanskelige skiller.» Dette var den første elevkommentaren eg fekk i det siste og opne kommentarfeltet i det elektroniske spørjeskjemaet eg sende ut til nær 600 avgangselevar ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal våren 2008. Kommentaren kan tene som inngang til denne oppgåva, fordi utsegna kastar lys over problematikken eg tek opp her. Trass i at nynorsk i somme krinsar blir oppfatta som eit forbodsspråk, meiner altså denne eleven at altfor mykje er lov å skrive innanfor skriftnormalen nynorsk. Kva er grunnen til at eleven er komen til eit slikt standpunkt? Og, kanskje endå viktigare, kva er det ho siktar til som er vanskeleg?

I denne oppgåva har eg prøvt å måle både kunnskap om nynorsk rettskriving, haldningar (meningsytringar) til nynorsk, og dessutan litt om åtferd knytt til bruk av ordliste og minigrammatikk, og i kva grad elevar les nynorsk. Eg har òg ønskt å kartlegge ulike sosiokulturelle faktorar som utdanningsnivået til foreldra, kva politiske parti ein sympatiserer med, og karakterar i norskfaget. Forskingsmålet har vore å kunne seie meir om kva kunnskap elevane har om enkelte rettskrivingsdetaljar i det ein ofte kallar *valfridomen* i nynorsk, og kva haldningar dei har til ein slik liberalitet i rettskrivinga, eventuelt haldningar til ei trongare rettskriving.<sup>1</sup> Gjennom å sjå på samanhengen mellom t.d. utdanningsnivået til foreldra til elevane og ein akkumulert kunnskapsskår, vil ein kanskje få vite meir om kor vidt det «vide» rettskrivingssystemet i nynorsk er noko som favoriserer dei elevane som har gode karakterar i norsk, foreldre med høg utdanning, osb.

Bakgrunnen og motivasjonen for å skrive denne oppgåva er i stor grad tufta på egne opplevingar med å lære seg nynorsk skikkeleg, iallfall om ein skal definere *skikkeleg* ut frå det som er lov innanfor den offentlege rettskrivinga i nynorsk. Eg har vakse opp med parolen om at nynorsk er lik talemålet vårt. Tanken om at ein skal kunne skrive som ein snakkar, har lege langt framme i hovudet mitt, heilt til det byrja å klårne for meg at nynorsken har ein normal som er fastsett, han òg. Det er ikkje fritt fram for å skrive nett slik du lystar. Det finst konvensjonar og normer. Difor var det rett og slett irriterande å bli retta på av norsklæraren min på vidaregåande då eg hadde skrive ordet *ellers* og ikkje det korrekte *elles*. *Ellers* må då vel vere lov å skrive? tenkte eg. Det er jo ingen som seier

---

<sup>1</sup> Andre måtar å snakke om dei særskilde attributta ved det norske rettskrivingssystemet, kan vere å bruke nemningane *vid* eller *trong* norm. Teleman (1992:163) bruker termen «dubbelformern». Det siste viser kanskje til ei meir negativ haldning overfor fleire former i rettskrivinga, medan ordet *valfridom* mulegvis har i seg ein viss positivitet knytt til det å kunne velje.

elles? No er ikkje dette eit døme på eit ord i rettskrivinga der det er valfridom, men det seier noko om usikkerheita (og kanskje kunnskapsløysa?) elevar kan ha til rettskrivinga, både i nynorsk og i andre språk. Det er sjølvsagt ulike meiningar om kvifor denne usikkerheita oppstår når ein skriv nynorsk. Somme meiner det berre er mangelen på lesing og skrivetrening i nynorsk som gjer at feiltypar, dialektinterferens og bokmålsinterferens førekjem i elevtekstar. I tillegg veit ein at sosiale, kulturelle og samfunnsøkonomiske forhold fører til at nynorsk har dårlegare vilkår enn bokmål, og ein blir dermed mindre eksponert for denne målforma.

Andre meiner derimot at den noverande skriftnormalen i nynorsk gjer denne norske målforma ei bjørneteneste ved å ha ei vid og, etter deira meining, uoversiktleg rettskriving. I eit land der to såpass nærskylde målformer lever side om side, men òg stundom i målstrid med kvarandre, opplever kanskje somme det som eit paradoks at ein kan skrive nynorsk nokså nær opp til eit radikalt bokmål ved å ta i bruk klammeformer/sideformer i rettskrivinga.<sup>2</sup> Viss ein kan skrive *vanskelig*, *noe*, og *mye* i nynorsk i staden for *vanskeleg*, *noko* og *mykje*, kva skjer då med oppfatninga av nynorskteksten hos ein sidemåselev som har dårlege føresetnader i nørskfaget frå før? Blir ho forvirra? Er dette noko eleven tenkjer over i det heile? Eller treffer dette eleven midt i hjarta, og fører til den tilstanden som språkrøktar og nynorskmann Jan Olav Fretland (2009) lett polemiserande har introdusert som *nynorskens nirvana*.<sup>3</sup> Vonleg vil denne oppgåva gi nokre svar på dei spørsmåla eg slengjer ut i lufta her.

Eg må leggje til grunn litt fleire personlege røynsler før eg går vidare. Ved sida av oppgåveskriving og lesing av pensumbøker på høgskulenivå, har eg som lokalavisjournalist nytta nynorsken som eit fullblods bruksspråk. I journalistikken skal fakta, historier og stundom kompliserte sakstilhøve kome fram i ei enkel språkdrakt på kort tid. Då eg byrja i full stilling som journalist, kjende eg eit visst behov for å bestemme meg for kva type nynorsk eg skulle bruke. Skulle eg skrive *blir* eller *vert*, og skulle eg bruke dei etter kvart så omstridde *j-ane*? Sjølv om talemålet mitt tilseier at *bli*, *blir*, *blei*, *blitt* er dei rette orda å nytte for meg, valde eg *verte*, *vert*, *vart*, *vorte*, av omsyn til talemålet på staden avisa kjem ut. Eit mottakarorientert perspektiv, med andre ord. Eg valde òg å bruke *j-ar*, som t.d. i *leggje* og *byggje*, sjølv om den palatale lyden dei skal tilsvare, ikkje finst i munnen

---

<sup>2</sup> Det finst to typar valfridom i nynorsk rettskriving i dag. Ein har 1) jamstilte hovudformer, og 2) sideformer med skarpe klammer. Difor nemninga *klammeformer*. Hovudformene utgjer *læreboknormalen*, som Staten og lærebokskribentar er pålagde å bruke. Alle andre i samfunnet kan nytte seg av klammeformene, også elevar i skulen.

<sup>3</sup> Fretland skriv mellom anna i eit lesarinnlegg i *Norsk Tidend* nr. 2 2008: «Mange av oss har arbeidd for eit slags nynorskens nirvana, der kjenneteikna mellom anna er ein vid normal, der alle regionar kjenner att sitt mål, og der gleden over å skriva sitt eige mål er det dominerande i forholdet til nynorsk. Derfor vil ungane læra skriftspråket lett og tidleg. (...) I dag må eg seia: Var det berre så vel!»

min. Kanskje hadde eg ei kjensle av at desse orda var dei mest nynorske? Uansett følte eg det var greitt å ha eit avklara tilhøve til dette, og eg nytta dermed desse formene konsekvent.<sup>4</sup> På mange måtar følte eg at nynorsken min vart ryddigare ved å ta slike val; det blei lettare å tenkje på innhaldet i teksten. Samstundes kjende eg nok på at eg hadde fått eit noko meir instrumentelt forhold til skriftspråket mitt. Eg såg på det meir som eit verktøy i kvardagen.

Eit interessant perspektiv er likevel dette: Om eg ein dag skulle finne på å skrive ein skjønnlitterær tekst, t.d. ein roman eller ei novelle, ville eg nok nytta det som ofte blir kalla for *hjardeformene*. Eg ville dermed ha forkasta j-ane slik den vide rettskrivinga i nynorsk i stor grad gir høve til. Ein god del nynorskforfattarar gjer nett dette. Carl Frode Tiller er eitt døme på ein forfattar som nyttar seg av valfridomen i den nynorske rettskrivinga. Til Adressa.no seier han:

Jeg må innrømme at jeg er dårlig i grammatikk. Jeg har god bruk for korrekturlesere. Men jeg kommer fra Namsos, bruker dialekten min og skriver slik jeg tror nynorsk er. Peiser på med a-endinger. Du kan ikke sitte å slå opp hvert ord. Men det er selvfølgelig gunstig at man lærer seg språket, så klart. Men skal du skrive litteratur, er det best å ha det artig. Språket skal ikke stå i veien. Du får heller gå gjennom språket etterpå.  
(Adressa.no 20.8.2008)

Kva vil ei eventuell innstramming i norma ha å seie for slike kjernebrukarar av nynorsk? Vil ein ikkje då gjere ein god del språkbruk ulovleg? Når ein ønskjer å drøfte didaktiske perspektiv ved ein vid rettskrivingsnormal, er det sjølvsagt viktig å ta høgd for slike kvalitative tilnærmingar òg.

## 1.2 Ei aktuell oppgåve

I skrivande stund er dette er ei aktuell oppgåve. Grunnen er at Språkrådet 13. september 2007 endå ein gong vedtok å ta fatt på arbeidet med ei ny rettskriving i nynorsk som denne gongen skal gi «ei tydeleg, enkel og stram nynorsknorm utan sideformer».<sup>5</sup>

---

<sup>4</sup> Thore Roksvold har gjennomført ei undersøking om journalistar sine synsmåtar på fast språknorm eller valfridom i redaksjonen. Undersøkinga viser at ei felles språknorm i redaksjonen er «klart viktigere for journalistene enn for de andre respondentgruppene» (1999:206). Andre tendensar er at valfridom er viktigare for radio- og fjernsynsjournalistar, at dei yngre journalistane er mindre opptekne av ei fast språknorm, og at dei med høgast utdanning synest felles språknorm var mindre viktig. Respondentar med journalistutdanning meinte rett nok at ei felles språknorm i redaksjonen er viktig.

<sup>5</sup> Vedtaket kan lesast i heilskap i vedlegg 4. Eg har òg lagt ved det endelege og reviderte vedtaket frå desember 2009.

Grunnen til at eg skriv «endå ein gong», er at då det nye vedtaket kom, alt var ei historie på nær ti år for å gjere noko med skriftnormalen.<sup>6</sup> Det er ikkje råd å få med alle detaljar frå denne perioden, men dei breie linjene skal eg gjere greie for. I 1996 tok fagnemnda i Norsk språkråd (frå 2005 Språkrådet) opp til vurdering både bokmåls- og nynorskrettskrivinga, «særleg med tanke på å gjennomgå valfridomen» (*Nynorskrettskrivinga – Utreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk* 2002:18, frå no *Nynorskrettskrivinga*). På eit møte i 1997 vedtok nynorskseksjonen desse fem prinsippa for ein revisjon av rettskrivinga:

- 1 Nynorsknorma skal ha ein trong læreboknormal, men ei rettskriving med stor valfridom.
  - 2 Det skal ikkje vere valfridom innanfor læreboknormalen utanom på dei mest sentrale punkta der det både er skriftradisjon for valfridom og svært god talemålsdekning for to hovudformer.
  - 3 Hovudgrunnlaget for val av lærebokformer skal vere den nynorske skriftradisjonen. Ein skal leggje vekt på utbreiinga i målføra og den indre bygnaden i skriftmålet.
  - 4 Innanfor rettskrivinga kan ein opne for utbreidde talemålsformer. Eit minstekrav til nye former i rettskrivinga er at dei representerer det dominerande dialektsystemet i minst ein av dei fire landsdelane (dvs. Austlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg).
  - 5 Normeringsvedtak skal i størst mogleg grad gjelde klassar av ord eller former. Ved endringar i rettskrivinga skal ein unngå å skiple grunnleggjande systemdrag i skriftmålet.
- (*Nynorskrettskrivinga* 2002:18)

I 2000 vart dessutan dette prinsippet vedteke som punkt nummer seks: «Ein skal ikkje ta ut or rettskrivinga former som dominerer i dialektsystemet i minst éin av dei fire landsdelane». På årsmøtet i Språkrådet i 2000 vart det så gjort omfattande vedtak om endringar i nynorsknorma basert på desse seks prinsippa (frå no *2000-vedtaket*). Dette vedtaket heldt oppe normhierarkiet i nynorsk, og hovudkonsekvensen av forslaga ville ha vore ein trongare læreboknormal, men stadig fleire klammeformer. Dette fall rett nok ikkje i god jord hos Kulturdepartementet (KD), instansen som har makt til å gjere rettskrivingsvedtaka offisielle. KD, ved avdelingsdirektør Stein Sægrov og seniorrådgivar Ingvar Engen, skriv til dømes i brev til Norsk språkråd datert 5.12.2000 at «Departementet meiner at tida no er inne til å sjå nærmare på dei ulempene som følgjer av den todelte rettskrivinga også i nynorsk» (sitert i *Nynorskrettskrivinga* 2002:187).<sup>7</sup>

---

<sup>6</sup> Eg byggjer her framstillinga mi delvis på artikkelen «Aldri har så mange skrive så mykje for så lite ...? Om ti års arbeid med nynorsknormalen» av Jan Olav Fretland i Akselberg og Myking (2007).

<sup>7</sup> Som dome på verknadene av eit todelte rettskrivingssystem, nemnde departementet mellom anna at det kan vere uheldig at elevlar lærer former som dei likevel ikkje kan bruke seinare dersom dei blir tilsette i det offentlege. I dag

Departementet meinte det mest verka som at skiljet mellom hovudformer og sideformer/klammeformer blei teke som eit «udiskutabelt utgangspunkt», og legg vidare til at «departementet si vurdering er at endringa for bokmål aktualiserer eit tilsvarende grep i nynorsk» (*ibid.* 2002:187). Når dette er sagt, skin det implisitt gjennom at bokmålsseksjonen i Norsk språkråd i 2000 vedtok å oppheve skiljet mellom hovudformer og sideformer/klammeformer i rettskrivinga si. Kva så med nynorsken?

I 2001 oppnemnde styret i Norsk språkråd ei såkalla referansegruppe til å arbeide med nynorsknorma: Jan Terje Faarlund, Oddrun Grønvik, Eilov Runnestø, Kåre Skadberg, Olav Veka, Lars S. Vikør og Helge Sandøy. Samstundes blei det gitt midlar frå departementet til fem punktgranskingar som skulle sjå på korleis brukarane stiller seg til nynorsknorma, kor utbreidd valfridomen er i ulike tekstkorpus, og feiltypar i nynorsk.<sup>8</sup> Så, 13. mai 2002, etter eit ekstramøte i nynorskseksjonen, vedtok ein endeleg at skiljet mellom hovud og -sideformer skulle opphevast. Vedtaket hadde eit stort mindretal (10 mot 7), og Noregs Mållag hadde også vedteke på landsmøtet at ein ønskte å halde ved lag det todelte normsystemet. Referansegruppa sjølv gjekk samla inn for å oppheve skiljet, men medlemene var usamde om kor stor valfridomen i den nye norma skulle vere. Helge Sandøy og Lars S. Vikør, begge talemålsideologar, ønskte ei relativt vid norm, og hadde støtte i fleirtalet i nynorskseksjonen på dette.<sup>9</sup> 30. oktober 2002 la referansegruppa fram *Nynorskrettskrivinga*, og dei historiske linjene er tydelege: «Dermed kan denne revisjonen samanliknast med dei større normendringane i 1901, 1917, 1938 og 1959», skriv ein i innleiinga (2002:6). Men det skulle ikkje gå slik. Etter at framlegget var ute på høyring i november og desember same året, kom det nemleg inn heile 43 fråsegner. Nær halvparten av desse avviste vedtaka frå nynorskseksjonen og ville såleis ha dagens system med klammeformer. Nokre få stødde framlegget til ny norm, medan ein god del andre ønskte ei trongare norm. På årsmøtet i 2003 ombestemte dermed nynorskseksjonen seg og gjorde vedtak om at «den nynorske rettskrivinga framleis skal vere samansett av ei hovudnorm kalla hovudnormalen, og tillatne sideformer» (sitert i Fretland 2007:66). Seksjonen la 2000-vedtaket til grunn for ny nynorskrettskriving i ei tilråding som blei sendt til KD 16. juni 2003. 16. februar 2005 svara departementet at ein ikkje godkjenner

---

fungerer rettskrivingssystemet slik at læreboknormalen *skal* nyttast i offentleg teneste og i lærebøker, medan den vide rettskrivinga med sideformer kan brukast overalt elles.

<sup>8</sup> Det var Åse Wetås som gjorde dei fleste av desse granskingane. Aud Søyland leverte punktgranskinga om feiltypar i nynorsk.

<sup>9</sup> Men eit kompromissframlegg frå leiaren fekk så 16 av 18 røyster. Jan Terje Faarlund trekte seg frå det vidare normarbeidet, då han meinte vedtaket var i strid med prinsippa frå 1997. Faarlund er elles ein tydeleg representant for ein stram nynorsknorma.



nynorskvedtaka, fordi «nynorsknormeringa truleg ikkje har funne ei stabil form med det som no er vedteke» (sitert i Fretland 2007:67).

### 1.3 Normdebatten

Norsk språkråd vart formelt nedlagt 31. desember 2004, og i mai 2005 fekk det nye organet namnet Språkrådet. I april 2006 fekk Språkrådet nye vedtekter, og i juli månad kom det nye styret på plass, eit styre på sju medlemmer. Tre av medlemene i styret skal vere nynorskbrukarar, tre bokmålsbrukarar.<sup>10</sup> Dei tre nynorskbrukarane som sit i styret ut 2009, er Ottar Grepstad, Magni Øvrebotten (nestleiar i styret) og Jan Olav Fretland. Det var dette styret som gjorde vedtaket 13. september 2007 om å ta fatt på arbeidet endå ein gong med å gjere nynorsknorma ikkje berre fri for sideformer, men òg «tydeleg, enkel og stram».<sup>11</sup> Dette løyste ut eit skred av lesarinnlegg hausten 2007. I *Dag og Tid* 28.9.2007 kan ein lese under tittelen «Framtida for nynorsken avgjord av eit styre på sju», at språkkonsulent Aud Søyland og norsklektor Turid Kleiva er svært usamde i retninga Språkrådet stakar ut for nynorsken:

Me har registrert at direktøren i Språkrådet, Sylfest Lomheim, og byråkratar i departementet vil fjerna læreboknormalen – mellom anna med den grunngevinga at bokmålet har fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer. Den grunngevinga er for dårleg; det er eit teknokratisk argument som ikkje kan vera avgjerande for framtida til nynorsken. Det nynorske skriftmålet har nemleg ein heilt annan tradisjon å byggja på enn bokmålet. For mange nynorskbrukarar er det eit viktig argument for å bruka nynorsk at nynorsken er ein samnemnar for dei norske dialektane, mens det aldri har vore viktig for bokmålet. Skal nynorsken kunne vera ein slik samnemnar, må han også ha ein viss valfridom.

---

<sup>10</sup> I tillegg skal det vere ein representant frå sekretariatet i styret i Språkrådet. Denne representanten kan òg representere ei særskild målform, nynorsk eller bokmål. I 2007 var det ein nynorskrepresentant frå dei tilsette i styret, og det var såleis fire nynorskpersonar i styret.

<sup>11</sup> Etter at vedtaket blei lagt fram i september 2007, kom det brev frå KKD 13.11.2007 der dei ber Språkrådet om å vente med vidare arbeid i saka. Ein tek sikte på å drøfte spørsmål som har med nynorskrettskrivinga i den komande språkmeldinga. I svarbrev attende til departementet 19.12.2007 skriv Språkrådet at styret vil halde fram med å førebu revisjonen av nynorskrettskrivinga. Ein skriv mellom anna at «Bokmålet fekk avslutta og godkjent sin revisjon kort tid etter, i 2005, og då må det etter styret si meining vera ei prioritert oppgåve å ikkje lata nynorsken bli liggjande etter lenger enn nødvendig». Ein ønskte å oppnemne ei arbeidsgruppe som kunne ta fatt på arbeidet. Men i eit nytt brev 22.02.2008 understrekar departementet at det ikkje er føremålstenleg at ein allereie no oppnemner ei arbeidsgruppe som skal førebu revisjon av nynorskrettskrivinga før språkmeldinga er ferdig handsama i Stortinget. St.meld. nr 35 *Mål og meining* (2007-2008) blei lagt fram i juni 2008. I den blir normspørsmålet drøfta over fire sider. Ein går gjennom historia frå 1997 til i dag, drøftar fordelar og ulemper ved å stramme inn, men kjem i den avsluttande vurderinga til at «det likevel er så mykje som talar for ein ny gjennomgang at det ikkje vil vera rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret har vedteke». Ein understrekar likevel at nynorsken må utformast slik at han har appell over heile landet, og at «ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar» (2007-2008:206).

I eit innlegg i same avisa 12.10.2007 poengterer dessutan Søyland og Kleiva at usemja ved førre runden var stor, og dei ser difor ikkje nokon grunn til at saka skal takast opp att berre fire år seinare.

Professor Helge Sandøy, som har vore og er ein representant for talemåls-ideologien i nynorskrørsla, seier i eit innlegg i *Dag og Tid* 12.10.2008 at «Språksosiologiske granskingar har vist at desse brukarane [nynorskbrukarane] har jamt over eit anna forhold til skriftmålet enn det bokmålsbrukarar har». Professor i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda, Stephen J. Walton, seier i ein kronikk i *Klassekampen* 22.9.2007 at «Det må vere ein tankekross at mens vi surfar på den sterkaste bølga av talemålsnær skriving som verda nokon gong har sett, då set Språkrådet i gang og skal ha redusert registeret med talemålsformer i den norske målforma som nettopp har som siktemål å vere talemålsnær». Ein av nynorskrepresentantane i styret i Språkrådet, Ottar Grepstad, hadde fleire innlegg om vedtaket i *Bergens Tidende* og *Dag og Tid* den hausten. Han synest på si side det er ein tankekross at «diskusjonen om kva som er lov, oftast råkar dei som er språkleg usikre, dei som ikkje har språk som leveveg, dei som skriv litt no og då» (*Dag og Tid* 5.10.2007). Medlem i fagrådet for normering og språkobservasjon i Språkrådet, Oddrun Grønvik, seier i same utgåva at «Vi eig ikkje det nynorske skriftmålet. Vi er ikkje i fleirtal mellom brukarane. Det store fleirtalet av nynorskbrukarar har nynorsk som andrespråk, og dei har få år og få skuletimar å meistra nynorsken på».

### 1.3 Utdjuping av problemstillinga

Som så mange gonger før ser vi ovanfor noko av kjernen i diskusjonen om ein bør ha ei *heterogen* eller *homogen* norm i nynorsk. Frå den eine sida, den såkalla talemåls- og dialektlinja eller *folkemålslinja*, blir det argumentert med at det er ein viktig del av den nynorske identiteten å kunne forme si eiga personlege skriftnorm gjennom å bruke hjarteformene sine; ei norm ein kan leggje tett opptil dialekten sin. Denne linja blir problematisert av andre, mest av di ein meiner ei heterogen norm skaper større didaktiske utfordringar i nynorskopplæringa i skulen enn ei stram norm, særskild for elevar som har nynorsk som sidemål. Eg vil kome attende til desse grupperingane og nyansere dei ytterlegare i kapittel 3.

Det er altså spørsmålet om valfridom i den nynorske rettskrivinga eg har undersøkt i denne oppgåva. Eg har arbeidd ut frå denne overordna problemstillinga:

*Kva kjennskap har avgangselevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal til enkelte sideformer i rettskrivinga i nynorsk, og kva haldningar har dei til ei rettskriving der ein kan velje mellom ulike former?*

Med denne todelte problemstillinga håpar eg å få betre grunnlag for å drøfte spørsmålet om kor vidt det er didaktisk føremålstenleg for elevar å ha ei vid eller stram norm i nynorsk.<sup>12</sup> Dette kan nok verke som ein temmeleg teknokratisk innfallsvinkel til spørsmålet om valfridom; det kan oppfattast som eg er ute etter å finne ut kva som er mest *effektivt* i opplæringa. Dei som tolkar det slik, må gjerne gjere dét. No er det likevel eingong slik at det er nedfelt kompetansemål i læreplanar for grunnskulen og den vidaregåande skulen. I lys av desse er det interessant å få meir kunnskap om kor godt elevane kjenner rettskrivinga i nynorsk, og på det grunnlaget stille spørsmål ved om den didaktiske tanken kring valfrie former fungerer i praksis.

I dei nye læreplanane i det såkalla *Kunnskapsløftet* (Utdanningsdirektoratet 2005) er det nedfelt at elevane skal ha ei rekkje grunnleggjande ferdigheiter i norskfaget, med respektive kompetansemål etter kvart klassesteg. Dei grunnleggjande ferdigheitene er: 1) Å kunne uttrykkje seg munnleg, 2) å kunne uttrykkje seg skriftleg, 3) å kunne lese, 4) å kunne rekne, og 5) å kunne bruke digitale verktøy (2005:39-40). I denne oppgåva ønskjer eg primært å undersøkje kva valfridomen i rettskrivinga har å seie for *skrivetamen* til elevane; om det fungerer frigjerande eller forvirrande på elevane si skriftlege framstilling å ha eit formverk som har meir enn éi rett form. Det *korrekte* blir dermed eit sentralt omgrep. Kva effekt valfridomen har på lesinga, har eg ikkje ønskt å undersøkje i like stor grad. Samtidig er eg klar over at skrivetame heng uløyselig saman med lesing.

Somme sidemålselevar framhevar den utolelege meiningsløysa ved å lære nynorsk i dag, fordi ein ikkje ser nytteverdien av å lære ei målform som er såpass lik det dominerande og hegemoniske bokmålet. All den tid vi likevel har ei mållov her i landet som ei rekkje statlege institusjonar må svare for, kan ein likevel aldri heilt føresjå når ein kan hamne i ein arbeidssituasjon der ein må skrive nynorsk. Mållova og *sidemålsomsynet* er såleis noko av det som må liggje grunn for mykje av valfridomsproblematikken som eg tek opp i denne oppgåva.

Målbyteproblematikken er òg svært sentral. Dersom valfridomen i rettskrivinga fører til at elevane blir forvirra, og dermed usikre på nynorsken sin, kan det tenkjast at dei i situasjonar der det blir kravd korrekt språkføring, vel å bruke bokmål i staden. Rett og

---

<sup>12</sup> Mange vil sikkert meine mykje om kva ei *vid* og kva ei *stram* norm i nynorsk faktisk er. Det er likevel ei kjensgjerning at det nynorske rettskrivinga i dag har ei relativt vid rettskriving i høve andre europeiske standardspråk, som t.d. svensk, dansk, tysk og engelsk. Det bør elles understrekast at bokmål òg har mykje valfridom i rettskrivinga.

slett fordi dei kjenner meir meistring ved å gjere det. Somme vil nok seie at dette har med heilt andre tilhøve å gjere enn valfridomen, men la oss iallfall vedgå at dette kan vere éi muleg side ved at slike språkskifte finn stad. Dermed kan ein seie at oppgåva til ei viss grad har ein politisk undertone: Brukar ein bokmål fordi dette er eit ureflektert val, noko ein gjer fordi det er det mest lettvinde, og fordi hegemoniske strukturar i samfunnet «tvingar» oss til det? Eller er det eit medvite val, mellom anna fordi ein synest bokmål er «lettare»?

Det er med dette som bakteppe eg har gjennomført ei kvantitativ spørjeundersøking i fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal, som eg vil presentere resultatane frå i denne oppgåva. Ambisjonen er såpass høg at eg ønskjer å generalisere resultatane til ein større populasjon. Kanskje vil dette gi oss nokre nye innsikter om kva veg som er rett å gå når ein skal revidere rettskrivinga i nynorsk.

Det kvantitative forskingsopplegget som ligg til grunn i denne oppgåva føreset at eg går ut frå ei rekkje hypotesar som eg søker å stadfeste eller avkrefte. Dei meir eksplisitt formulerte hypotesane vil kome fram i kapittel 6.

Eg vil for ordens skuld gjere merksam på at denne oppgåva ikkje har som siktemål å ta for seg problemstillingar knytt til ordtilfanget i nynorsk. Det kan likevel hende at temaet kjem opp, ganske enkelt av di ein kan forsvare at spørsmålet om ordtilfang også dreiar seg om valfridom, strengt teke.

## 1.4 Tidlegare forskning

Det er blitt gjennomført ei rekkje studiar og hovudfagsoppgåver som tek for seg temaet valfridom i nynorsk rettskriving. Det finst dessutan fleire artiklar som tek for seg homogenitet versus heterogenitet i skriftspråk på eit meir teoretisk plan. *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (Omdal 1999) er ei samling slike artiklar, skrivne av forskarar frå Norden og Tyskland. Denne har eg brukt aktivt i arbeidet med oppgåva mi.

Trude Hoel (1995) har gjort ei vurdering og samanlikning av vide og tronge rettskrivingssystem i dei skandinaviske språka, og ser på kor godt språkbrukarane i dei ulike landa meistrar rettskrivinga. «Blir man en dårligere eller en bedre skribent dersom man blir opplært i, og bruker en skriftnormal som er preget av stor grad av valgfrihet?», spør ho. Konklusjonen er klar: Det har lite å seie for graden av feiltypar i svensk, dansk og norsk om skriftnormalen er vid eller trong. Det blir gjort feil uansett. Hoel legg rett

nok til at ei vid norm kan vere ein fordel «dersom valgfriheten er med på å bygge ut lydskrift-korrespondansen» (1995:98).

Celia M. Berg (1999) gjennomførte i hovudfaget sitt ei gransking av kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i den vidaregåande skulen. Oppgåva liknar på denne, men er annleis fordi ho tek for seg bokmålsrettskrivinga òg. Berg seier i avslutninga av oppgåva at mykje tyder på at elevane har fått lite informasjon og kjennskap til valfridomen i rettskrivinga gjennom skuleverket. Informantane hadde dessutan liten kunnskap om valfridomen (1999:106). Eit anna viktig poeng i oppgåva hennar, og som kjem fram hos andre forskarar òg, er at nynorskinformantane ser ut til å vere meir positivt innstilte til valfridom i rettskrivinga enn bokmålsinformantane.

Gunnstein Akselberg (1999), professor ved Universitetet i Bergen, gjennomførte hausten 1998 ei spørjeundersøking blant lærarar på ein bokmålsskule. Han fekk 13 svar. Akselberg meiner svara han fekk, langt på veg viser at både lærarar som underviser i nynorsk sidemål og elevar som har nynorsk som sidemål, ønskjer ei mindre heterogen norm.

Roy Johansen (1999) tek i hovudoppgåva si for seg bokmålelevar, og kor vidt desse nyttar seg av talemålsnære former. Johansen har gått gjennom 82 elevtekstar frå eit område der talemålet skulle tilseie at ein brukte meir radikale former i bokmålet, som t.d. *åffer*, *sjolv*, og *meiner*. Undersøkinga viser at elevane i liten grad brukar dei talemålsnære formene som rettskrivinga gir høve til. «Skolen (lærarane) har ikkje lagt vekt på argumenta, og korkje argumentasjonen eller kunnskapane om valfridomen til å skrive talemålsnært», skriv han (1999:135). Overføringsgraden til nynorsk kan diskuteras, men sidan eg tek for meg elevar som har bokmål som hovudmål òg, er det nyttig å ha med seg kva som er typiske haldningar overfor skriftspråk hos dei.

Professor Helge Omdal (1999) ved Universitetet i Agder har gjennomført både student- og lærarundersøkingar. Han er rimeleg klar på at det han kallar *språknormsikkerheten* vaklar, både hos studentar og lærarar. «Mye tyder på at norsk språknormering og det norske systemet med hovudformer og stor grad av valgfrihet ikke fungerer etter sin hensikt», skriv han i artikkelen «Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk» (1999:193 ff.).

Bente Selback (2001) ser i hovudfagsoppgåva si på skriftspråkhaldningar, og primært kva haldningar brukarane har til ordtilfanget og valfridomen i nynorsk.

Undersøkinga hennar blei gjennomført i tre ulike kommunar; ein typisk nynorsk-kommune, ein kommune der nynorsken er ferd med å bli marginalisert (den nynorske randsona), og ein typisk bokmålskommune. Ho fekk 159 svar. Dei generelle funna hennar viser at «fleirtalet av informantane var negative til nynorsk, valfridom og eit ope ordtilfang» (2001:145). Heilt eintydig er det likevel ikkje. Mellom anna er informantane frå randsona noko meir positive til ein talemålsnær nynorsk, og Selback meiner dette kan ha samband med at ein treng andre grunnar for å velje denne målforma i eit område der nynorsken er eit minoritetsspråk: « (...) i dette området vert ikkje nynorsk automatisk rekna som eit merke på den regionale kulturen. Skal ein bruka målforma til å visa kven ein er, eller kvar ein kjem frå, må det speglast i måten ein brukar skriftnormalen på.» (2001:147). Når det gjeld informantane som bur i ein nynorskkommune, peikar Selback på at nynorsken fyller om lag same funksjonen som bokmålet – eit nøytralt skriftspråk – fordi skriftspråket har hegemoniet på staden og har ein innarbeidd skrifttradisjon der: «Dei fleste vil akseptera dei orda og formene som er ein del av denne tradisjonen, og sjølv om dei ikkje alltid skulle samsvara med talemålet på staden, treng ikkje det å vera noko stort problem», skriv ho (2001:146). Selback poengterer likevel at nynorsk-brukarane ser ut til å ha ei sterkare identitetsskjensle til språket sitt enn bokmålsbrukarane, noko som kan ha samband med at nynorsk ikkje blir sett på som eit nøytralt skriftspråk i *heile* det norske språksamfunnet (*ibid.*).

Som eg tidlegare var inne på, løyvde Kunnskapsdepartementet i 2001 midlar til å gjennomføre fem punktgranskingar om normsituasjonen i nynorsk. Åse Wetås (2002), som mellom anna såg på haldningar til normsituasjonen i nynorsk, kjem til at «det ikkje er mogleg å trekkja fram ein einskildfaktor som kan forklåra haldningane ulike brukargrupper har til norma, men at biletet er svært samansett» (2002:11).

Det er ikkje vanskeleg å vere usamd i at normspørsmålet i nynorsk er samansett og vanskeleg å svare eintydig på. Nokre tendensar viser seg likevel. Mykje tyder på at valfridomen i rettskrivinga ikkje er så reell som ein kanskje skulle tru. Ein kan difor spørje seg: Er valfridomen noko som eksisterer berre på papiret? Eg håpar denne granskinga vil gi oss fleire innsikter i dette spørsmålet.

Det som skil denne oppgåva frå tidlegare granskingar, er at eg i større grad har lagt vekt på å måle faktisk kunnskap om valfrie former. Inntrykket mitt er at elevane som har svara på spørjeskjemaet mitt, har ei viss forståing av det finst fleire former som er «lovlege» i nynorsk, men at det står så som så til med den faktiske kunnskapen om valfridom i rettskrivinga. Då blir perspektivet på opplæringa av skriftspråket i neste

omgang didaktisk og ikkje så reint lite språkpolitisk. Norsk lærarar bør definitivt ha oversikt over kva som er korrekt nynorsk og kva som ikkje er korrekt, og rettleie eleven gjennom valfridomen. Men er det eit krav, eller eit mål, at eleven skal ha full oversikt over alle tilgjengelege former i nynorskrettskrivinga? Her vil nok representantane for dei ulike syna på saka svare ulikt.

## 1.5 Den vidare gangen i oppgåva

I den vidare framstillinga vil eg først ta for meg ulike teoretiske omgrep som språkplanlegging og normer. I kapittel 3 vil eg gå inn på den historiske bakgrunnen for kvifor vi har fått eit rettskrivingsystem med valfridom i Noreg. I kapittel 4 ser eg på metode og metodeval i denne oppgåva. I kapittel 5 gir eg ein nøktern presentasjon av spørjeskjemaet, utarbeidinga av det, problemstillingar som kom opp i arbeidet med skjemaet, og dessutan ein presentasjon og ei grunngiving for valet av respondentar. I kapittel 6 presenterer eg dataa eg har fått inn. Eg kjem til å kommentere tabellane undervegs, men den gjennomgåande drøftinga av resultata kjem først i kapittel 7. I kapittel 8 vil eg summere opp funna eg har gjort på ein stuttare måte.

## 2. Teoretisk tilnærming

Omgrepet *norm* står sentralt i denne oppgåva. Det same gjer det ein kallar *språkplanlegging*, og fleire andre omgrep. I dette kapitlet vil eg gå nærmare inn på desse omgrepa og prøve å gi ei, om ikkje uttømande, så iallfall ei relevant utgreiing i lys av problemstillinga. Eg nyttar meg i stor grad av terminologien i sosiolingvistikken og faget språkplanlegging. Norskdidaktikken og språk- og kommunikasjonsfaget vil òg vere ankerfeste. Eg vil dessutan trekkje inn ulike teoriar knytt til maktaspektet i språk, nokre tankar knytt til samanhengen mellom lesing og skriving, og teoriar om språk som identitetshandlingar. Eg vil òg gi ein stutt definisjon på kva ei haldning er, sidan det er nett det eg mellom anna har prøvt å kartleggje.

### 2.1 Kva er eit språk?

Før eg går inn på omgrepet språkplanlegging, er det nødvendig med ei avklaring og ein definisjon på kva eit språk er, sidan dette er sjølv objektet for språkplanlegginga og normeringa. Ein kan bruke fleire sider på dette, men eg vel å avgrense språkomgrepet til menneskeleg tale og/eller skrift, gjerne omtala som *verbalspråket* (Vikør 2007:49).<sup>13</sup> Med denne definisjonen kan ein seie at språket er bygt opp av eit «avgrensa tal einingar som ikkje har sjølvstendige tydingar eller funksjonar» (*ibid.*). Vikør snakkar her om språklydane, fonema, som ikkje er meningsberande i seg sjølv, men som kan setjast saman til større einingar – morfem, ord, setningar, tekstar – som kan uttrykkje prinsipielt uendelege meningar. I samanheng med språkplanlegging er det rett nok alltid det einskilde, individuelle språket vi er interesserte i; det er språket i bestemt form vi ønskjer å ta for oss. Å gå inn på ein slik terminologi er ikkje uproblematisk når ein snakkar om talemål, sidan ein slik språkbruk kan tale for ei forståing av språk som noko autonomt og klart åtskilt. I røynda går talespråka i eit geografisk område over i kvarandre i dialektkontinuum, og ein har ulike dialektar og variasjonar i ordbruk som nesten ikkje kjenner grenser. Språket i bestemt form er difor mest dekkjande når ein snakkar om eit *standardisert skriftspråk*, i den kodifiserte forma ein finn i ordbøkene. Like fullt har vi klare oppfatningar av kva som er norsk talemål, og kva som er svensk talemål.

---


<sup>13</sup> Dersom ein opererer med ein vid definisjon av kva språk er, kan ein seie at *alt* både dyr og menneske gjer heile tida er språk. Ein snakkar då om *korppspråket*. Ein kan også definere ulike symbol og teikn som språk, til dømes trafikkskilt, men i denne oppgåva er ikkje dette aktuelt.



Det er vanskeleg å trekkje linjene mellom kva ein skal rekne som eit språk, og kva ein skal rekne som variasjonar innanfor same språket. Er til dømes nynorsk og bokmål to ulike skriftspråk? Somme innanfor organisasjonar som Norsk Målungdom vil nok seie det, av ideologiske årsaker, medan andre vil leggje vekt på at nynorsk og bokmål er to *varietetar* under den overordna termen norsk. Om ein brukar omgrepa til Heinz Kloss, *avstandsspråk* og *utbyggingspråk*, er det likevel liten tvil om at nynorsk og bokmål i dag må sjåast på som utbyggingspråk, fordi dei er så like reint lingvistisk.

## 2.2 Språkstyring, språkpolitikk og språkplanlegging

Sjølv om eg nemnde ordet norm først i byrjinga av kapitlet, er det mest tenleg å ta fatt på det overordna omgrepet *språkstyring*. Vikør legg dette til grunn i den terminologiske drøftinga han har i standardverket *Språknormer i Norge* (Omdal og Vikør 2002). Vikør deler omgrepet vidare inn i språkpolitikk og språkplanlegging, og set opp eit slikt skjema:



(Etter Omdal og Vikør 2002:16)

Språkpolitikk står ikkje så sentralt i denne oppgåva. Som namnet tilseier, dreiar dette omgrepet seg om «politiske tiltak for å påverke språktilhøva ute i samfunnet» (2002:17). Dette gjeld til dømes lovgivinga frå 1885 om at nynorsk og bokmål er offisielt likestilte målformer i Noreg, som gir ein ringverknad på svært mange andre felt i det norske samfunnet. Det siste viktigaste språkpolitiske vedtaket i Noreg, var det statsråd Valgerd Svarstad Haugland fekk gjennom i 2002; fjerninga av tilnæringsparagrafen. Dette vedtaket er likevel ein viktig bakgrunn for tematikken i denne oppgåva, fordi sideformene i nynorsk og bokmål opphavleg blei innførte for at dei to målformene skulle samlast til eitt norsk skriftspråk. Dette kjem eg attende til seinare i kapitlet om den historiske bakgrunnen for valfridomen i nynorsk. I alle høve er det tydeleg at det ikkje er vassette skott mellom språkpolitikk og språkplanlegging. I Noreg blir jo forslaga til ny rettskriving endeleg vedtekne av Kulturdepartementet (KD), og somme vil kanskje seie at språkstyring i seg sjølv er ei politisk handling.

Ifølge Lars S. Vikør, som sannsynlegvis har arbeidd mest med omgrepet her til lands, voks språkplanlegging fram som ein sjølvstendig fagdisiplin på 1970-talet, og då først og fremst i USA (2007:46). I byrjinga blei språkplanleggingsteorien utvikla som ein del av sosiolingvistikken, medan det etter kvart kom stadig fleire sjølvstendige verk om emnet utover på 1970-talet. Frå å vere oppteken av språkproblem i den tredje verda, land som ikkje har skriftspråk og skriftspråk som treng modernisering, har fagdisiplinen gradvis vendt meir heim, dvs. mot Vesten og USA (2007:45). Vikør konkluderer med at språkplanleggingsfaget i dag er ein «sjølvstendig vitskap», men «enno utan noen skikkeleg utvikla teori» (2007:48). I det engelske fagspråket ser ein på språkplanlegging som ei forgreining av *applied linguistics*.

Norskamerikanaren Einar Haugen var den første som brukte omgrepet språkplanlegging offentleg (Vikør 2007:94), og definerte termen slik: «By language planning I understand the activity of preparing a normative orthography, grammar, and dictionary for the guidance of writers and speakers in a non-homogenous speech community.» (Haugen 1972:133). Sidan har definisjonen blitt utvida av både Haugen og andre (t.d. Rubin og Jernudd 1971, Fishman 1974, sitert i Vikør 2007). Johnson definerer omgrepet som «the branch of macro(socio)linguistics which is concerned with the selection and implementation of standard languages». Ein understrekar at viktige omgrep er *speech community*, *accent*, *dialekt*, *bilingualism* og *diglossia* (1998:185). Eit viktig skilje, som er i tråd med modellen til Vikør ovanfor, er det Heinz Kloss innførte i 1969. Han såg på språkplanlegging som to greiner: *Language corpus planning* og *language status planning* (sitert i Vikør 2007:95). Korpusplanlegginga er det Vikør tenkjer på som språkplanlegging, og tek for seg sjølve strukturen i språket: Regelverket, bøyningane, ordtilfanget, ortografi, osb. Statusplanlegging er då, som vi skjønar, den politiske biten av planlegginga, jf. det eg alt har sagt om jamstillingsvedtaket mellom nynorsk og bokmål.

### 2.3 Språknormer – både fastsette og tause

Kva er ei norm, og kvifor er omgrepet relevant i denne oppgåva? Termen har jo eit mykje vidare bruksområde enn lingvistikken åleine og er svært mykje brukt i andre humanistiske og samfunnsvitskaplege fag (Mæhlum 2003:86). Etymologisk kjem ordet frå det latinske ordet *norma*, og tydinga er kort og godt *vinkele (jarn)*, *regel*, *standard*, *rettesnor*, eller *monster* (*Nynorskordboka*). Adjektivet *normal* er avleidd av substantivet, og forsterkar den semantiske forståinga i retning av noko som er ordinært eller alminneleg (*ibid.*). I dei samfunnsvitskaplege faga nyttar ein ordet norm først og fremst i tydinga ei sosial norm,

og omgrepet dreiar seg då om eit sett av forventningar ein har til ei bestemt type åtferd i ein bestemt sosial situasjon. Ein kan seie at det er eit åtferdsmønster som ligg til grunn i ein sosial fellesskap. Sosiale normer er kort sagt «the standards by reference to which behavior is judged and approved or disapproved» (Sills 1968:204). Normene er altså ein standard for åtferd som blir godteken eller sanksjonert, alt etter kva sosial situasjon ein er i. Kva normer ein har i seg, har å gjere med sosialiseringa vi blir utsette for frå vi er små. Mæhlum (2003:88) snakkar om *sosialiseringssagentar*, og reknar med tre grupper: Familie, vener, og barnehage/skule. Det er dessutan vanleg å rekne med massemedium som ein påverkingsagent.

Ei *språknorm*, om vi berre knyter ho til skriftspråket og den eksplisitte skriftlege normeringa, er då ganske enkelt den fastsette, standardiserte og kodifiserte rettskrivinga i eit gitt språk.<sup>14</sup> Denne standarden kan vere vedteken av ein offentleg instans, men treng ikkje nødvendigvis vere det.<sup>15</sup> Dette omgrepet knytt til skriftspråket åleine er for så vidt ukomplisert. Det er når vi tek for oss normene i hovuda på folk og samspelet desse hovuda har seg imellom, at det tek til å bli komplisert. Brunstad framhevar dei *tause normene*, som han presiserer det er flest av, og definerer ei språknorm slik: «Språknormer er altså formulerte eller ikkje-formulerte postulat som verkar retningsgivande på språkbruk.» (2000:48).<sup>16</sup> Brunstad legg elles vekt på at normer er *abstrakte fenomen*, og at det såleis er eit skilje mellom språknormer og språkbruk. Regelmessig åtferd kan tyde på at normer er *internaliserte*, men det vil ikkje seie at det er eit éin-til-éin-forhold mellom dei og språkbruken (*ibid.*).

Normene blir skapte i sosialiseringsrommet, og lik menneskenaturen sjølv er normene «prinsipielt alltid under revisjon» (Sandøy 2003:173). Normene er såleis ikkje nokon fast og gitt storleik, men forventningar som vi sjølve skaper i hovuda våre. Sandøy definerer omgrepet som «ei tru hos individet om kva som er forventa åtferd i kollektivet.» (*ibid.*). Dette fører som regel i sin tur til konformitet og homogenitet i sosiale grupper, ei slags semje om at det er slik ein gjer det. Denne konsensusen blir av mange lagt til grunn som svært viktig for at rettskrivinga i eit standardspråk skal vere livskraftig. Dei som brukar språket har inngått ein kontrakt om at det og det ordet er det rette å bruke i skrift eller tale. Denne kontrakten om kva som er korrekt språk kan sjølvsagt

---

<sup>14</sup> Vikør (2007) skil mellom *grammatiske normer* og *bruksnormer*. Det førstnemnde handlar om kva som er grammatisk korrekt eller gale i eit språkssystem, medan det andre handlar om i kva kontekst det er høveleg å bruke ein bestemt språkvariant eller språkvarietet. Brunstad talar om *dei eksplisitt formulerte normene* og *dei tause normene* (2000:116-117).

<sup>15</sup> I engelskspråkelege land er det til dømes tradisjon for at språkregulering er eit privat initiativ. I USA var det Noah Webster som sette standarden med verket *An American Dictionary of The English Language* (1828).

<sup>16</sup> Brunstad drøftar normomgrepet først og fremst i tilknytning til talemålsgransking.

kome frå fleire stader, og premissane for språkbruken er det ikkje nødvendigvis ein sjølv som set. Både tydelege og meir subtile maktrelasjonar spelar inn, noko eg kjem meir innpå seinare.

Det kan vidare vere nyttig å skilje mellom tale- og skriftspråk, mest fordi det i Noreg og overalt elles er ein skilnad i kva forventningar folk flest har andsynes variasjon og homogenitet i tale og skrift. Samtidig som Noreg er internasjonalt kjent, iallfall i lingvistiske miljø, for å ha relativt stor aksept for bruk av dialekt i det offentlege rom, synest det å verke som praktiseringa og forståinga for variasjon forsvinn når ein skriv og les. Dette gjeld variasjonen i at vi har to målformer i norsk, og at nynorsk blir den markerte språkvarieteteten som er full av kommunikasjonsstøy. Men problematiseringa gjeld òg, kanskje i endå sterkare grad, variasjon innanfor den einskilde målforma. Denne opplagde skilnaden mellom tale og skrift finst fordi det i samfunnet er ein *korrektheitskultur* knytt til det standardiserte skriftspråket (Sandøy 2003:171). Oppfatninga av at eitt ord er korrekt og eit anna gale, kan stå sterkt hos veldig mange. T.d. er det mange som har sterke meiningar om fornorsking av ulike importord; at ein kan skrive *sørvis* i staden for *service*, og *gaid* i staden for *guide*.<sup>17</sup> Likevel er det ingen i dag som stussar over at vi skriv *sjåfør* i norsk, medan det for mange år sidan heitte *chauffeur*. Likeins kan det nok stri mot språkkjensla til nynorskbrukarar med orientering i tradisjonalistisk lei å sjå ord som *mye* og *noe* i ein nynorsktekst, sjølv om orda har støtte i rettskrivinga og jamvel er utbreidde i norsk talemål.

Desse eksempla eg har vore innom no, er alle normer som har potensiale til å eksistere i oss. Det at ordet *mye* er tillate å skrive i nynorsk er, som Brunstad (2000) skriv, eit formulert postulat som skal verke retningsgivande på språkbruk. Men, for å bruke Sandøy sine omgrep, er det mykje som talar for at det er ei tru hos folk om at slike ord ikkje går an å skrive i nynorsk, fordi dei er relativt lite brukte og samanfallande med bokmål.

Eit naturleg framhald av momenta eg nett har vore innom, er å skilje mellom *internaliserte* og *fastsette* språknormer. Internaliserte normer er dei normene vi lærer oss frå vi er små, heller umedvite, og som meir eller mindre er innebygde i oss. Det betyr ikkje at dei er uforanderlege etter at vi er blitt vaksne – det er til dømes flust med døme på at folk endrar på dialekten sin når dei flyttar til ein annan stad enn der dei har vakse opp – men som Vikør peikar på, det er vanskeleg å fortrenge desse normene fullstendig, for «dei

---

<sup>17</sup> Jamfør «beiken-feiden» i 2004. Oversyn over dei språkpolitiske debattane knytt til fornorsking er tilgjengeleg frå <[http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Importord/Beiken-feiden\\_2004/](http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Importord/Beiken-feiden_2004/)> (Lesedato 1.5.2010) og i Sandøy (2000:179).

opphavlege normene våre kan ikkje slettas heilt ut», skriv han (2007:73). Brunstad legg vekt på at det er ei forenkling å knyte internalisering av normer til barndomen: «Internalisering viser fyrst og fremst til ein prosess, og denne kan gjelde både for offisielle og uoffisielle normer og kan skje også seinare i livet» (2000:50). Sandøy poengterer at det ein person tolkar gjennom lesinga, *blir* til internaliserte normer, og at lesaren gjennom denne umedvitne tolkingsprosessen har «etablert ei tru om norma», og ho går dermed inn som ein del av språkvanen til lesaren (2003:177).

Dei fastsette normene, som òg blir kalla *preskriptive* eller *føreskrivne* normer, har eit anna utgangspunkt. Dette er normer som blir fastlagde av «eitt eller anna organ som blir rekna som kompetent til å gjere dette» (Vikør 2007:74), og som ein kan finne svart på kvitt ved at dei står i ei ordliste eller i ein grammatikk. Desse normene er knytte til skriftspråket, og vi lærer dei frå vi byrjar på skulen. Men det finst sjølvsagt andre normagentar i språksamfunnet som påverkar kva som skal vere den fastsette norma i eit språk, t.d. språket i avisene og det som blir sagt eller teksta i fjernsynet. Alle desse normagentane promoterer sin versjon av ei gitt språknorm, og dette kan føre til at ei slik språknorm etter kvart blir den internaliserte norma i folk, alt etter kor stor påverkjingskraft normagenten har. Sandøy problematiserer prosessen bak ei slik internalisering, og viser til omgrepa *open normfastsetting* og *tildekt normfastsetting* (2003:179). Det første handlar om den opne diskusjonen som går føre seg i Språkrådet når ein skal normere språket, medan det siste dreiar seg om såkalla *husnormer* ein kan finne i avishus som *Aftenposten*. På same måten har nynorskavisa *Dag og Tid* ei husnorm som seier at journalistane skal skrive *tenkjing*, ikkje *tenking*, sjølv om det berre er den siste forma som er rett etter offisiell nynorsk rettskriving.<sup>18</sup> *Aftenposten* når ut til svært mange lesarar og påverkar dermed forventningane folk har om korleis bokmål skal sjå ut, medan nynorskavisa *Dag og Tid* kan ha påverkjingskraft på sine pasjonerte nynorsklesarar i tradisjonalistisk lei.

Kva er det så som konkret verkar inn på sjølvne normdanninga i ein fellesskap? Sandøy set opp fem ytre faktorar som påverkar normdanninga, og her gir eg dei att noko forenkla:


1) Førestellinga om kva som er vanleg. Vi registrerer kva ord og former som oftast gir vellykka språkhandlingar, og frekvens er såleis ein viktig faktor. 2) Observasjonane vi gjer av korleis andre reagerer på åtferd. I samband med skriftspråk kan dette vere heilt konkret i form av karakterar. 3) Verbale reaksjonar på språkbruk, noko som

---

<sup>18</sup> Det er ikkje undersøkt om denne husnorma faktisk eksisterer i *Dag og Tid*, berre at forma førekjem i enkelte tekstar i avisa. I andre tekstar finst ho ikkje, så det kan vere at det er journalisten sjølv eller ein korrekturlesar som brukar denne forma. Uansett blir avisa ein normagent for rettskriving som ligg utanfor det offisielt vedtekne.

gjer at stereotypiar om kva som er rett språkbruk breier seg. 4) Statusen til dei andre personane betyr noko for kva normer ein vel seg, t.d. dersom ein ser opp til ein person. 5) Språkytringar kan bli «ulikt sortert og vekta», alt etter kva situasjon dei oppstår i. I situasjonar som er viktige for oss, blir vi difor svært vare for korleis vi ordlegg oss (Sandøy 2003:174-176).

Alle desse ytre faktorane kan samanfattast i det Sandøy kallar *inndata til internaliseringsprosessen*. Sidan ingen menneske lever i eit tomrom, men heile tida må ta stilling til og gir frå seg desse ulike formene for inndata, kan vi setje opp dette i form av ein sirkelmodell (sjå figur 2.1). Sandøy seier prosessen er sjølvforsterkande når «utdataa er i samsvar med korrekte tolkingar av inndataa» (2003:174). Resultatet kan bli konformitet.



Figur 2.1: Normerings sirkelen (etter Sandøy 2003:174).

### 2.3.1 Språknormeringsagentar

Kven er så aktørane som formidlar språknormer? Eg har tidlegare vore inne på fire normagentar: Familie, vener, skule og massemedium. Den danske språkforskaren Peder Skyum-Nielsen har sett opp desse normagentane i rekkjefølgje etter kor stor autoritet han meiner dei har:

- a. lægmand
- b. arbeidsplassen (kontoret)
- c. tekstbehandling
- d. takt og tone-bøger
- e. sprogpoltiske interessegrupper
- f. skolen
- g. reklame, annonsering
- h. forlag
- i. journalister
- j. diverse freelance-konsulenter
- k. forskjellige kommunikasjonskurser
- l. Radions Sprogudvalg
- m. Statens Informationstjeneste
- n. sprogbrekkasser
- o. sprogbeskrivelsen (-videnskapen)
- p. terminologigrupper
- q. Dansk Sprognævn. (Sitert i Omdal og Vikør 2002:19)

Vikør framhevar at stort sett alle desse normagentane kan overførast på norske område, med unntak av språkpolitiske interessegrupper, «som i Danmark er eit ubetydeleg fenomen jamført med det vi er vane med i Noreg» (Omdal og Vikør 2002:21). Det viktigaste i denne samanhengen blir likevel å skilje mellom dei som har mynde til å fastsetje den offisielle rettskrivinga, og dei normagentane som implementerer denne rettskrivinga i større eller mindre grad elles i samfunnet. (Og det kan altså vere alt frå foreldre til lærarar og aviser, men rett nok med ulik autoritet.) I streng forstand er det berre under punkta p og q ein kan seie at nokon normerer språket. Desse punkta vil i Noreg seie Språkrådet og dei ulike fagråda ein finn her, men mest aktuelt er sjølvsgt fagrådet for normering og språkoobservasjon. Når ei ny rettskriving skal utarbeidast, blir det rett nok, iallfall i Noreg, sett ned ei arbeidsgruppe på ad hoc-vis for å gjere dette. Arbeidsgruppa kjem med framlegg til ei revidert rettskriving, men denne må endeleg godkjennast av Kulturdepartementet for at ho skal bli offisiell.

## 2.4 Prosessar og prinsipp i språkplanlegging

Ovanfor var eg innom ytre faktorar for normdanninga i ein sosial fellesskap. Dette har å gjere med korleis språkbrukarane sjølv tenkjer om språket, og kan vere forklaringar på kva som ligg til grunn for språkval og språkhandlingar. I den vidare framstillinga skal eg kome inn på korleis dei som skal standardisere språket, dei som får den vanskelege oppgåva å manipulere eit språk inn i skriftspråklege rammer, språkplanleggjarane, eller dei «mektige normerarane» (*Dag og Tid* 26.10.2007), arbeider. For det finst fleire prinsipp å arbeide etter, og dette er viktig å ha med seg for å forstå argumentasjonen til dei ulike grupperingane innanfor den nynorske normeringstradisjonen.

Sidan midten av 1960-talet har det kome ei rekkje modellar som tek sikte på å forklare fasane i språkplanlegginga, altså sjølv prosessen. Haugen var den første som formulerte dette òg. Han skil prinsipielt mellom form og funksjon i dei ulike delane av prosessen, og set opp desse stega under form: 1) Val av norm («Selection of norm»), og 2) kodifisering av forma («Codification of form»). Under funksjon dreiar det seg om 3) utbygging av funksjon («Elaboration of function»), og 4) godkjenning frå samfunnets side («Acceptance by the community») (1966:15). Haugen reviderte seinare modellen og la til *implementation* som punkt 3, medan *elaboration* blei punkt 4. *Implementation*, eller implementering, erstatta dermed «godkjenning frå samfunnets side».

Haugen sine utgreingar av dei fire opphavlege punkta er uvanleg stimulerande og nyttig lesing. Under punktet «Valg av norm», kan ein til dømes lese at det ikkje vil vere ei

vanskeleg oppgåve å velje ei norm dersom alle i det aktuelle området snakkar likt, med dette er sjølvsagt sjeldan tilfelle. «I motsatt fall kan det bli nødvendig med en del ubehagelige beslutninger.», skriv han likeframt (1966:15). Det kan minne oss på at valet av éi norm, altså éin variant av eit ord i nynorsk, er med på stengje ute andre som kan vere vel så utbreidde i talemålet.

#### 2.4.1 Implementeringsfasen

Det mest sentrale punktet i språkplanleggingsmodellen i denne oppgåva, er implementeringsfasen. Det er i denne fasen ein tenkjer seg at nye språknormer som er utforma av Språkrådet og vedtekne av Kulturdepartementet, skal setjast ut i livet. Med andre ord: Det er her valfridomen i rettskrivinga skal formidlast. Omdal peikar på at språknormene i Noreg har ei relativt kort historie samanlikna med andre land som Danmark, Sverige og Tyskland, og at vi difor har mindre stabile språknormer (Omdal og Vikør 2002:147). Han understrekar òg at vi har hatt relativt korte mellomrom mellom rettskrivingsreformene, og at språkbrukarane «for en stor del har akseptert disse endringene i språknormene» (*ibid.*). Omdal problematiserer vidare implementeringsfasen i Noreg, der ein føreset at skulen har den leiande rolla i innføringane av nye språknormer. Han set særleg spørsmålsteikn ved at det ikkje er tydeleg nok kor mykje ein skal kunne av valfridomen i rettskrivinga: «Som vi forstår, er det noe uklart hvor mye en forutsetter at hver enkelt i det norske språksamfunnet skal ha tilegna seg av språknormer gjennom skolegangen, og jeg kan ikke minnes å ha sett dette noe sted.» (Omdal og Vikør 2002: 150). Omdal saknar difor meir kunnskap om i kva grad normene er blitt internaliserte. Dette handlar om ein fase i språkplanlegginga som ikkje kjem fram i Haugen sin modell ovanfor, nemleg *evaluering*, som blei innført av Rubin (1971 sitert i Vikør 2007:105). Evaluering handlar om tilbakemeldingane språkbrukarane gir, og Omdal har sjølv gjennomført undersøkingar av «språknormsikkerheten» hos enkelte brukargrupper, slik eg var inne på i innleiinga.

#### 2.4.1 Prinsipp for språknormering

Mykje har skjedd med nynorsken sidan Aasen kom på bana, og vi har fått heile fem rettskrivingsreformer. Ulike prinsipp er blitt lagde til grunn for utforminga av desse reformene. Det er dessverre ikkje plass til å ta med alle prinsippa her; sjå Vikør (2007:151-195) for ei fullstendig oversikt.



Vikør skil mellom ulike typar språklege prinsipp. Ein har 1) interne språklege prinsipp, 2) normering basert på tilhøvet mellom ulike skriftspråk, 3) normering basert på tilhøvet mellom språket og språkbrukarane, og endeleg 4) påverknad på normeringa frå ulike ideologiar (2007:151-195). Under interne språklege prinsipp har ein t.d. *eintydigheit* (som elles kan delast inn i tre), *enkelheit*, *fastheit*, *stabilitet*, og *variasjon*. Her ser ein tydeleg at det er lettare å argumentere mot valfridom, rett og slett fordi prinsippa som talar for det motsette er fleire. Om ein derimot ser på tilhøvet mellom språkbrukarane og språket, kan det vere lettare å argumentere for valfridom. Prinsippa om *fleirtal*, *valfridom*, *omvelting* og *motprestisje* høver såleis godt for ein nynorsk med mykje variasjon.

Tilhøvet til andre språk kan delast i to prinsipp: 1) Tilnærming- og tilpassing, og 2) reaksjon, meir kjent som purisme. Aasen nytta seg av begge prinsippa, av di han brukte andre språk (primært svensk og islandsk) som modellspråk, samtidig som han ønskte å reinse språket for nedertyske former.

Ulike ideologiar som har innverknad på språknormeringa, kan vere *tradisjonisme*, *nasjonalisme* og *demokrati/jamlikskap*. Desse har større eller mindre påverking til ulike tider. Å argumentere for skriftspråket ut frå tanken om éin nasjon – eitt språk, stod sterkare på 1800-talet, medan han etter andre verdskrigen stod veikare. Det demokratiske prinsippet har ved sida av det nasjonale, vore svært viktig i nynorsk, og kan koplast til arbeidet for ein nynorsk der variasjon og valfridom er viktig.

Vikør nemner til slutt to «manglande prinsipp». Dette er *indre systematikk* og *det pedagogiske prinsippet* (2007:188-189). Det sistnemnde er problematisk, fordi både dei som talar for valfridom og dei som talar for ein stram normal, meiner deira prinsipp er det mest tenlege pedagogisk sett. Prinsippet blir dermed til slutt innhaldslaust, meiner Vikør. Problemet med indre systematikk, ligg i det «mangetydige» og «ugripelege» ved prinsippet, seier Vikør. Ein kan argumentere ut frå morfologisk eintydigheit, men ein kan då kome i konflikt med andre systembrot på andre plan i språket. Indre systematikk ligg rett nok nært opptil prinsippet for eintydigheit, og då særskilt morfologisk eintydigheit. Dette er nok det prinsippet som står mest i strid med valfridomen.

## 2.5 Ideologien om standardisering

Språknormering handlar til sjuande og sist om å velje ein standard eller ein *variant* frå eit språkleg korpus som finst i talemålet, eller for nynorsken sin del, talemåla i fleirtal.<sup>19</sup> Ein standard er, ifølgje *Nynorskordboka*, ei fane eller ei rettesnor. Men går det an å seie noko meir om kva som ligg bak desse standardiseringskreftene? Kva går sjølve ideologien ut på? Milroy & Milroy peikar på at standardisering, om ein utelukkande ser på det kodifiserte språket i ordbøkene, ikkje tolererer variasjon (1985:19).<sup>20</sup> Slik er det med dei fleste standardspråk i verda. Norsk er i så måte eitt av få skriftspråk der ein har opna for variasjon.

Forfattarane legg vekt på at det å standardisere eit språk først og fremst er ein abstraksjon frå språkbruken slik han finst i verda, med all sin variasjon og i all si breidd. Å standardisere er i første omgang difor motivert av «various social, political and commercial needs and is promoted in various ways, including the use of writing systems, (...)». (Milroy & Milroy 1985:19). Om vi ser på den føreståande revisjonen av nynorskrettskrivinga, kan vi seie at ho først og fremst er utløyst av tanken om at dobbelformene i nynorsk skaper forvirring for dei som skal lære nynorsk; ein blandar talemålsformer med former innanfor rettskrivinga, og Språkrådet ser det difor som lite tenleg for nynorsken sin del at dette skjer. Korrektheit er dermed det sentrale. For å gjere det lettare å vere nynorskbrukar skal talet på former difor reduserast til ei stram norm, slik som i dei fleste andre skriftspråk. Bak rettskrivingsvedtaket frå 2007 ligg det difor eit ønske om at færre skal gå vekk frå nynorsken, og kanskje endåtil at fleire skal ta han i bruk, fordi han blir lettare å lære og bruke. Slik sett er vedtaket eit strengt politisk vedtak for å sikre visse verdiar på den lingvistiske marknadsplassen.

Forfattarane Milroy & Milroy nyanserer omgrepet vidare. Siktemålet med standardisering er å sikre «reliability and hence confidence», og ein ønskjer dermed å «ensure fixed values for counters in a system. In a language, this means preventing variability in spelling and pronunciation by selecting fixed conventions uniquely regarded as 'correct', (...)» (Milroy & Milroy 1985:19). Tanken bak dette, skriv forfattarane, er sjølvsagt at ein ønskjer eit mest muleg funksjonelt og effektivt språk: «Ultimately, the desideratum is that everyone should use and understand the language in the same way

---

<sup>19</sup> Det bør presiserast at det dessutan er vidt ulike tradisjonar for kor mykje ein skal normere ut frå den gjeldande skriftspråk-tradisjonen. I bokmål er det til dømes størst vekt på å standardisere ut frå kva som har vore vanleg i skriftinga.

<sup>20</sup> Forfattarane ser primært på det engelske standardspråket, men overføringsverdien er likevel openberr.

with the minimum of misunderstanding and the maximum of efficiency.» (*ibid.*).

Standardiseringsprosessar har altså som siktemål å skape «uniformity», altså einskap.

### 2.5.1 Historisk bakgrunn for standardspråka

Standardspråka slik vi kjenner dei i dag, har ikkje eksistert til all tid. Dei kom til etter omveltingar i samfunnet, og må sjåast på bakgrunn av framveksten av nasjonalstatar i Europa frå slutten av 1500-talet og frametter. Bibelomsetjingar gjorde sitt til å institusjonalisere førestellinga om eitt språk. Dette må sjåast i intim samanheng med reformasjonen i kyrkja, då Luther braut med det latinske språkhegemoniet som rådde der, med omsetjinga av Bibelen til tysk på 1500-talet.

Tore Janson (1997) har sett på kva som hende i Sverige. Då Gustav Vasa blei konge og Sverige blei ein nasjonalstat, blei det skunda på å få omsett Bibelen til svensk. Det svenske språket fekk ei sterkare symbolsk makt. Trykkjekunsten gjorde det samstundes muleg å spreie det skrivne ordet:

Därigenom fick den en oerhörd genomslagskraft, inte bara på det kyrkliga området. Bibelns text visade hur svenska borde skrivas. Sverige fick det som man brukar kalla en skriftspråksnorm i fullt utvecklat skick. Normen hade dubbel auktoritet, från staten och från kyrkan, som nu var ställd under staten.

På så sätt blev det svenska språket, särskilt i sin skrivna form, en viktig del av det som utgjorde föreställningen om Sverige: en kung, en kyrka, ett folk, ett språk.  
(1997:133)

Det viktige i denne samanhengen er kort og godt å avklare at eit standardspråk har bakgrunn i sosiale, politiske og religiøse prosessar i eit gitt tidsrom.

Kva er så motivasjonen for den føreståande rettskrivingsreforma i nynorsk i dag? For meg verkar det som særleg tre argument går att: 1) Det blir hevda at det blir skriva ein god del feil i nynorsk (Fretland 2009:141), 2) prosentdelen nynorskelevar er på veg nedover, og 3) det skjer ei regionalisering av dialektane, noko som gjer at nynorsken ikkje i like stor grad kan spele på argumentet om dialektnærleik (*Møre* 27.10.2007; Fretland 2009:141). Dåverande leiar i Noregs Mållag, Hege Myklebust, understreka i årstalen sin på landsmøtet i 2008 at ein bør leggje meir vekt på *målreisningstanken*. Dette er heilt klart straumdrag i tida som går vekk frå tanken om ein nynorsk der alle dialektgrupper i Noreg skal finne sitt.

## 2.5.2 Destandardisering – tendensar i dag

Eit omgrep det ikkje blir snakka overdrive mykje om i norsk faglitteratur, er *destandardisering*. Deumert og Vandebussche (2003) framhevar det rett nok, og snakkar om dette som «a promising direction for future sociolinguistic work and central to our understanding of the nature of language standardization» (2003:10). Forfattarane nemner teoriar (Ferguson 1988, sitert i Deumert & Vandebussche 2003) som går ut på at standardiserings- og destandardiseringsprosessar går om einannan i sirkelgang gjennom historia. I nokre periodar vil språket oppleve sterk standardisering, medan det til andre tider igjen vil oppstå nye regionale variantar. Mattheier (2003) ser nøyare på omgrepet. Han meiner denne utviklinga, som finst i fleire europeiske språk, er eit resultat av sosiale prosessar som til sjuande og sist dreiar seg om endringar av kva rolle sosiale normer og språkautoritetar spelar i eit komplekst, industrielt samfunn (2003:239). Denne destandardiseringa, som handlar meir om ein auke i språkvariantar i talespråk enn i skriftspråk, meiner Mattheier er nært knytt til at nasjonalstaten ikkje lenger spelar ei så stor rolle i medvitnet til folk. Som han skriv:

Destandardization processes become visible wherever this national identificatory function is reduced. This can mean that the nation is dissolving or that the nation has stabilized to such an extent that the additional symbolization through a uniform standard language is no longer required. (2003:240)

Tendensen i dei europeiske språka i dag er altså ein auke i språkvariantar som først og fremst gjer seg gjeldande i talespråka, men som Mattheier meiner fører til «a general decrease of the degree of standardization». Det er interessant å merke seg at Mattheier meiner denne utbygginga av det tyskspråklege registeret fører til «an increase of functional efficiency» (2003:241).

Om det norske tilfellet er ein del av denne prosessen, eller om den store norm-variasjonen vi har er eit særskilt tilfelle, er eit av spørsmåla Jahr reiser (2003). Det vi veit om dei norske tilhøva i dag, er i alle tilfelle i ferd med å bli allment kjent. Vi snakkar då sjølvsagt om Internett- og sms-språk, og den utbreidde bruken av dialekt i desse media. Jorunn Osland har undersøkt sms-språket hos jærskje tenåringar, og finn mellom anna at både variasjon, talemålsnærleik og innovasjon er svært framtrødande fenomen (2008:103-104).

## 2.6 Kva er ei haldning?

Sidan undersøkinga i denne oppgåva mellom anna tek for seg haldningar til nynorsk, er det på sin plass med ei teoretisk avklaring av dette omgrepet, som ein helst finn innan fagområda psykologi og sosialpsykologi. Ohnstad (Ekeland, Iversen, Nordhelle, Ohnstad 2004) deler omgrepet inn i tre hovudkomponentar: Ein *kognitiv* del (korleis vi tenkjer om ei sak), ein del som dreiar seg om *kjensler*, og ein del som handlar om *åtferd*. Dersom desse tre komponentane er samanfallande eller konsistente, vil haldningar «ha en tendens til å være stabile» (Ekeland mfl. 2004:234). Det blir elles peika på at haldningar er tillærte, og ofte vanskelege å avlære.

Haldningar er altså eit komplekst samspel mellom desse tre komponentane som det her er snakk om. Men korleis kjem dei til? Sjølv sagt gjennom sosialiseringa når vi veks opp. På same måte som sosiale normer i oss blir skapte gjennom påverknad frå omgivnadene våre, legg sosialiseringa grobotn for kva haldningar vi kjem til å ha andsynes ulike grupper, språk, verdiar, osv. Som tidlegare nemnt, er familien ein viktig normgivar. Men det kan det òg tenkjast at trendane i tida er svært viktige. Ohnstad kallar dette for «de gjeldende diskursene», og brukar røyking som døme på korleis den gjeldande diskursen er med på å endre haldningane folk har overfor denne aktiviteten (Ekeland mfl. 2004:234). Auka kunnskap om skadeverknadene av røyking og opplysningsarbeid om dette, gjer at røyking stort sett blir sett på som negativt i dag. Den offentlege samtalen om nynorsken synest på si side å ha gått gjennom ei formidabel endring. Ordbruken er i dag stort sett meir edrueleg enn han var på 1950-talet, og nynorsken har glidd inn som eit naturleg element på mange arenaer. Nynorskteksting av fjernsynsserien «Med hjartet på rette staden», som våren 2009 hadde eit gjennomsnittleg sjåartal på 814 000, er eitt døme på ei slik utvikling.<sup>21</sup> Det at nynorsk blir ein meir naturleg del av kvardagen til folk flest, kan vere med på å endre haldningane folk har til skriftspråket.

Det kan til sist vere tenleg å skilje mellom omgrepa haldning og norm. Brunstad peikar på at haldningsomgrepet er meir snevert, og legg vekt på at det har meir å gjere med det *affektive*. Han skriv at «Medan normene både kan konstituere og regulere språkbruken, er språkhaldningane meir å forstå som kombinasjonen av meiningar, kjensler og åtferd ein har i høve til språkbruk» (2000:125). Ein kan altså ha positive

---

<sup>21</sup> Tal frå analyseavdelinga i NRK.

haldningar til valfridom, medan språknormene i større mon kan variere, alt etter kva sosial situasjon ein er i.

## 2.7 Språk som identitetshandlingar

*Acts of identity* heiter ei bok som kom ut i 1985. Forfattarane, R.B. Le Page og André Tabouret-Keller, set her fram ein teori som tek for seg samhandlinga mellom språklege handlingar og identiteten vår. Ein snakkar då om iallfall to former for identitetar: Ein som handlar om einskildmenneske og dei attributtane ein har, men òg korleis einskildmenneske identifiserer seg som ein del av ein større fellesskap (1985:2). Korleis påverkar denne projiseringa av identitetar og konseptet ein har av språklege standardar, ikkje minst språklege stereotyper, måten vi oppfører oss på språkleg? spør forfattarane. I boka ser ein på dette samspelet gjennom konkrete studiar i karibiske språksamfunn. Desse samfunna har vore britiske koloniar, og har fått engelskspråkleg kontakt som har skapt nye symbiosar og varietetar av engelsk. Ein ser særleg på samspelet mellom etnisitet og språkval.

Som tittelen tilseier, går teorien ut på at språkhandlingar er identitetshandlingar. Kvart einskild individ har sin måte å skape identiteten sin på:

Rather, each is a concept we form as individuals, and the extent to which, and the manner in which, we project our concepts on to those around us and establish networks of shared suppositions determines the nature of the groups in our society and their mode of operation. (1985:247)

Det er sosialpsykologiske mekanismar som blir lagde til grunn, og forfattarane set opp fire vilkår for at ein skal kunne identifisere seg med ei gruppe: 1) Vi må kunne identifisere oss med gruppa, 2) vi må ha tilgang til gruppa og evne å analysere åtferdsmønsteret hennar, 3) motivasjonen for å bli med i gruppa må vere sterk nok, og blir anten forsterka eller forminska av tilbakemeldingar frå ho, og 4) språkbrukaren må ha evne til å endre åtferda si (1985:182).

Eg skal ikkje gå vidare inn på dette, men derimot prøve å forklare kvifor eg har nemnt teorien. Nynorsk gir i dag, med sitt system av hovud- og sideformer, høve til å velje mellom ulike former. Desse vala kan òg sjåast på som *acts of identity*. For somme nynorskbrukarar er det ikkje berre ei identitetshandling å velje å skrive nynorsk framfor

bokmål, men òg det å velje sine hjarteformer. Men det er altså mange vilkår som må vere oppfylte for at ein skal kunne handle på ein slik måte språkleg.

*Acts of identity* ser primært på talespråk, og det kan tenkjast at det å identifisere seg med alternative former nedfelt i skrift, kan vere eit tyngre steg å ta. Det er truleg at ein er meir kjenslevar ovanfor mottakaren, t.d. lærarar, og ein ønskjer å skrive på ein måte som gir ei vellykka språkhandling. Viss ein tenkjer seg at det å bruke alternative former i nynorsk er som å bli med i ei gruppe, er det vel heller få tilbakemeldingar og lite kontakt ein får i så fall. Seinare i oppgåva vil eg drøfte denne teorien opp mot spørsmålet om den vide rettskrivinga i nynorsk er reelt internalisert eller ikkje.

## 2.8 Kva er didaktikk?

Som undertittelen på denne oppgåva seier, er det didaktiske aspektet ved valfridomen i nynorsk ein del av det eg ønskjer å undersøkje. Det føreset ein klårare definisjon av omgrepet didaktikk. *Store Norske Leksikon* definerer omgrepet som *undervisningslære*, og at det er «den del av pedagogikken som har med formidling av kunnskaper å gjøre» (band 4, 1998:60). Tradisjonelt har didaktikken hatt ei meir snever tyding og har vore oppteken av *kva* og *kvifor* i undervisinga, medan *korleis*, altså metodikken i undervisinga, har kome til seinare. Det er elles vanleg å skilje mellom fag- og allmenndidaktikk.

Eit interessant aspekt ved dei historiske røtene til norsksdidaktikken, kan vi lese om i boka *Språk, kommunikasjon og didaktikk* av Sigmund Ongstad (2004). Tilgjenga og auken i høgare utdanning kombinert med studentopprør og politisk medvit på 1960- og 70-talet, gjorde at det blei stilt fleire kritiske spørsmål om «hva all kunnskapen egentlig skulle brukes til, og hvem den egentlig var til for» (2004:23). Dette momentet kan i høgste grad koplant til den utbreidde talemålsideologien i norsksdidaktikken, som eg kjem nærmare inn på i neste kapittel.

Didaktikken i eit gitt fag handlar altså om å velje ut og definere eit innhald (*kva*), kome fram til måtar å leggje innhaldet til rette på (*korleis*), og «begrunne, legitimere og godtgjøre innholdet og tilnærmingene» (*kvifor*) (2004:15). Innhaldet i faget eg tek for meg skulle vere rimeleg greitt å definere: Norsk, og meir presist nynorsk rettskriving, i heile si breidd og med all sin valfridom.

Spørsmålet om *korleis* ein skal leggje dette fagstoffet til rette for eleven, ønskjer eg ta opp til drøfting etter at eg har presentert datamaterialet og eventuelt har kome fram til aspekt ved valfridomen som er problematisk for eleven. Men *korleis* har sjølvstøtt å gjere

med tradisjonen i norskundervisninga òg, og her finn ein unekteleg fleire vegar, både når det kjem til faglitteratur og den praktiske undervisninga i klasserommet. Eg kastar sannsynlegvis ikkje ut ein brannfakkell dersom eg seier at klammeformene i nynorsk blir til dels diskriminerte i undervisninga, fordi mange norsklærarar meiner dette vil forvirre elevane når dei skal skrive korrekt nynorsk. Difor er eit *korleis* i undervisninga av nynorsk rettskriving i høgste grad eit sprikjande emne. Læreverka, såkalla nøklar til god nynorsk, har så vidt eg kan sjå ulike tilnærmingar til det å lære nynorsk som sidemål. *På godt nynorsk* (1996), skriven av Benthe Kolberg Jansson og Roger Lockertsen, har til dømes ei sterk vektlegging av valfridomen i nynorsk, medan andre læreverk tonar ned denne sida ved nynorsk. Vi kan elles notere oss at Jansson og Lockertsen si bok ikkje er å finne på Språkrådet sine heimesider under tittelen «Spesielle hjelpemidler for nynorsk» (Språkrådet 2010a). Utanom dette veit vi at ein del pedagogisk litteratur som dreidde seg om nettopp det å rettleie eleven i valfridomen i nynorsk, var framtrudande på 1970- og -80-talet. *Frå dialekt til nynorsk – Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål* (1981) er eit døme på slik litteratur. At denne pedagogiske tilnærminga hadde ein sterk oppsving på denne tida, heng saman med dialektbølga og slagordet «Tal dialekt – skriv nynorsk».

I forlenginga av dialektbølge-generasjonen si didaktiske tilnærming til nynorsk rettskriving, er vi med eitt inne på *kvifor* i dette faget. Kva i all verda er meininga med denne valfridomen, og kvifor skal vi halde på han når tilnærmingspolitikken mellom dei to målformene likevel formelt er avslutta? I ein slik samanheng er det naturleg å nemne at fagdidaktikken i norsk gjennom historia har vore gjenstand for mange ulike paradigme. Eit interessant aspekt ved dette blir løfta fram av Ongstad, som peikar på at didaktiseringa av norskfaget tradisjonalt har vore veikt, eller rett og slett lite uttalt: «En grunn til den svake (uttalte) fagdidaktiseringen av norsk kan være de nærmest vanntette skottene mellom fagene pedagogikk og norsk. Disse fagene har i liten grad akseptert hverandres egenart, og derfor har det gått relativt få impulser mellom dem.» (2004:134). Ongstad skriv at denne manglande uttalte fagdidaktiseringa, «en eksplisitt faglig forståelse av forbindelseslinjen fag-elev», blei lagt vekk til fordel for formidling, rett og slett. Og formidling var sterkt knytt til mykje kunnskap. Var ein kunnskapsrik i norskfaget, kunne ein òg formidle, blir det poengtert (*ibid.*). Didaktikken var altså underforstått dersom ein hadde gode formidlarar. Set ein dette i samanheng med at norskfaget òg har vore det faget som har vore mest nasjonalistisk ladd, gir dette oss kanskje betre forståing av kva som er blitt formidla i klasserommet når det kjem til rettskriving. Ongstad meiner sjølv at «det norske» er den krafta som har gjennomsyra faget i størst grad dei siste 200 åra



(2004:132). Då kjem vi òg inn på dei språklege formene som nasjonal estetikk, og Ongstad meiner at form som ideologi viste tydeleg att i *Normalplanen* frå 1939. Denne sterkt retteorienterte praksisen i norskfaget blei på 1980-talet erstatta av den prosessorienterte skrivepedagogikken, som «nettopp ville distansere fra en sterkt retteorientert skriveopplæring, en tradisjon som hadde en klar linje tilbake til normalplanen» (2004:37).

Ser ein på den siste læreplanen for grunnskulen, *Kunnskapsløftet* (Utdanningsdirektoratet 2005), vil ein sjå at kompetansemåla etter det tredje året med vidaregåande opplæring handsamar spørsmålet om former relativt laust. Eleven skal kunne «beherske formverk og tekstbinding på bokmål og nynorsk» (2005:46). Planen seier altså svært lite om eventuelle problemstillingar knytt den hierarkiske todelinga i rettskrivinga, og favoriserer dermed heller ikkje noka bestemt retning innan dei ulike syna på dette. Under tittelen «Formål» blir det snakka djervt om mangfald i den fleirspråklege situasjonen vi har her i landet, og at elevane skal få eit bevisst forhold til dette (2005:37). Med slike formuleringar til grunn, skulle det meste ligge til rette for vidt ulike pedagogiske tilnærmingar til tonivåsystemet i nynorsk i dei mange klasseromma i Noreg.

## 2.9 Språk og dialektar i eit maktperspektiv

Når ein skal definere kva eit språk er, blir særleg eitt sitat trekt fram oftare enn andre. «Eit språk er ein dialekt med ein hær og ein flåte», skreiv den jiddiske lingvisten Max Weinreich.<sup>22</sup> I dette ligg det eit viktig perspektiv, for kven avgjer eigentleg kva som skal definerast som eit språk i mylderet av varietetar og variantar innanfor eit gitt geografisk språkområde? I dei fleste europeiske tilfella, og med det meiner eg nasjonalstatane, har regelen vore at det prestisjefylte talemålet i hovudstadene har vore utgangspunktet for standardspråket. Dette gjeld for fransk, som byggjer på parisisk, og dansk, som byggjer på dialekten i København. Det er tydeleg at Ivar Aasen var svært medviten på dette perspektivet, av di han omtala dansk som «Kjøbenhavnsk Tale og Skrift» (1909:1). Det prestisjefylte talemålet i byane, den «dannede dagligtale», var også utgangspunktet for Knud Knudsen, som stod for ei gradvis, reformatorisk fornorskingslinje. Dette må dels ha vore ein taktisk ståstad for Knudsen, for han valde slik å spele på lag med dei som hadde definisjonsmakta over språket, og kunne dermed arbeide med fornorskinga innanfrå (Torp og Vikør 1993:189).

---

<sup>22</sup> I det frie nettleksikonet *Wikipedia* kjem det fram at Weinreich publiserte aforismen først (1945), men at det ikkje var han som formulerte setninga. Ifølgje *Wikipedia* siterte lingvisten ein av tilhøyrarane sine under ei førelesing, men Weinreich identifiserte aldri denne informantten.

Kva er så makt, om ein strippar omgrepet ned? NOU 2003: 19 definerer makt som «evne til å nå et mål, skape en virkning», og at dette kan utøvast direkte gjennom tvang eller avgjerdsituasjonar, eller indirekte gjennom symbol, institusjonar eller sosiale strukturar (2003: 19:11). Vidare deler ein maktomgrepet inn i tre: Politisk, økonomisk og ideologisk makt. Politisk makt er den autoritative makta, og i samanheng med språkpolitikk, kan ein peike på at det er Kulturdepartementet som endeleg godkjenner forslaga til nye rettskrivingar. Økonomisk makt handlar om kontroll over ressursar eller produksjonsmiddel, og konsentrasjon av kapital. I større eller mindre grad, avhengig av kva samfunn og nasjonalstat ein har med å gjere, vil den økonomiske makta legitimere seg gjennom «prinsippet at konkurransen er åpen for alle, og dels gjennom at økonomisk vekst er til alles fordel» (*ibid.*). Likevel er det slik at dei som har økonomisk makt vil søkje støtte i den politiske makta i form av gode rammevilkår, også for dei som tapar i konkurransen. Eit opplagt døme på dette er pressestøtta, som sikrar Noreg ein av dei største avisfloraane i verda. I andre, reine marknadsliberalistiske system som USA, ville ei slik ordning vore utenkjeleg.

Meir interessant i denne samanhengen er den *ideologiske* makta, som dreiar seg om makt over kjensler, tankar, verdiar og sjølvopfatning. I utgreiinga står det som følgjer:

Den ideologiske makten – i vid forstand – ligger for det første i de begreper og kategorier som gir mening til verden omkring oss. Kildene til slike meningsgivende kategorier kan være profesjoner og intellektuelle, vitenskap og litteratur, politiske bevegelser og organisasjoner. Slike meningsgivende kategorier dannes gjennom språket; derfor er språk også makt, og derfor er de begrepene som dominerer viktige for hvilke interesser og synspunkter som har over taket. (2003: 19:11)

Vidare blir det lagt vekt på omgrepa norm og førestilling, som ved stabilitet og konsensus kan skape gjensidig tillit og kollektiv makt. Ideologiske og religiøse rørsler har slike normer og førestillingar i seg, og eit samhald kring normene kan gi styrke til rørslene. Men det blir òg peika på at normene kan undertrykke og skape underordning. *Normalitet* og *avvik* er såleis to andre viktige omgrep i forståinga av ideologisk makt.

Språk er altså makt, og ifølgje psykologen Rolv Mikkjel Blakar, som skreiv klassikaren *Språk er makt* i 1973, synest uttrykket å ha fått noko nærast floskelprega over seg: «Påstanden om at språk er makt, som for drygt tretti år sidan var ny, frisk og provoserande, er i dag allment akseptert. Men da dessverre i ei blass og utvatna form som seier lite eller ingenting» (Blakar 2006:42). I den sjuande og utvida utgåva av boka

legg Blakar større vekt på analyse av ideologiar. Når ein dag kan bruke store databasar av tekst som grunnlag for kvantitativ forskning (og kanskje språknormering òg?), meiner Blakar det er naivt å tenkje seg at ein kan seie noko fornuftig utan ei forankring i normative verdier og etikk: «Utan eit slikt kompass er ein fortapt i jungelen av data som moderne datateknologi produserer eller kan produsere» (2006:263). Han understrekar elles at det er viktig å gjere det klart kvar ein sjølv står i eit slikt verdilandskap, slik at andre kan ta stilling til det.

Går ein inn på sjølve grunnlaget for at språkbruk representerer maktbruk, som Blakar seier det, operere psykologen med fire ulike kategoriar, som i stor grad er styrt av faget kommunikasjonsteori: 1) Inn- og avkoding i kommunikasjonshandlinga, 2) kompleksiteten i det enkelte språkelement, 3) språket er ope og produktivt, og 4) at sjølve språkssystemet avspeglar og uttrykkjer maktrelasjonar (Blakar 2006:49). Det vil føre for langt å greie ut om alle desse kategoriane, og eg legg difor ganske enkelt til grunn den mest praktiske tilnærminga til forståinga av at språk er makt: Språkbruk er aldri nøytral, og den komplekse inn- og avkodingssekvensen mellom menneske gjer at meiningsinnhald kan bli oppfatta svært ulikt. Samtidig er det klart at språket har i seg subtile maktrelasjonar vi sjeldan tenkjer over. Kvifor kallar vi t.d. ein arbeidsgivar for ein arbeidsgivar? Kvifor kan vi ikkje like godt omkalfatre det heile, og kalle personen eller institusjonen ein får løn frå for ein arbeidskjo~~par~~? Ei slik omkalfatring av verkelegheita var éin av konsekvensane av landsmålsprosjektet til Aasen.

I samband med norsk rettskriving, blir maktomgrepet aktuelt når ein ser på praksisen som går føre seg i bruken av språknormer. Som eg har vore inne på tidlegare, praktiserer fleire riksaviser husnormer som på fleire punkt ligg utanfor dei offisielt vedtekne rettskrivingsreglane. Også i klasseromsituasjonen er det svært sannsynleg at språkleg makt blir utøva. I datamaterialet som eg skal presentere, kjem dette mellom anna fram i spørsmåla som har å gjere med kva haldningar lærarane har til kva nynorsk elevane bør skrive. Slik ser ein at makt ofte er uløyeleg knytt til kunnskap og det å ha «ordet i si makt».

## 2.10 Teoriar om lesing og kognitive prosessar

Kva skjer med dei kognitive prosessane i hjernen når vi møter variasjon i skriftspråket nynorsk? Kva for lesestrategiar legg ein gjennomsnittleg elev i den vidaregåande skulen til grunn når ho les? Og kva er eigentleg samanhengen mellom lesing og skriving? Alle desse spørsmåla er relevante å stille seg andsynes didaktiske problemstillingar knytt til val-

fridom i rettskrivinga. På same tid er ein inne i eit fagfelt, psykolingvistikken, som er kompleks og krevjande å navigere i. Eg skal langt frå prøve å gi noko uttømande framstilling, men rett og slett undre meg litt over kva effekt skriftspråkleg variasjon kan ha på det kognitive.

La oss først tenkje oss at ein elev sit og les ein nynorsk tekst, og at eleven (reint hypotetisk) «baserer» lesinga av nynorsk på sitt eige talemål – ein sunnmørsdialekt frå bygda – og tekst skriven på tradisjonell nynorsk. Eleven har nynorsk som hovudmålform, og er glad i språket sitt. Eleven les denne setninga: «Det gjør ikkje noe at du kjem i kveld». Hypotesen min er at det vil oppstå ein slags motvilje i eleven – ei uggen kjensle. To av orda i setninga er samanfallande med bokmål, *gjør* og *noe*, og det er dette som løyser ut mothugen i eleven. Orda er heller ikkje samanfallande med dialekten til eleven, og dette fører dermed til ein dobbel mothug mot denne språkhandlinga.

Med språkpsykologen Ragnar Rommetveit sine ord, må dette vere det han kallar for «kjedereaksjonar i eit semantisk-assosiativt nettverk» (1972:73). Dette handlar om korleis avkoding (lesing) løyser ut dei prosessane «som ligg til grunn for referansane og ofte intuitivt opplevt meiningsinnhald» (1972:71). Rommetveit brukar homonym for å eksemplifisere korleis ein kan assosiere ulikt innhald til eitt og same ord, t.d. ordet *streng*, som kan gi ulike assosiasjonar. I dømet som eg løftar fram ovanfor, er det rett nok ikkje ulikt meiningsinnhald; *noe* og *noko* står for det same. Men den estetiske verdien ved ordet *noe* i den samanhengen ordet står i, nemleg ei nynorsk setning, rokkar ved den fundamentale språkkjensla til eleven frå Sunnmøre.

Rommetveit sin modell viser at den første fasen, «sjølvmeiningfomidlinga», best kan skildrast som ei referanseakt, som har likskapstrekk med ei avgjerd. Dette blir då det spontane utgangspunktet for ein kognitiv aktivitet som «tek til i sentrum og spreier seg så suksessivt i kjedereaksjonar lenger og lenger ut i randsona av det semantisk-assosiative nettverket» (1972:72). Eit lausrive ord, som ein i utgangspunktet ikkje forbind med noko, får dermed etter kvart eit «tilsig av nyanserende assosiativ aktivitet» (1972:73). Den tredje komponenten i denne prosessen dreiar seg om det emosjonelle aspektet, som òg spring ut av den primære referanseakta. Rommetveit baserer seg på Osgood (1962) når han legg til grunn at alle ord kan lokaliserast i eit affektivt meiningsrom, og meir spesifikt i dimensjonane god/dårleg, sterk/veik og aktiv/passiv. Vi kan nok utvide desse dimensjonane ved å leggje til stygg/pen og prestisjefull/vulgær. I dømet mitt ovanfor kan vi seie at ordet *noe* rører ved eit emosjonelt register i eleven som blir opplevt som meir eller mindre dårleg nynorsk. Rommetveit understrekar til slutt at prosessen sjølv sagt er

ein idealisert storleik, noko som i røynda skjer så fort og umedvite at «han er heilt utilgjengeleg for introspeksjon». Det viktigaste poenget er at referanseakta ofte er avgjerande for dei to andre prosessane (1972:75).

Det kan no vere nyttig å minne seg på kva for premissar ideologien standardisering legg til grunn. Ved å definere noko som korrekt i skriftspråket, må nødvendigvis noko anna vere ukorrekt og dermed kommunikasjonsstøy, slik enkelte hevdar. I ein mekanisk kommunikasjonsmodell, kan ein lett tolke variasjon i skriftspråket slik. Men slik er ikkje det levande språket, hevdar Helge Sandøy (2003:172). Han meiner vi best kan forstå språkevna ut frå ein kognitiv modell, «som enkelt sagt går ut på at mottakaren utnyttar alle mulege kunnskapar frå situasjonen saman med dei språklege lyd- eller bokstavsignala og gjettar seg på grunnlag av denne informasjonen fram til kva talaren/skribenten ønskjer å formidle» (*ibid.*).

Men stiller alle med den same kognitive evna til å lese slik? Og er det slik at jamvel om effektiv avkoding med variasjon i skriftbiletet finn stad, så vil lesaren skrive like godt som ein les? Det kan ofte verke som at ein argumenterer med at berre ein les mykje, vil rettskrivinga bli betre. Ifølgje Bråten (1994), som utforskar forholdet mellom lesing og skriving, er ikkje dette nødvendigvis tilfellet. Særleg interessant er det når han samanliknar elevgrupper der begge gruppene les godt, men der berre eine gruppa bokstaverer korrekt. Til grunn for dette ligg ulike lesestrategiar hos gruppene. Gruppa som bokstaverer dårleg blir dermed tenkt å

avhenge av en ganske ensidig bruk av en direkte, visuell avkoding; det vil si at elevene ut fra et forholdsvis omfangsrikt forråd av ordbilder ("sight vocabulary") gjenkjente de trykte ordene direkte og på denne måten skaffet seg tilgang til ordenes betydning. (1994:32)

Dei elevane som var både gode lesarar og gode rettskrivarar, såg rett nok ut til å supplere slik lesing med bokstav-for-bokstav-lesing, dersom dette var naudsynt for forståinga og for skriveprosessen. Det fundamentale poenget er at somme les som ein skrivande, når det trengst, for å utvide leksikonet sitt. Bråten peikar til slutt på det at «korrelasjonen mellom lesing og skriving langt fra er perfekte, kan samtidig antyde at disse delferdighetene eller prosessene ikke spiller den samme rollen i lesing som i skriving, eller at en del individer utnyttar forskjellige delferdigheter og prosesser under lesing og skriving» (1994:52). For Bråten blir det viktig å identifisere korleis enkelte utnyttar lesinga til større

fordel for skrivinga enn andre, slik at ein kan hjelpe dei som har store problem med rettskrivinga.

På grunnlag av Bråten si framstilling av ulike strategiar for å tileigne seg skrivekompetanse gjennom lesing, er det freistande å spørje seg: Favoriserer systemet med valfridom dei elevane med størst evne til språkkinnlæring? Eit viktig poeng i så måte er at det å lære seg systemet med valfridom i nynorsk gjennom lesing, også må gå på tvers av det enorme paradokset at lærebøker skal vere skrivne innanfor læreboknormalen. Dersom ein går ut frå at lesing heng nøye saman med skriving, korleis skal ein då kunne ta i bruk valfridomen når han ikkje blir presentert i dei tekstane elevane kanskje les mest? Slik sett må ein nesten gå ut frå at dei elevane som brukar valfridomen, har ein såkalla *metalingvistisk* kompetanse til å tenkje på språk som noko større, og forstå at det faktisk både er muleg og tillate å skrive eit ord på fleire måtar. Iallfall inntil vidare.

## 2.11 Forholdet mellom tale og skrift

Det blir uttalt at nynorsk er det skriftspråket i Noreg som har siktemålet å vere talemålsnært. Likevel veit ein at skrifta som står på papiret, sjølve *mediet*, ikkje er det same som lydane som kjem ut av munnen. Skrifta er ein *abstraksjon* av det ein ser på som det primære, altså talemålet. Men talen har ikkje alltid blitt sett på som det primære; tidlegare såg ein på skrifta som konstituerande for talen (Vikør 2007:91). Lingvistar og antropologar var heller ikkje særskilt opptekne av forholdet mellom skrift og tale før på 1900-talet (Roberts og Street 1997:168). Når dei så blei det, gjorde ein forsøk på å skilje mellom dei to storleikane ved å gi dei ulike eigenskapar. Skrifta blei skildra som lite kontekstavhengig og nyanserande, medan talen var stadbunden og implisitt (*ibid.*). Andre dikotomiar som blei sett opp, var abstrakt versus ikkje-abstrakt, utgreiande versus situasjonsbestemt, og prosodisk versus leksikalsk og metaforisk (*ibid.*). Roberts og Street framhevar rett nok at desse forsøka på å skilje mellom tale og skrift er i ferd med å gå ut på dato: «However, the "great divide" between writing and speech is increasingly less convincing once context and actual social uses of the channels are taken more fully into account» (1997:168). Det er altså den sosiale konteksten snarare enn mediet som er bestemmande for korleis språkbruken artar seg, blir det hevda. Dette kjenner vi att i skriftspråklege fenomen som sms-språket.

## 2.12 Omgrepet «literacy»

*Literacy* er eit mykje brukt omgrep i den engelskspråklege lingvistikken, men det er vanskeleg å finne noka fullgod omsetjing til norsk. Fast opererer med termen *skriftspråklege aktivitetar* (2008:40), og legg vekt på at omgrepet inneheld mange tydingar. Ein kan ganske enkelt snakke om den reint tekniske ferdigheita å lese og skrive, men då ser ein vekk frå at literacy i hovudsak er ein sosial aktivitet (2008:41). I det heile er literacy ein kompleks aktivitet, som dreg vekslar på sosial kontekst, ulike tankesett, haldningar, og ikkje minst skriftspråklege hendingar i livet (2008:42-46).

Literacy-omgrepet er òg ein paraply for ulike metodikkar for lese- og skriveinnlæring, noko som er relevant i denne oppgåva. For det første kan ein skilje mellom to hovudretningar i synet på *når* barnet lærer seg å lese. Den første blir kalla for *reading readiness*, den andre *emergent literacy*. Den førstnemnde modellen har eit nokså mekanisk syn på at barnet er klar for å lære seg å lese i ein viss alder, medan den andre tek høgd for at skriftleggjering er ein aktivitet som barnet gradvis tek til seg frå tidleg alder, alt etter kva for omgivnader ein veks opp i (2008:35).

I den formelle undervisninga er det tre metodikkar som har vore rådande. Dei to første blir kalla for den *syntetiske* og den *analytiske* metodikken. Den syntetiske metoden, også kalla *lydmetoden*, går ut på at barnet skal lære seg lyden til kvar enkelt bokstav, for så å setje saman bokstavane til ord (2008:36). Den analytiske metoden handlar om at læraren tek for seg ein tekst saman med elevane, for så å bryte ned denne teksten til meiningar, ord og bokstavar. Slik får eleven tidleg eit meir visuelt bilete av ord og setningar, og læringa kan såleis opplevast meir meningsfull (2008:37).

Den tredje metoden blir kalla for *Lesing på talens grunn* (LTG), og dreiar seg om eit ønske om å integrere verkelegheita til barnet meir i skriftspråksundervisninga. Denne modellen er mykje brukt i Noreg som utgangspunkt for at ein skal gå ut frå dialekten til eleven og vidare inn i nynorsken. Eleven skal stimulerast tidleg til å skrive slik ho sjølv lystar (2008:37-38). Valfridomen i nynorsk er ein svært viktig del i eit slikt metodisk opplegg, fordi ein ønskjer å synleggjere at ein ser på talemålet som det primære. Eit anna poeng er å synleggjere at dei formene som barna sjølv har i talemålet er gode nok til å vere med i ordboka.

### 3. Historia til valfridomen i nynorsk

I det følgjande vil eg gå gjennom den språkhistoriske bakgrunnen for at vi i dag har eit system med hovud- og sideformer i nynorsk. I tillegg vil eg sjå på dei ulike grupperingane innanfor målrørsla i synet på rettskrivinga. Først er det rett nok naturleg å sjå på kva som var utgangspunktet for det heile: Aasen-normalen, og kva for meiningar Aasen sjølv hadde om korleis ein skriftnormal burde vere utforma.

#### 3.1 Aasen-normalen

Men *Norsk Grammatik* (1864), ført i pennen av den sjølvlærde bondesonen Ivar Aasen, låg det føre ein fullstendig og kodifisert skriftnormal av det nye landsmålet. Aasen hadde rett nok tidlegare gitt ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848), men Walton peikar på at det var med *Norsk Grammatik* Aasen la fram den endelege skriftnormalen til landsmålet (1996:486).

Det tok si tid før landsmålet fekk ei offisiell rettskriving. Det skjedde først indirekte i 1885, då Stortinget vedtok at dei to skriftspråka i landet skulle jamstellast, og meir direkte i 1901, då den første offisielle rettskrivinga for landsmålet blei vedteke.

Kva gjekk Aasen-normalen ut på? I botn og grunn kan dette sporast attende til manifestet han skreiv berre 22 år gammal i Stokksund i Herøy. I «Om vort Skriftsprog», først prenta i *Syn og Segn* i 1909, er tankane heilt klare: Siktemålet var å skape eit nytt norsk skriftspråk tufta på ei empirisk samanlikning av alle dialektane. Aasen skriv til slutt i artikkelen at «Ordsamlinger skulle indsendes til et Selskap, oprettet af sprogkyndige Mænd, som skulde anstille Sammenligninger og gjøre Udvalg», og som på grunnlag av dette arbeidet skulle utarbeide «en fuldstændig norsk Ordbog, med tilsvarende Grammatik» (Aasen 1909:5). Det blei Aasen sjølv som gjennomførte dette enorme vitskaplege arbeidet.

Men blei resultatet, altså den endelege skriftnormalen, etande for dei som skulle bruke han? For Aasen var det nemleg ikkje nokon tvil: Norma måtte vere fast, og måtte ha mønster frå dei store klassiske språka, rett og slett for å få vørndnad som skriftspråk. Valfridom var ikkje eit reelt alternativ for Aasen. Dette er han inne på fleire gonger i dei ulike tekstane han skriv om landsmålsprosjektet sitt. I artikkelen «Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform» (1917) skriv han mellom anna at «Sprogformen bør være kun een, hvori de bedste forekommende Former bringes i et bestemt og indbyrdes



harmonernde System, og Ordene tages af det samlede Forraad, dog især af de bedste Dialekter» (Aasen 1917:22). Her er ein inne i noko av kjernen av det Aasen la til grunn for framgangsmåten sin: For det første at norma skulle vere fast, for det andre at ein skulle bruke av det dialektmaterialet som var mest uhilda overfor dansken (det er dette han meiner med «beste Former»), og for det tredje at den indre systematikken skulle vere tydeleg. Ordtilfanget kunne ein ta frå fleire dialektar, skriv han her, og det gjorde han for så vidt òg. 46 prosent av ordtilfanget i *Norske Ordbog* (1873) kom til dømes frå Austlandet. Samtidig er det klart at Aasen omfamna den språklege purismen. Motstanden mot ord som hadde nedertysk og dansk opphav var sterk, og er eit trekk ved nynorsken som heng ved den dag i dag.

Det er ikkje så veldig vanskeleg å finne døme frå brevsamlinga til Aasen som viser at han var oppteken av at forma burde vere einskapleg. Olav Paulson gav i 1869 ut *Lesebok i Landsmaalet*, den første leseboka på landsmål (Allkunne.no 2010a). I eit brev datert 21. mai det same året, skriv Aasen attende til Paulson, som har bedd om løyve til å nytte nokre dikt av Aasen. Paulson har nemnt namn og titlar på det som skal vere med i boka, men vågar ikkje, ifølgje merknadene til Djupedal, å be Aasen sjå gjennom manus. Aasen skriv likevel:

Med Hensyn til Skrivemaaden vilde det være godt, om alle Stykker havde samme Form, saa at det kunde være noget at rette sig efter for Folk som selv vilde forsøge at skrive. Men heri bliver der vel netop en stor Vanskelighed.

Der har nemlig været adskillig Vaklen i Skrivningen, og jeg har endog selv forandret min Skrivemaade i enkelte Smaating; saaledes skriver jeg nu i Ex. til Ordbogen stadig den og det; ofte ikkje for inkje som f. Ex. i Norske Ordsprog var altfor ofte brugt. Dernæst bruger jeg nu oftest "e" i Sammensætning (f. Ex. Stoveglas, Bondegard), ikke "o" og sjelden "a". Ellers er der nogle Forfattere som have forsøgt med flere Forandringer, som jeg ikke kan holde med; saaledes i "Lauvduskar", hvor der staar: talad, svarad, kastad m. m. som dog ialfald burde ende med "e". Jeg synes det vilde være ønskelig om vi nu snart kunde slippe for flere Forandringer.

(Aasen 1958:82-83)

I ei tid der landsmålet skulle vinne innpass, meinte Aasen at det var viktig at alle som tok i bruk landsmålet samla seg kring ein fast skrivemåte, nemleg den han sjølv hadde sett i hop. Han likte dårleg at personar som Vinje skreiv landsmålet på sin eigen måte. Ein kan

nesten få inntrykk av at Aasen meinte det var betre å la vere å skrive landsmål som var utanfor norma: «Det slemmeste er, at der kommer for mange Fuskere, som ville skrive i dette Sprog uden at kunne det, og som saaledes kun gjør Skade ved at forvirre Folkets Begreb om Tingen», skriv han til ein Volter Edvard Lidforss 7. mars 1873 (1958:128). Desse tidlege landsmålsbrukarane som ikkje retta seg etter Aasen-normalen, kallar ein gjerne for *nystavarane* (Sandøy 2008).

For Aasen handla landsmålet om å finne «en Middelform»; han leita etter eit underliggjande mønster i dialektane. Haugen (1975) skriv at då Aasen leita etter dette, «kom han i røynda fram til ein protonorsk, knytt saman ved presise samsvarsreglar til dei eksisterande dialektane så vel som til systerspråka i resten av Norden og deira sams opphav, det norrøne språket» (1975:162). Metodikken var den jamførande dialektologien. Haugen meiner difor at Aasen ikkje *konstruerte* eit språk, slik kritikarane av landsmålet hevda han gjorde, men snarare *rekonstruerte* eit språk (1975:161). Men språknorma skulle altså vere fast.

### 3.2 Den første rettskrivinga – Hægstad-normalen 1901

Sidan landmålet hadde blitt offisielt jamstilt med dansken i 1885, og det synte seg problematisk å samle seg kring Aasen-normalen, blei det sett ned ei rettskrivingsnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1898. Nemnda bestod av landsmålsprofessor Marius Hægstad, som leia nemnda, Arne Garborg og Rasmus Flo. I tilrådinga til ny rettskriving delte nemnda seg i to. Hægstad føreslo ein lett modifisert variant av Aasen-normalen, medan Flo og Garborg ønskte ei radikal endring gjennom den såkalla *midlandsnormalen*. Forslaget til Garborg og Flo tufta seg mykje på vesttelemålet, og hadde såleis med triklengen i bøyinga av substantiv, som *Skaalir – Skaaline*, og *Visur – Visune* (Torp og Vikør 1993:176).

Meir viktig i denne samanhengen enn dei einskilde rettskrivingane, er innstillinga Kyrkje- og undervisningsdepartementet gav i 1901. Departementet gjekk nemleg inn for å godkjenne Hægstad-normalen som den offisielle rettskrivinga, men let midlandsnormalen vere valfri for elevane i skulen. Alt ved den første offisielle normeringa til landsmålet får ein altså valfridom, men valfridomen gjaldt berre mellom dei to «pakkane» med rettskriving. Ein kunne ikkje plukke former fritt frå begge rettskrivingane.

### 3.3 Samnorsk-tanken veks fram

Sjølv om målstriden for mange dreidde seg om at den eine målforma skulle skyve ut den andre, var det tidleg tankar om at dei to skriftspråka kunne nærme seg kvarandre og bli éi norsk målform, bygt på folkemåls grunn, som det heitte. Det er på bakgrunn av dette at samnorskpolitikken voks fram, der ein med politisk styring prøvde å konvergere dei to målformene bokmål og nynorsk til eitt norsk skriftspråk. Ein av dei fremste talsmennene for samnorsktanken var folkeminnegranskaren Moltke Moe, som meinte Aasen hadde gått for langt i arkaiseringa si av landsmålet og at det blei feil å ikkje ta omsyn til dei folkelege bymåla. Moe meinte Aasen hadde vore «enøiet» når han berre tok med dialektgods frå «de bedste Dialekter». Samtidig såg Moe verdien av at landsmålet drog dansken i ei fornorskande retning (Moe [1970]:271). Og løysinga var altså å la dei to språka smelte saman.

Etter den første rettskrivingsreforma til riksmålet i 1907, blei det sett ned ei nemnd som skulle sjå på mulegheitene for eit samarbeid mellom landsmål og riksmål, den såkalla Eitrem-nemnda. Resultatet av arbeidet blei at ein ikkje kunne tilrå rettskrivingsendringar i riksmålet, fordi det var så kort tid sidan dei førre endringane (Språkrådet 2010e). Landsmålet fekk derimot nokre endringar som blei gjort valfrie for skuleelevar.

### 3.4 1917-rettskrivinga

Det var med 1917-rettskrivinga det blei alvor av samnorsktanken, og med det valfridom i rettskrivinga. Utvalet som skulle arbeide fram ei ny rettskriving blei peika ut alt i 1913, og mandatet var at ein skulle arbeide for ein «størst mulige tilnærmelse mellem vort lands to skriftsprog gennem en sund, naturlig og lovmæssig utvikling av dem begge» (Språkrådet 2010b). Utvalet som la fram dei to nye rettskrivingane kom ifølgje Torp og Vikør for riksmålet sin del med «uventade radikale framlegg når det gjaldt 'fornorsking', som det heitte» (1993:220). Til dømes blei det valfritt med ei lang rekkje ordformer frå dialektane og landsmålet: *bru*, *stein*, *laus*, og *golv*. Det blei òg valfritt med -a i hokjønnsformer og i fortidsformer i verb. For landsmålet sin del var viktige endringar at det blei valfritt å bruke -a i sterke hokjønnsord, og ein kunne dessutan velje ord med monoftong i enkelte høve, t.d. i *drom*, *høst* og *høra*.

Den korte versjonen av mottakinga av den nye rettskrivinga, er at dei obligatoriske endringane i riksmål blei godtekne, medan dei valfrie blei forkasta over ein

låg sko. Dei obligatoriske formene blei oppfatta som grei fornorsking, men dei valfrie blei sett på som vulgarisering av riksmålet. For landsmålet sin del var resepsjonen annleis. 1917-rettskrivinga førte til at ein fleire stader i landet tok i bruk dei valfrie formene, og ideologisk fekk ein ei deling mellom i-målsfolk og a-målsfolk.

### 3.5 1938-rettskrivinga

I 1934 kom eit nytt rettskrivingsvedtak frå Stortinget, og endå ei nemnd blei sett saman. Mandatet var å skape «1. ei tilnærming på norsk folkemålsgrunn mellom dei to måla i rettskriving, ordformer og bøyingsformer, 2. ei avgrensing av dei mange dobbeltformene (obligatoriske – valfrie) som no finst i baa måla» (Språkrådet 2010c).

Arkitekten bak 1938-rettskrivinga var i all hovudsak Arbeidarparti-mannen og historikaren Halvdan Koht (1873-1965). Med føter innanfor både Østlandsk Reisning og Noregs Mållag, var han den fremste talsmannen for folkemålslinja i tjue- og trettiåra (Torp & Vikør 1993:222). For Koht var folkemålstanken, tanken om eitt norsk skriftspråk, som var tufta på dei folkelege bymåla òg, ein lekk i ein større politisk visjon med både språkleg frigjerung og sosial likestilling som mål. Sidan dei folkelege bymåla på Austlandet stod sterkt nett der det var mykje arbeidarfolk, var dette eit språkleg legitimt prosjekt.

Det var med 1938-rettskrivinga at tonivåsystemet med hovudformer og sideformer blei innført, slik vi kjenner det i dag. For bokmålet sin del førte den nye rettskrivinga til kraftige protestar etter krigen; hovudformene blei igjen oppfatta som vulgære. Dette utløyste både foreldreaksjonar og bokbrenning, og førte til sjuande og sist til at ein ny alternativ skriftnormal blei vekt til live, riksmålet, som blei teken i bruk av svært mange, inklusiv sterke normagentar som riksavisene.

Ifølgje Torp og Vikør (1993) heldt kløyvinga mellom a- og i-målsfolk i nynorskleiren fram etter 1938-rettskrivinga. Men a-målet auka i popularitet, og blant desse var lojaliteten til den nye rettskrivinga sterk.

### 3.6 1959-rettskrivinga

Rettskrivingsnemnda frå 1934 var prinsipielt imot å stille opp ein læreboknormal som gjorde at ikkje alle formene var reelt likestilte. Når dette likevel blei resultatet, kom det av at departementet var usamd med denne innstillinga. Det blei rett nok snart klart at

læreboknormalen frå 1938 blei oppfatta som for vid, og så snart Norsk Språknemnd blei nedsett i 1952, blei det peika ut ei ny nemnd som skulle arbeide fram eit nytt forslag til ein læreboknormal: *Læreboknormalen av 1959*.

For nynorsken sin del, ser valfridomen likevel ut til å ha auka noko. Mange tilnæringsformer som før hadde vore sideformer, blei no jamstilte hovudformer, som t.d. skole/skule og søndag/sundag. I det heile ser det ut til at det skjedde ei «modernisering», t.d. i form av at y blei bytt ut med ø som hovudform i ord som *først*, *bøtte* og *følje* (Torp og Vikør 1993:238). I bokmålet var ein meir varsam, etter alt å dømme fordi 1938-reforma hadde skapt slikt eit rabalder. Resepsjonen av den nye rettskrivinga i riksmålskrinsar var likevel knusande.

1959-rettskrivinga har blitt ståande stort sett uendra fram til i dag, men unntak av ei bokmålsreform i 1981, der fleire konservative former igjen blei gjort til likestilte hovudformer. I nynorsk har det vore få endringar. Dei endringane som kom, har auka valfridomen. Dette gjeld t.d. samsvarsbøyinga av perfektum partisipp og bøyinga av fortidsformer i verb (t.d. *kjende/kjente*).

### 3.7 Ulike ideologiske grupperingar

Valfridomen har blitt teken i bruk på ulikt vis av bokmåls- og nynorskbrukarar. I argumentasjonen for valfridom i nynorsk rettskriving, blir det stadig framheva at medan dette har vore ei viktig side ved språket for nynorskfolk, har valfridom hatt lite eller ingenting å seie for dei som skriv bokmål. Dette blir likevel ikkje heilt rett, for den politiske radikalisinga frå slutten av 1960-talet og på 1970-talet førte òg til at ein i større grad tok i bruk a-endingar i bokmålet. Skilnaden mellom bokmåls- og nynorskleiren har nok i større grad handla om at retorikken til riksmålsideologien har rådd grunnen i så sterk grad, kanskje i sterkare grad enn kva den tradisjonelle nynorskideologien har gjort. Dei som forfekta ein meir tradisjonell nynorsk med i-mål som ei viktig signalform, har forsvunne, og er i dag redusert til marginale grupper i form av Vestmannalaget. Eit anna interessant moment er at det i bokmålet i dag *er* ein del variasjon. Dette ser likevel ikkje ut til å bli problematisert i like stor grad som valfridomen i nynorsk.

I det følgjande skal eg presentere dei to viktigaste grupperingane innanfor synet på nynorsk rettskriving.

### 3.7.1 Folkemålslinja

Folkemålslinja har røter attende til både samnorsk-tanken og det sosiale omveltingsprosjektet til Halvdan Koht. Truleg kan ein òg kople ho opp mot dei såkalla nystavarane og Arne Garborg. Garborg gjekk nemleg frå å vere nasjonalt orientert kring landsmålet, til å bli meir samnorskvennleg. Slik vi kjenner ideologien i dag, kom han likevel først til sitt fulle uttrykk med den politiske radikaliseringa og den parallelle utdanningsveksten frå slutten av 1960-talet og utover 1970-talet, der ein sterk raudleg tone i den politiske orienteringa gjorde seg gjeldande. Valfridom i rettskrivinga blei aktivt teken i bruk innanfor nynorsk som ein læremetodikk, ikkje nødvendigvis for at målformene skulle nærme seg kvarandre, men fordi å skrive nærast muleg dialekten sin skulle gi ei språkleg og sosial frigjering. Klammeformer var ikkje bokmålsformer, med *talemålsformer*. I og med utdanningsekspløsjonen førte dette til at dei som stod for ei slik tilnærming til skriftspråket gav ut pedagogisk litteratur som viste korleis ein kunne arbeide aktivt ut frå sin eigen dialekt og byggje bru over til ein nynorsk som låg nær dette talemålet. Valfridomen var såleis nøkkelen til ei slik pedagogisk tilnærming. I boka *Frå dialekt til nynorsk – Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål* (Lorentsen 1981), skriven av seks norsklærarar ved Orkdal vidaregåande skole, kjem denne metodikken tydeleg fram. Her frå innleiinga i læreverket:

Alle metodiske opplegg må bygge på den pedagogiske grunnregelen at ein skal gå frå det kjente til det ukjente. Det kjente har vanlegvis vore oppfatta som den skriftnormalen elevane alt kan, altså bokmål. Det ukjente, det dei skal lære, er den nynorske normalen. Men det er ein ting som manglar i denne modellen: samanhengen mellom nynorsk skriftspråk og norske dialektar. Det skulle vera ei kjent sak for alle morsmålslærarar at nynorsken bygger på grunnmønstra i norske målføre, og at samanhengen mellom dialekt og skriftspråk er eit særmerke ved den nynorske skriftnormalen.

Ut frå ei språkvitskapleg vurdering må det derfor vera rettare å begynne med dialekt i den pedagogiske modellen frå det kjente til det ukjente. (1981:7)

At denne ideologien fekk innpass også i målrørsla, kan vi greitt konkludere ut frå det faktum at slagordet «Tal dialekt, skriv nynorsk» blei vedteke som slagord av Noregs Mållag på landsmøtet i Rauland 7. august 1976 (Allkunne.no 2010b).

Ei viktig side ved folkemålslinja er den retoriske kampen. I staden for å legitimere nynorsk utifrå eit *nasjonalt* argument, er argumentasjonen *sosial*. Det er snakk om folkemål

mot overklassemål, ikkje dansk mot ein heilag høgnorsk normal, som Helge Sandøy peikar på i artikkelen «Målsaka – nasjonal eller sosial?» i artikkelsamlinga *Språk og politikk* (1975):

Vi har sett at det nasjonale treng ikkje vere uaktuelt i dag. Men av di omgrepet har så uklare tydingar, må vi forklare korleis vi bruker det. Er det den høgnorske bruken som kjem fram att, må den avvisas av di den er folkemålsfiendslig og reaksjonær politisk sett. Den vil skuve til sides det sosiale innhaldet i målideologien, som dei siste åra har gitt målarbeidet framgang. (1975:57)

Ein målideolog som fekk lite gjennomslag for tankane i samtida si, Olaus Fjørtoft (1847-1878), fekk ein renessanse på 1970-talet. Dei radikale tankane frå denne sosialisten kom kanskje klårast til uttrykk i aforismen «Maale e te fyr oss, og inkje me fyr Maale» (sitert i Sandøy 1975).

Det er mange talspersonar for folkemålslinja. Til dømes kan vi lese i *Dag og Tid* 21.11.2008 at Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, professor i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger og medlem i Nynorsklaget, meiner det blir heilt feil å konkludere med at nynorsken er i ei slags indre krise, noko han meiner ein kan lese mellom linjene i språkmeldinga *Mål og mening* (2007-2008). Å ta i bruk hjarteformene sine er framleis viktig for dei aller fleste nynorskbrukarar, blir det hevda. Magne Rogne, stipendiat i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger, langar òg ut mot ei stram norm i eit lesarinnlegg i *Bergens Tidende* 30. september 2007. Om Språkrådet sitt ønske om å lage ei norm som er stabil over tid, seier han at:

Det er sjølvsagt den våte, konservative draumen til dei fleste som arbeider profesjonelt med språk. Då kan ein lære seg norma, trekkje stigen opp etter seg og nytte tida til å skjelle ut den håplause ungdommen som ikkje greier (eller vil?) lære ei skriftnorm som talespråket deira forlengst har fjerna seg frå.

Rogne fryktar at ei ny stram norm vil dreie i konservativ lei, og at nynorsken blir «det nye riksmålet». I staden for å stramme inn, burde ein ta innover seg språkbruken i det Rogne kallar for «språkleg sett demokratiske frisoner», nemleg slik ungdom skriv i tekstmeldingar og på Internett. Rogne peikar elles på at ein gjerne må fjerne delinga mellom

hovud- og sideformer, for «den slags a- og b-stempel på ord og sideformer treng ikkje staten å formidle».

Dei sterkaste representantane for folkemålslinja, dei som kanskje nyttar nynorsk mest, er ein del forfattarar. I *Bergens Tidende* 13. oktober 2007 skriv 35 forfattarane under på eit lesarinnlegg med tittelen «Ikkje rør språket vårt». Her peikar dei på at vedtaket til styret i Språkrådet er gjort utan noka form for høyring, og argumenterer vidare med at dei ser på det som ein «særskild rikdom ved nynorsken at me kan leggja skriftspråket opp til vårt eige talemål». Ofte blir det peika på at forfattarar likevel ikkje er pålagde å følge ei offisiell rettskriving. Til dette seier dei at «me kjem òg til å kjenna presset, frå forlag og lesarar, om å retta oss etter det som er norma, om å skrive ”rett”». Forfattarane legg dessutan vekt på at fleire av dei har røynsle frå skuleverket og har kjennskap til at ungdom brukar sideformer – former dei trur ikkje kjem med i den nye rettskrivinga.

Kva er så argumentasjonen til folkemålslinja? I det følgjande byggjer eg framstillinga på Vikør (1999). Han set opp to motpolar i form av argumentasjonen til to sentrale fagpersonar i normeringsmiljøet: Jan Terje Faarlund og Helge Sandøy. Argumenta til Faarlund lyt eg kome attende til nedanfor.

Når det gjeld ordtilfanget, det funksjonelle nivået i språket, er Sandøy og Faarlund samde om at ordtilfanget bør vere ope. Usemja dreiar seg om det formelle nivået, altså valfridom i formene. Argumenta til Sandøy er hovudsakleg desse:

1) Skriftmålet er sekundært i høve talemålet. For godtfolk er talemålskjensla grunnleggjande og konstituerande for den personlege språkidentiteten. Skriftspråket må difor leggjast til rette slik at flest muleg kan kjenne att talemålet sitt i skrifta. Slik vil folk oppleve at nynorsken er deira mål. Dette føreset ein skriftnormal med stor valfridom (1999:227).

2) Nynorsken er tufta på ein tankegang og ein ideologi der respekt for dialektane og språkkjensla til folk er viktig. Mykje tyder elles på at nynorsken er i ferd med å bli konsolidert kring ei rad hovudformer i enkelte geografiske område og i enkelte språkmiljø. Det er difor ikkje rett at nynorsken er «formlaus». Nærleik til talemålet og valfridom er likevel viktig for å at folk skal bli verande nynorskbrukarar, og at andre skal ta han i bruk (*ibid.*).

### 3.7.2 Einskapslinja

Den andre retninga i synet på utforminga av skriftnormalar, *einskapslinja*, dekkjer fleire grupper. Ein kan rekne med både tradisjonalar som har ei sterk nasjonal-historisk



orientering i linja frå Aasen, folk som ønskjer ein såkalla midtlinjenormal, og sikkert dei som ønskjer ein meir «moderne» nynorsk òg. Ein ting er ein iallfall samd om:

Skriftnormalen bør vere stram og enkel å halde seg til.

Argumentasjonen som blir lagt til grunn, er som nemnt henta frå Vikør (1999), som igjen baserer seg på synet til Faarlund. Momenta kan samanfata slik:

1) Ein skriftnormal er sjølvstendig i høve talemålet, på eit prinsipielt plan.

Skriftmålskjensla til folk er ikkje avleidd av talemålskjensla. Dette står ikkje i vegen for at det er ei monaleg grad av samsvar mellom talemål og skriftmål, men det er det likevel i dei to norske skriftformene våre i dag (1999:226).

2) Det er ein allmenn og nødvendig eigenskap ved ein skriftnormal at han er fast i form, med klare reglar for skrivemåte og bøyning. Han skal likevel vere fleksibel i funksjon, og såleis ha fridom i ordtilfang og bruk av stilistiske verkemiddel. Nynorsken er normert etter det motsette prinsippet, med valfridom i form, men ei puristisk avgrensing på det funksjonelle planet. Nynorsken framstår difor som «laus i fisken», vanskeleg å identifisere, og med eit nokså eindimensjonalt stilistisk nivå (1999:226 ff.).

I tillegg blir det andre stader framheva som ei taktisk ulempe for nynorsken at han står åleine om å ha eit skilje mellom hovud- og sideformer. I *Nynorskerettskrivinga* kjem dette synet fram i dissensframlegget til Grønvik, Veka, Runnestø og Skadberg: «Eit rettskrivingssystem med to statusnivå er ein kuriositet i lingvistisk samanheng, om ein jamfører med andre europeiske standardspråk, og det kan skape inntrykk av at tilhøva rundt nynorsk skriftmål er meir kompliserte og mystiske enn dei er.» (2002:197). Dette er for så vidt ikkje eit argument for einskap, men eit argument mot hierarkiet i rettskrivinga. Når det er sagt, går motframlegget til gruppa inn for ei ganske sterk innstramming av valfridomen.

Forfattarane Jon Fosse og Edvard Hoem er to av dei som tydelegast seier at nynorsken bør bli strammare i formverket, men samtidig ha eit ope ordtilfang. Hoem seier han ønskjer å skrive ein nynorsk som er «moderne og landsgyldig, eit språk som flest mogleg kan kjenne seg igjen i» (Hoem 1996:6). Han vil ikkje å skrive ein nynorsk det «osar Vestland av». Hoem er i det heile svært tydeleg på kva han meiner:

For at fleire skal oppdaga dei fordelane som ligg i den nynorske målforma, må det bli mindre valfrie rettskrivingsformer i nynorsken, slik at det finst ein definitiv og eintydig konvensjon for skriftmålet, som det er mogleg å lære, sjølv om ein har bokmål eller eit utanlandsk språk som grunnlag. At denne skriftnormalen er klar, eintydig og logisk er viktigare enn om han er radikal eller konservativ. Dei talrike valfrie formene i begge

skriftmåla er ein rest frå den tida da ein systematisk prøvde å føre dei saman. I dagens situasjon er dette eit heilt uaktuelt perspektiv. (1996:9)

Den verdskjende dramatikaren Jon Fosse er heller ikkje redd for kva ei innstramming kan bety for språket hans. Han uttalar til *Bergens Tidende* 13. oktober 2007 at «Det er rett å stramme inn nynorsken, med tanke på dei stakkarane som prøver å lære seg nynorsk. Ein treng ein norm, og den finst ikkje no». Han legg vidare vekt på at ein skjønnlitterær forfattar kan «skrive kva du vil, berre du skriv godt», og legg til at han ikkje er imot mangfaldet. «Men malen ein skal lære nynorsk etter, bør vere enklare», presiserer han.

Det kan diskuterast kor tenleg det er plassere dei to grupperingane – folkemålslinja og einskapslinja – i eit politisk landskap. I omtalen av folkemålslinja gjekk eg langt å karakterisere ho som raud, politisk sett. Men dette kan vere ei altfor grovkorna framstilling i dag. Det kan likevel vere tenleg å sjå på korleis dei politiske straumdraga på slutten av 1960- og -70-talet var med og forma tankar kring språkbruk og -normer. Om ein legg denne framstillinga til grunn, vil ein som orienterer seg til venstre politisk og som stør folkemålslinja, kanskje oppleve einskapslinja som temmeleg autoritær.

## 4. Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for sentrale vitskapsteoretiske innfallsvinklar. Eg vil først ta for meg sentrale retningar som positivismen og hermeneutikken, før eg går inn på det sentrale skiljet mellom kvantitativ og kvalitativ forskning. Metodikken rundt bruk av spørjeskjema vil òg kome fram, og kva avgrensingar i forskinga ein må trekkje på grunnlag av dette. Til sist kjem eg til å gå inn på statistisk metode.

### 4.1 Samfunnsvitskapen i eit fugleperspektiv

Samfunnsvitskapen, slik vi kjenner han i dag, står i eit slektskapsforhold til andre humanistiske fag, eller meir presist det vi kan kalle for *åndsvitskapane*. Desse vitskapane voks fram ved overgangen til 1800-talet, meir eller mindre fordi tolkingsdimensjonen i naturvitskapane blei avvist. I renessansen såg ein framleis på naturvitskapane som eit uttrykk for Guds orden, men med ideala til opplysningstida oppstod det ei stadig aukande avmystifisering av verda. Mennesket kunne med naturvitskapane kontrollere verda og *forklare* korleis ho er samansett ved hjelp av empiri og den hypotetisk-deduktive metoden (Skirbekk og Gilje 2007:325 ff.). I denne samanhengen var det naturleg nok liten plass for det ein kallar humaniora: «Tilfredsstilte dei i det heile nokon av dei krav som blir stilte til «god vitskap»», spør forfattarane av *Filosofihistorie* (2007:325).

Det er her det fundamentale skiljet mellom naturvitskap og åndsvitskap går. For å legitimere åndsvitskapane blei difor to strategiar mulege: 1) Ein kan gi åndsvitskapane status som teoretiske vitskapar, og 2) ein kan leggje til grunn at åndsvitskapane har fundamentalt andre typar forskingsobjekt (nemleg mennesket og alt det mennesket skaper). Ein kan difor ikkje samanlikne dei to vitskapane (2007:325). Det er her Wilhelm Dilthey (1833-1911) sitt perspektiv på åndsvitskapane sin eigenart verkar klårgjerande. Medan ein i naturvitskapane har ein forklarande metode, søkjer ein i åndsvitskapane ein *forståande* metode. Denne dualismen høyrer ifølgje Skirbekk og Gilje til «dei viktigaste og mest omdiskuterte spørsmåla i moderne vitskapsteori» (2007:329).

#### 4.1.1 Hermeneutikk

Det er i ein slik forståande metode at *hermeneutikken* blir sentral, også kalla tolkingsvitskap. Religionsfilosofen Friedrich Schleiermacher (1768-1834) blir tilkjend æra for å ha formulert *den hermeneutiske sirkel* først, som går ut på ein ikkje kan forstå heilskapen utan å

forstå delane, men heller ikkje forstå delane utan å forstå heilskapen. For Schleiermacher blei det viktig «å kunne leve seg inn i det individuelle, unike sjelsinnhaldet («individualitet») bak teksten», og å ha evne til å setje seg inn i «forfattarens og tekstens horisont» (Skirbekk og Gilje 2007:328). Dilthey vidareførte desse tankane, og for han stod åndsvitskapane for ei hermeneutisk vending, der tyngdepunktet var tolkinga av språklege uttrykk. Eit anna viktig moment for Dilthey var at forskaren si forståing baserte seg på ei gjenoppleving av ei opphavleg oppleving, og la til grunn for dette følgjande premis: «Han går ut frå at der er eit visst «slektskap» mellom det subjekt som var opphav til uttrykket og det objekt som forsøker å forstå det.» (2007:329). Ei formulering av Dilthey er særskild klargjerande for utforskinga hans av eigenarten til åndsvitskapane: «Berre det ånda sjølv har skapt, forstå den. Naturen, naturvitskapens objekt, omfattar ein realitet som er frambrakt uavhengig av åndas virke. Alt det som mennesket har sett sitt preg på, dannar åndsvitskapanes gjenstand.» (Dilthey i Skirbekk og Gilje 2007:329 ff.).

#### 4.1.2 Durkheim og sjølv mordet

Ein sentral grunnleggjar av den moderne sosiologien var Emile Durkheim (1858-1917). Utgangspunktet hans var å sjå på samhaldet i samfunnet, om det var veikt eller sterkt, og finne grunnane til kvifor det var som det var. For å utforske dette, la han vinn på å få kjennskap til kvifor nokre samfunn hadde høgare sjølv mordsrate enn andre samfunn. Ved å finne variasjonar innanfor førekomstane av sjølv mord som han kunne handsame statistisk, t.d. kjønn, religiøs og sosial bakgrunn, osv., la han grunnlaget for å setje dette inn i ei teoretisk ramme (Skirbekk og Gilje 2007:409). Dermed blei samfunnsvitskapen meir enn berre rein forståing. Dette må kort sagt og svært forenkla seiast å vere forløparen for all kvantitativ samfunnsforskning.

#### 4.1.3 Omgrepet positivisme

Metoden til Durkheim kan seiast å vere dels positivistisk. Kva er det så som ligg i dette litt utskjelte omgrepet? (Jamfør positivismedebatten i Noreg frå 1950-talet og utover (Johannessen, Tufte og Kristoffersen 2005:311)). Den positivistiske metoden, i samfunnsvitskapleg samanheng, går i korte trekk ut på at ein brukar naturvitskaplege metodar for å kartlegge sosiale fenomen, for så å setje det inn i ei teoretisk ramme. Her blir omgrepet *empiri* viktig. Empiri kan definerast som erfaringsbasert vitskap; det er berre dei fenomenene vi kan sanse og oppfatte, som kan leggjast til grunn for ny kunnskap.

Vidare er det slik at dette må gjerast systematisk for at det skal vere nokon verdi i det, og forskaren skal i minst muleg grad påverke resultatet ved t.d. å vere til stades når ein samlar inn og observerer data.

Kritikken mot bruken av ein positivistisk innfallsvinkel til samfunnsvitskapleg metode handlar i stor grad om at statistiske observasjonar ikkje eignar seg til å fange heile *meningsaspektet* ved menneskeleg samhandling (Johannessen mfl. 2005:312). Menneskeleg aktivitet kan ikkje forståast ut frå «naturbestemte» lover basert på statistisk innsamla materiale. For å kome under huda og forstå sjølvve meininga bak menneskeleg samhandling, må forskaren sjølv delta i forskinga. Det er her skiljet mellom det *kvantitative* og det *kvalitative* forskingsopplegget går.

## 4.2 Kvalitativ versus kvantitativ forskning

Dette grunnleggjande skiljet mellom kvantitativ og kvalitativ forskning er fundamentalt viktig å forstå når ein arbeider med granskingar av sosial art, i dette tilfellet det sosiolingvistiske fagfeltet. Her følgjer ei kort utgreiing om kva som særmerker dei to metodane i innsamling av data:

*Kvantitativ forskning* går ut på å samle inn data i talform, som igjen kan analyserast ved hjelp av statistiske metodar. Ein søkjer å måle sosiale fenomen, som t.d. haldningar til språk. Dette blir som regel gjort gjennom spørjeundersøkingar som respondentane fyller ut. Slik forskning har såleis ein matematisk dimensjon over seg. På grunnlag av statistiske metodar legg ein fram både deskriptive data, altså reint beskrivande data, men òg data som ein *korrelerer* med kvarandre. Ein kan t.d. sjå på korleis variabelen kjønn har såkalla samvariasjon med ein annan variabel, t.d. karakterar, og ut frå dette konstatere om det er skilnader eller ikkje mellom kjønna med omsyn til karakterar. Eit anna viktig omgrep er i så måte *statistisk signifikans*, som eg kjem meir innpå. På grunnlag av hypotesar ein set opp før datainnsamlinga, ønskjer ein å anten avkrefte eller stadfeste hypotesane sine. Ein deduserer såleis både på grunnlag av tidlegare kunnskap (hypotesar), og på grunnlag av den nye informasjonen som er samla inn. Deretter kjem ein fram til eventuelt ny kunnskap eller stadfesting og styrking av tidlegare kunnskap. Difor blir denne metoden kalla for den *hypotetisk-deduktive metoden*. Det bør likevel understrekast at metoden ikkje alltid er totalt samanfallande med den kvantitative metoden.

*Kvalitativ forskning* har som ideal å vere nær forskingsobjektet, og dette skjer som oftast i form av samtaleintervju. Data som blir samla inn er ikkje kategorisert på førehand

– det skjer i ettertid i bearbeidinga av materialet og kan ikkje utan vidare teljast. Informasjonen ligg føre i form av tekst, lyd eller bilete (Johannessen mfl. 2005:313). Ei slik tilnærming til forskingsobjektet har ei langt større grad av openheit og fleksibilitet i seg, der den kvantitative metoden ofte er meir låst og strukturert i form av spørjeskjemaet. Ein annan eigenskap ved den kvalitative metoden som skil han frå den kvantitative, er at fortolkinga og analysen i stor grad skjer både undervegs og etter innsamling. Den kvantitative metoden har som regel eit tydelegare skilje her. Difor kan ein seie at ei hermeneutisk tilnærming til datamaterialet nok har ein viktigare posisjon i kvalitativ forskning. Dette betyr likevel ikkje at ein *ikkje* fortolkar i kvantitativ forskning: Harddata, tala, må òg fortolkast og kommenterast og setjast inn i ein teoretisk samanheng. På hi sida kan ein òg bruke tal i eit kvalitativt forskingsmateriale, t.d. ved å sortere ulike typar svar i kategoriar og telje dei. Det er slik lite tenleg å operere med vasstette skott mellom dei to forskingsdisiplinane.

I spørjeskjemaet mitt har eg i stor grad brukt opne svar òg. Hovudvekta er likevel lagt på den kvantitative behandlinga, og difor vil eg i det følgjande gå inn på nøkkelomgrep innanfor denne disiplinen.

## 4.3 Kvantitativ forskning – nokre viktige omgrep

### 4.3.1 Forskingsprosessen

Eg nemnde ovanfor den hypotetisk-deduktive-metoden. Ei meir jordnær framstilling av korleis ein prøver å tilnærme seg den sosiale og språklege verkelegheita, kan ein få ved å dele forskingsprosessen i fire: 1) Førebuing, 2) datainnsamling, 3) dataanalyse, og 4) rapportering (Johannessen mfl. 2005:39). Det er viktig å understreke at denne prosessen blir prega av kva *fokus* og *forståingshorisont* forskaren har, og suksessivt kva seleksjon ho gjer i både utforminga av spørjeskjemaet og korleis ho analyserer data. Alle har vi ei forståing av kva vi meiner er viktig å leggje vekt på når vi ønskjer å undersøkje eit sosialt fenomen systematisk, og ein vel såleis vekk, umedvite og medvite, andre inngangar til stoffet. No kan det verke som forskaren er ein plattenslagar som berre ønskjer å stadfeste sine eigne fordommar om eit emne, basert på ein trong teoretisk forståingshorisont og leiande spørsmål. Det kan difor vere tenleg å ta med eit par sitat frå Hjernevask-debatten som rir landet når denne oppgåva blir skriven.<sup>23</sup> Historikar og

---

<sup>23</sup> Hjernevask-debatten handlar i korte trekk om kva som er viktigast: Arv eller miljø? Biologien, ein naturvitskap, har andre svar på dette enn sosiologien og samfunnsvitskapane. I programmet «Hjernevask» på NRK1 stiller Harald Eia

journalist Jon Hustad (2010) langar ut mot kjønnsforskar Jørgen Lorentzen, som han kallar ein «ideologisk forblinda mann»: «Forskingsmetode er i grunnen nokså enkelt: Så fordomsfritt som råd skal vi søkje etter sanninga. Måten vi gjer det på, er gjennom å freista å få avkrefta våre eigne hypotesar. Det vi sit att med, presenterer vi i det offentlege romet.» Men slik gjer ikkje Lorentzen det, meiner Hustad, «for han veit». Motinnlegg har kome, og Ketil Skogen (2010), professor II i sosiologi ved Universitetet i Oslo, meiner at denne einsidige vektlegginga av naturvitskaplege metodar er eit naivt vitskapssyn:<sup>24</sup>

Forestillingen om at vitenskapen kan produsere nøytrale fakta i et sosialt vakum er ytterst naiv, og dessuten skadelig. Mitt utgangspunkt er omtrent motsatt: Naturvitenskapelig forskning foregår i en samfunnsmessig kontekst som mange naturforskere ikke forstår, ikke interesserer seg for, eller på prinsipielt grunnlag avviser som irrelevant. Naturvitenskapen har selv vært en enorm politisk kraft. (Skogen 2010)

Denne debatten illustrerer for det første kor viktig det er at ulike fagfelt snakkar saman og stiller spørsmål ved omgrepet *sanning*. For det andre viser ordskiftet at forskarar kan vere selektive i arbeidet sitt, og dette gjeld sjølvsagt både biologar og samfunnsvitarar. Endeleg synleggjer debatten kor viktig det er at forskarar arbeider intersubjektivt: At ein publiserer forskingsmateriale og ser kvarandre i korta (Johannessen mfl. 2005:45). Slik sett kan ein seie at Hjernevask-debatten har vore eit gode. Men fordi sympatien og premissen for debatten i utgangspunktet låg i den biologiske leiren, må ein seie at han utvikla seg til å likne ei heksejakt på kjønnsforskarane.

#### 4.3.2 Induktiv versus deduktiv metode

Skiljet mellom *deduktiv* og *induktiv* metode er òg svært sentralt i vitskapsteorien. Med deduktiv metode meiner ein at forskaren først dannar seg ei forventning, altså hypotesar, om korleis verkelegheita ser ut, for så å teste ut desse gjennom systematisk innsamling av data (empiri). Ein kritikk av denne metoden er at forskaren berre leiter etter det ho helst sjølv vil sjå, altså ei slags stadfesting av eigne fordommar, og dermed unngår å få med svært viktig informasjon (Jacobsen 2005:28 ff.). Den andre retninga, induktiv metode, handlar altså om det motsette: Å gå ut i forkinga med eit ope sinn, for så å basere ein

---

norske kjønnsforskarar til veggs med empirisk fundert datamateriale frå tunge forskingsinstitusjonar i utlandet. Men fleire av dei norske forskarane avviser denne forkinga, og meiner t.d. at homofili ikkje er ein medfødd attributt.

<sup>24</sup> Det bør presiserast at Skogen først og fremst svara på eit innlegg frå vitskapsjournalist Bjørn Vassnes i *Dagbladet* 16.3.2010.

teori på grunnlag av det ein har samla inn. Ein kritikk mot denne metoden er at det er naivt å tenkje seg at forskaren kan gjennomføre undersøkingar med eit heilt ope sinn, fullstendig blotta for seleksjon av alle relevante fakta.

Ei sentral retning innanfor kvalitativ forskning som har slektskap med den induktive metoden, er *Grounded theory*. Metoden blei grunnlagt av Glaser og Strauss, som kritiserte samfunnsforskninga for å ta for mykje utgangspunkt i gjeldande teoriar. Ein meinte at hypotesane til forskarane blei for sterkt forankra i desse. Ein burde gå andre vegen, meinte Glaser og Strauss, og utvikle teoriar ut frå empirien sjølv (Johannessen mfl. 2005:171).

I dag er det blitt meir vanleg å snakke om opne versus meir lukka tilnærmingar til undersøkingar (Jacobsen 2005:35 ff.). Som vi skjønar, er det likskapstrekk med motpolane positivisme og hermeneutikk, og kvantitativ og kvalitativ forskning. Eit kvantitativt forskingsopplegg vil såleis vere meir lukka enn ei kvalitativ tilnærming til forskingsobjektet.

### 4.3.3 Reliabilitet og validitet

I kva grad er dei data vi har samla inn pålitelege? Det er spørsmålet ein bør stille seg når ein skal ta omsyn til *reliabiliteten*. Dette har eigentleg å gjere med ein aksept av at det ein undersøker, ikkje kan undersøkjast hundre prosent objektivt, slik den positivistiske forskingsmetoden legg til grunn. Vi må altså spørje oss: Kva effekt har forskaren sjølv på undersøkinga, og kva effekt har undersøkinga på respondentane når dei svarar på spørsmål? Eit kjent dilemma er den såkalla observatøreffekten: Når nokon veit at dei blir observerte, vil dei oppføre seg annleis. Difor er det mest interessant å undersøkje sosial åtferd når forskingsobjekta ikkje veit at dei blir observerte, men dette har sjølvsgatt etiske sider ved seg som er problematiske (Jacobsen 2005:226).

Noko som kan styrkje reliabiliteten til datamaterialet i ei undersøking, er om det er samsvar med andre liknande undersøkingar. Mot ei slik testing av reliabilitet kan ein argumentere med at nye funn vil bli møtt med skepsis, viss tidlegare forskingsresultat har vist sterk grad av konsistens. Nye funn skal sjølvsgatt vurderast kritisk, men ein må også vere open for at eit fenomen kan ha endra seg.

Eg vil kome nærmare inn på undersøklar- og konteksteffektar i undersøkinga mi og drøfte dei i kapittel 5.

*Validiteten* til eit datamateriale handlar om i kva grad det er gyldig eller ikkje. 'Gyldig' framstår rett nok som eit vagt omgrep, og føreset difor ei utgreiing. For det



første kan ein skilje mellom intern og ekstern gyldigheit. Intern gyldigheit dreiar seg om kor vidt resultatet av undersøkinga blir oppfatta som rett. Her kan ein teste gyldigheita både opp mot respons frå respondentane sjølv, *respondentvalidering*, eller gjennom såkalla *metodetriangulering*, som går ut på å styrkje eller svekkje resultatet av undersøkinga gjennom bruk av fleire ulike metodar. Andre fagfolk sitt syn på undersøkinga er eit døme på dette. (Jacobsen 2005:215 ff.). I tillegg er det viktig med ein kritisk gjennomgang av sjølv kjeldene og den informasjonen vi har fått frå dei, og ein kan stille spørsmåla: Har ein undersøkt dei rette forskingsobjekta, og i kva grad er informasjonen frå dei sann? Andre kritiske spørsmål ein kan stille som kan ha effekt på gyldigheit, er: Når i undersøkinga blei datamaterialet samla inn? Korleis og frå kven kom informasjonen fram? Legg kategoriseringa av datamaterialet føringar på gyldigheita? Og endeleg: Kan det liggje andre og mindre synlege årsaksforhold i ein analyse av samanvariasjon mellom variablar som ikkje kjem fram? (Jacobsen 2005:218 ff.)

Ekstern gyldigheit går ut på i kva grad funna i ei gransking kan generaliserast, altså om data kan overførast til ein større populasjon (Jacobsen 2005:222). Her kan vi skilje mellom teoretisk generalisering og statistisk generalisering (frå eit mindre utval til populasjon). Som hovudregel har den kvalitative tilnærminga som mål å søkje teoretisering og utvikling av omgrep på grunnlag av intervju sine, medan ein i den kvantitative metoden i større grad ønskjer å generalisere funna sine til ein større populasjon. Ein kan generalisere ut frå ein kvalitativ metode òg, men då må ein større grad argumentere for kvifor utvalet ein har skulle vere representativt (Jacobsen 2005:223).

#### 4.4 Statistisk metode

Kvantitativ metode og statistikk er to sider av same sak. *Store Norske Leksikon* definerer fagområdet som «vitenskapen for planlegging av undersøkelser, innsamling og presentasjon av tallmateriale, og analyse og beslutninger ut fra innsamlede data» (band 13, 1998:597). Vidare kan ein dele faget inn i beskrivande statistikk (deskriptiv), sannsynsrekning og analytisk statistikk (Lysø 2001:10). I undersøkinga mi vil alle tre område vere aktuelle.

Field (2005) brukar ein analogi for å klargjere samanhengen mellom data og statistiske modellar. Dersom ein ingeniør skal byggje ei bru, vil ho hente data frå den verkelege verda. Ho vil sjå på kva materiale andre bruer er laga av, kva struktur dei har,

osb. Ho brukar så denne informasjonen til å lage ein modell, og testar deretter denne modellen i ein vindtunnel for å sjå om han vil tåle den verkelege verda. I statistisk metode gjer ein eigentleg mykje det same, men til skilnad frå ingeniøren har vi ikkje tilgjenge til den røynelege situasjonen. Difor kan vi berre dedusere og tolke dei sosiale eller psykologiske prosessane som vi har redusert til statistiske modellar (Field 2005:1 ff.).

Matematikk og tal er grunnlaget for statistikk, og ein kan difor spørje seg: Må ein vere matematikar for å bruke statistiske metodar? I dag er svaret på det nei. Dei matematiske formlane som blir brukte for testing av statistisk signifikans, finn ein i dag (heldigvis) innbakt i ulike dataprogram der ein behandlar statistikken. Ein bør likevel ha ei minimum av forståing for matematikk og tal for å halde på med dette. I det heile blir det løfta fram som viktig å kunne litt statistikk for alle i samfunnet, fordi metoden blir brukt så mykje i framstillingar i media (*Store Norske Leksikon*, band 13, 1998:579).

Ulempa med at statistisk metode er blitt så allmenngjort, kan vere at ein ufrivillig gjer statistikken misvisande og rett og slett feil. Det er mange skjer i sjøen. Connolly meiner rett nok det er fullt muleg for dei fleste, også studentar med talfobi, å gjennomføre statistiske analysar (2007:2).

#### 4.4.1 Bivariat analyse

Ein gjennomfører bivariat analyse av eit datamateriale når ein ser på samanhengen, eller samvariasjonen, mellom to variablar (Johannessen mfl. 2005:249). Korleis ein gjer dette, kjem an på kva type variabel ein har. Der er tre typar variablar: 1) Nominale (kategoriske), 2) ordinale (rangordna), eller 3) metriske (kontinuerlege). Det finst såleis seks ulike måtar å setje opp ein bivariat analyse på, og alle har dei måtar som best syner resultatet, og analysemetodar som er særskild tilpassa desse. Om ein t.d. ønskjer å samanlikne samanhengen mellom kjønn (nominal) og karakterar (metrisk), er såkalla *boxplots* den beste måten å syne resultatet på, medan samanlikning av gjennomsnitt og medianane er beste måten å samanlikne to nominale kategoriar (Connolly 2007:111).

Krysstabellar er svært vanleg å bruke for å undersøkje samanhengen mellom to nominale variablar, ein nominal og ein ordinal, og endeleg to ordinale variablar. Ved to metriske variablar kan ein gjennomføre ein såkalla *korrelasjonsanalyse*. Det vil seie at ein ser på i kva grad nokon eller noko med høge verdiar i ein variabel, òg har høge verdiar i den andre variabelen. Men ein korrelasjon kan òg vere negativ: Høge verdiar kan korrelere med låge verdiar, og ein snakkar då om negativ korrelasjon (Johannessen mfl. 2005:256 ff.).

Det vil føre for langt å greie ut om heile dette området. I hovudsak stør eg meg til framgangsmåten Connolly (2007) set opp for analyse mellom variablar.

#### 4.4.2 Normalfordeling og standardavvik

Sidan eg i denne undersøkinga har med metriske variablar, først og fremst i form av ein summert kunnskapsskår frå rettskrivingstestar, er det på sin plass å seie litt om *normalfordeling* og *standardavviket*. Normalfordelinga får ein fram ved å setje opp eit histogram. Når fordelinga er «normal», vil ein sjå at histogrammet tek form av ei kyrkjeklokke. Ei perfekt normalfordeling, der gjennomsnittet ligg i midten, vil ha 50 prosent av verdiane over midten og 50 prosent under (Johannessen 2005:278). Standardavviket seier oss kor mykje observasjonane vik av frå gjennomsnittet, og igjen er det slik at ein ikkje treng å vere matematikar for å rekne ut dette. Dataprogrammet SPSS gjer det for oss. Poenget med standardavvik, er å få greie på kva det typiske avviket frå gjennomsnittet er, altså korleis spreininga av verdiane er, sidan gjennomsnittet i somme tilfelle kan vere misvisande.

#### 4.4.3 Testing av statistisk signifikans

Statistisk signifikans er eit omgrep som blir brukt om kor sikker ein kan vere på at det er faktiske forskjellar ein finn i eit utval. Connolly definerer det som «assessing how confident we can be in using a finding taken from a sample to generalize to the population as a whole» (2007:158).

Her er det to sentrale omgrep som bør definerast: *utval* og *populasjon*.

Populasjonen er målgruppa i undersøkinga – dei vi ønskjer å seie noko om. Men av praktiske årsaker kan ein ikkje ta med heile populasjonen i ei undersøking, i dette tilfellet alle tredjeklassingar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal. Ein må difor gjere eit *utval* av populasjonen. Som oftast ligg det *representative utval* til grunn for undersøkingar; utvalet blir trekt tilfeldig slik at dei har dei same eigenskapane som populasjonen. Eit utval blir då ei miniatyrverd av populasjonen (Johannessen mfl. 2005:207). Eg har ikkje trekt respondentane tilfeldig, og utvalet i denne undersøkinga er difor ikkje representativt etter desse reglane. Når det er sagt, undersøker eg heller ikkje populasjonen i samfunnet som heilskap. Difor kan ein sjå på eigenskapar i utvalet mitt for å sjå om det representativt nok, t.d. fordelinga av gutar og jenter, og ikkje minst målform.

Å kome fram til ein *statistisk signifikans* handlar om å rekne ut kva sannsynet er for at eit funn i t.d. ein korrelasjonsanalyse ikkje berre er tilfeldig slump, men faktiske

variasjonar. På den måten kan ein med sterkare forvissing seie om skilnadene ein ser er underliggjande trendar i populasjonen. For å rekne ut dette kan ein bruke fleire typar statistiske testar. Kva test ein vel, kjem an på kva type variablar ein har, kor mange grupper ein har, og spreininga av observasjonane.

Ein brukar verdiar mellom tala 0 og 1 for å markere kor stort sannsynet er for den observerte verdien. Dess nærmare ein er talet 0, dess større er sannsynet for at det er faktiske forskjellar mellom gruppene. Signifikansnivået er ein vald verdi, og om *p-verdien* (som blir rekna ut) er under denne, seier ein at resultatet er statistisk signifikant (*p* står for *probability*). Det er vanleg er å setje dette nivået på 5 prosent (0,05), og ein går då ut frå at funnet ikkje kan kome tilfeldig i meir enn fem av hundre tilfelle (Venås 1991:156). Men ein kan òg setje signifikansnivået «strengare», t.d. 1 prosent. Signifikansnivået er altså «kunstig», og det blir bestemt av forskaren, ofte på grunnlag av kva ein studerer. I enkelte fagområde, som medisinsk forskning, er det såleis viktig å ha ein strengare margin,.

Connolly beskriv seks steg når ein skal teste hypotesane sine ved hjelp av statistisk signifikans: 1) Å formulere ein hypotese som du ønskjer å teste, ofte kalla den alternative hypotesen ( $H_1$ ), 2) legg til grunn null-hypotesen, altså at samanhengen ikkje er til stades ( $H_0$ ), 3) finn ut kva for variablar du treng for å teste hypotesen, 4) vel den statistiske testen som passar; det finst ulike testar som er spesielt tilpassa ulike typar variablar, 5) kalkuler signifikansen, og 6) bruk funna dine til å avgjere om det er nok prov for å avvise null-hypotesen og dermed akseptere den alternative hypotesen (Connolly 2007:163 ff.). Dersom *p-verdien* er mindre eller lik 0,05, kan vi seie at dette sannsynet er sterkt nok til å forkaste null-hypotesen og gå god for den alternative hypotesen.

#### 4.4.4 Statistiske testar i denne oppgåva

For utrekning av statistisk signifikans i denne oppgåva, har eg brukt følgjande testar:

*Chi-kvadrattesten (Chi-Square test)*: Denne testen høver best for å sjå på forholdet mellom to nominale variablar (Connolly 2007:177). Ifølgje Johannessen mfl. (2005:299) er det sentrale ved denne testen å «beregne *forskjellen* mellom faktisk og forventet fordeling». Dersom skilnaden mellom faktisk og forventa fordeling er liten, er sannsynet stort for at  $H_0$  er rett, og vice versa.

*Mann Whitney U-test*: Ifølgje Connolly (2007:177) høver denne testen best for å sjå på samanhengen mellom ein nominal og ein ordinal variabel, der ein har berre to kategoriar av den nominale variabelen. Dette er ein såkalla ikkje-parametrisk test, som høver godt for data der spreininga ikkje er heilt normal.

*Kruskal-Wallis-test*: Har same utgangspunktet som Mann Whitney U-test, men her kan ein ha tre eller fleire kategoriar av den nominale variabelen (*ibid.*).

*Spearman-korrelasjonstest*: I ein korrelasjonstest er det ikkje grupper som blir testa, men samanhengen mellom to variablar (Johannessen mfl. 2005:302). Connolly peikar på at testen høver for å teste samanhengen mellom to ordinale variablar og ein ordinal og ein metrisk (2007:177).

Elles har eg somme stader rekna ut den såkalla effektstorleiken (*effect size*). Denne verdien er eit supplement til p-verdien (signifikansverdien), og kan fortelje oss meir om den statistiske krafta i funna ein har gjort. Ein vil sjå effektstorleiken som nemninga  $r$  og som *korrelasjonskoeffisienten*. Verdiane til effektstorleiken ligg mellom 0 og 1, der 0,10 blir rekna for ein liten effekt, 0,30 for ein medium, og 0,50 for ein stor effekt (Field 2005:32 ff.).

Det er viktig å understreke at eg på ingen måte har gått «under panseret» i utrekningane mine av statistisk signifikans. Som eg har vore inne på, er det avanserte matematiske formlar som ligg til grunn her. Eg har ganske enkelt følgd oppskrifta, og i hovudsak framgangsmåten til Connolly (2007).

#### 4.4.5 SPSS

SPSS (Statistical Package for the Social Sciences) er dataprogrammet som er nytta for den statistiske analysen i denne oppgåva. Programmet er svært mykje brukt i samfunnsvitenskapane over heile verda, men òg i naturvitskaplege disiplinar. Eg har brukt versjon 15.0.1, som har vore tilgjengeleg på utvalde datamaskiner ved Høgskulen i Volda. Programmet har seinare blitt oppdatert til ein nyare versjon med tittelen PASW (versjon 17.0).

## 5. Om respondentane og spørjeskjemaet

### 5.1 Om respondentane

Respondentane i denne granskinga var alle tredjeklassingar på allmennfagleg studieretning i den vidaregåande skulen då dei svara på spørjeskjemaet mitt. Grunnen til at eg valde denne aldersgruppa, var dels praktisk, dels fagleg. Sidan alle respondentane på det tidspunktet undersøkinga blei gjennomført hadde fylt 18 (vårsemesteret 2008), var det ikkje nødvendig for meg å få samtykke frå foreldre eller verje for at elevane skulle svare på skjemaet. Dette var ei forenklande side for å få gjennomført granskinga med få ressursar.

Elles syntest eg denne gruppa var interessant på fleire måtar. Kva kunnskap om norsk rettskriving sit ein avgangselev igjen med etter tre års vidaregåande opplæring og det som for somme blir endestasjonen i norskfaget? Det norske språket er inne i ei sterk bølge av talemålnær skriving gjennom sms- og chatte-språket. Tek desse elevane dette med seg inn i nynorsken? Og i så fall: Bør det få konsekvensar for rettskrivinga i nynorsk, og kva konsekvensar? Sidan ungdommen skal ta over landet ein gong og dermed forvalte språket, syntest det òg aktuelt å undersøkje nett denne aldersgruppa.

Eg valde ut dei vidaregåande skulane i Volda, Spjelkavik, Stranda og Molde til å vere med i undersøkinga. Ideelt sett hadde eg ønskt meg ein vidaregåande skule på Nordmøre òg, slik at heile Møre og Romsdal var representert. Dessverre måtte eg setje ei grense for kva som var praktisk gjennomførleg. Bakgrunnen for valet av skular var at eg ønskte meg ei grei fordeling mellom bygd og by. Spjelkavik og Molde kan ein karakterisere som to «byskular», medan Volda og Stranda fell inn i kategorien «bygdeskular». Vidare var det viktig å få med respondentar som både hadde nynorsk som sidemål og hovudmål. Dette var grunnen til at eg valde to skular frå typiske nynorskområde (Volda og Stranda), og vice versa.

Eg tok kontakt med avdelingsleiarane for språk og norsk ved skulane, og det var frå desse eg fekk tak i epost-adressene, etter samtykke frå elevane sjølv. Dette danna grunnlaget for masseutsending av spørjeskjemaet.

## 5.2 Spørjeskjemaet - utforming

Spørjeskjemaet i denne undersøkinga blei utvikla i samråd med rettleiar Stephen J. Walton, Jan Fredrik Hovden ved Høgskulen i Volda, og blei dessutan vurdert av fagrådet for normering og språkobservasjon ved professor og fagrådsleiar Helge Dyvik.<sup>25</sup> Alle tre hadde viktige merknader til spørjeskjemaet. Mellom anna blei det peika på frå fagrådet si side at det er viktig at spørsmål om alder og kjønn kjem til slutt, fordi ein meinte at svaret på desse spørsmåla kunne verke styrande for korleis respondentane svara på haldningsspørsmål som kom seinare. Respondenten kunne umedvite ønskje å framstå slik det blir venta av den gruppa han eller ho har sagt at ein høyrer til, blei det poengtert frå fagrådet.

Ein annan merknad frå fagkontakten min, var korleis ein skal ordne svar-kategoriane. I dag ser det ut å vere vanleg å sortere svarkategoriar på ein talskala frå 1 til 7. Dette gjekk vi vekk frå, og ordna i staden kategoriane i typen «Svært viktig», «Nokså viktig», osv., som nok er enklare kategoriar å hanskast med i ein statistisk analyse.

Som eg har vore inne på, er det ikkje berre haldningar til nynorsk eg har ønskt å granske. Eg ville undersøkje kunnskapen om rettskrivinga òg. Difor stod tre kunnskaps-testar sentralt i byrjinga av skjemaet. Desse hadde til saman 41 oppgåver, eller ord, elevane måtte ta stilling til. Skildringa av desse kjem eg attende til i neste kapittel. Vidare var det 63 spørsmål, men av desse var 18 oppfølgingsspørsmål, slik at det reelle talet på spørsmål var 45. Spørjeskjemaet må likevel karakteriserast som litt langt. (Spørjeskjemaet er vedlagt oppgåva.)

11.4.2008 var eg på Akademiet videregående skole i Ålesund for å teste ut spørjeskjemaet på fire elevar som var tredjeklassingar. Kontaktlærer var Kai Åge Jansson. Prøveklutane var to jenter og to gutar. I hovudsak var tilbakemeldinga frå desse elevane positive, men nokre merknader hadde dei. Ein gut meinte mellom anna at det var upraktisk å skrolle opp og ned i skjermbiletet når ein skulle skrive inn svar på ein kunnskapstest. Denne eleven meinte òg at spørjeskjemaet var litt langt og at det inneheldt nokre ord som kanskje var litt «ladda». Dei tre andre meinte lengda var grei. Eg fekk elles inntrykk av at temaet i spørjeskjemaet – valfridomen i nynorsk – lærte elevane noko nytt. Dei var ikkje heilt klare over at dei kunne velje mellom fleire former, kom det fram.

---

<sup>25</sup> Det høyrer med til historia at eg fekk eit stipend frå Språkrådet. For ordens skuld ønskjer å leggje til at dette skjedde etter eg hadde bestemt meg for emnet. Masteroppgåva er såleis ikkje eit tingingsarbeid frå Språkrådet.

### 5.3 Distribusjon og gjennomføring

Undersøkinga blei gjennomført ved bruk av elektronisk spørjeskjema gjennom data-tenesta Questback. Dette vevbaserte verktøyet er berre eitt av mange på marknaden, og har ein del avgrensingar dersom ein skal gjere større og tyngre granskingar enn den eg har gjort. Fordelane er likevel store: Ein sparer mykje tid, både gjennom reising og at ein slepp å kode inn svara som tal i SPSS sjølv; ein kan importere dataa automatisk frå Questback. Ein annan fordel er funksjonen *routing*. Gjennom denne kan ein styre respondenten si særigne rute i spørjeskjemaet dersom det finst oppfølgingsspørsmål. Viss respondenten gir eit særskilt svar på eit spørsmål, kan ho få eit oppfølgingsspørsmål, gjerne eit ope svar. Dette spørsmålet blir *berre* stilt til dei som svarar dette særskilte svaret. I «vanlege» spørjeskjema på papir vil slike oppfølgingsspørsmål vere synlege, og såleis skape ei psykologisk forstyrning for respondenten om spørsmålet ikkje er aktuelt for ho.

Ein annan fordel ved å sende ut spørjeskjema med e-post, er at det er lett å purre. Ein skal ikkje gjere dette ofte og inkonsekvent, men ha tre purringar, slik det er vanleg når ein sender ut spørjeskjema på papir. Sjølv purra eg den 9. og 16.6.2008.

Distribusjonen av undersøkinga skjedde altså med e-post, og dette skjedde heilt konkret ved at eg sende ut e-brev gjennom Questback. Respondentane fekk då eit e-brev frå meg med informasjon om undersøkinga, og ei Internett-lenkje til spørjeskjemaet nedst i brevet. (E-brevet er vedlagt oppgåva.) Distribusjonen av e-postane skjedde puljevis, med følgjande datoar for utsending: 15.4.2008 (38 svar), 17.4.2008 (99 svar), 24.4.2008 (47 svar) og 5.6.2008 (26 svar). Innimellom og etter desse datoane var det ein del etterslengjarar, faktisk heile 72 svar. Totalt fekk eg dermed 282 svar.

Til lærarane sende eg eit skriv som eg bad dei lese opp for elevane før dei byrja å fylle ut spørjeskjemaet. Momenta i desse breva gjekk i hovudsak ut på at ein ikkje måtte oppleve undersøkinga som ei prøve, men at ein like fullt ikkje kunne bruke ordbok. Eg oppmoda dei òg om svare så ærleg og oppriktig som muleg. (Brevet er vedlagt oppgåva.)

Etter den første utsendinga viste det seg at ein del elevar ikkje hadde fått e-brevet eg hadde sendt ut. Til den neste utsendinga laga eg difor ein «reserveplan». Der gjekk det fram at dei som ikkje hadde fått e-posten, kunne skrive inn ei nettadresse for å kome direkte til spørjeundersøkinga. Dei fekk då følgjebrevet mitt delt ut på papir frå læraren.



## 5.4 Kritiske innvendingar – drøfting av effektar

Eg vil nedanfor gjere greie for nokre refleksjonar kring mulege effektar som kan ha påverka reliabiliteten og validiteten til datamaterialet.

1) Fleirtalet av respondentane svara på spørjeskjemaet i ein norsktime eller i ein såkalla fritime. Dette kan ha ført til at elevane kjende på situasjonen som ein prøve-situasjon. Dette kan i sin tur ha ført til at dei svara politisk korrekt på spørsmåla; at dei svara slik det blir forventa når dei har norskprøve, kva enn det må innebere.

Motsvar: Siktemålet med at kontaktlærarar skulle bruke norsktimar til utfyllinga av spørjeskjemaet, var først og fremst å sikre ein god svarprosent. Det er sannsynleg at svarprosenten hadde blitt vesentleg lågare dersom eg ikkje hadde gjort det på denne måten. Omsynet til svarprosent overstyrte altså ein muleg «klasseromseffekt».

2) Dei av elevane som var fråverande då spørjeskjemaet skulle fyllast ut på skulen, blei oppmoda om å fylle det ut heime. At respondentane har fylt ut spørjeskjemaet i ulike settingar, kan neppe sjåast på som gunstig, jf. punkt 1 over. Eg hadde også ei frykt – kanskje grunnlaus – for at elevar frå ein skule snakka med elevar frå ein annan om spørjeskjemaet. Eller verre: At elevar som fylte ut spørjeskjemaet heime hadde snakka med elevar som alt hadde svara på det.

Motsvar: Også her var siktemålet å få inn flest mulege svar. Det ville vere dumt å be dei elevane som ikkje var til stades, om å la vere å fylle ut. Erfaringa viste at det kom inn ein heil del svar utanom dei fast oppsette tidene (72 svar).

3) Utfyllinga av spørjeskjemaet strekte seg over eit ganske langt tidsrom. Den første skulen gjennomførte undersøkinga 15.4.2008, den siste 5.6.2008. Innimellom var det fleire etterslengarar. Ideelt sett burde alle fylt ut spørjeskjemaet samtidig, men av praktiske årsaker var ikkje dette muleg.

Motsvar: Eg sleit verkeleg med å få med alle skulane på undersøkinga. Dette er inga orsaking, berre ei konstatering og eit faktum. Det blei ei prøve på uthald.

4) Undersøkingar var ikkje til stades då elevane svara på spørjeskjemaet, og kunne difor ikkje oppklare eventuelle misforståingar elevane måtte ha på ståande fot.

Motsvar: Det at eg ikkje var til stades, kan like godt ha vore eit gode. I kvalitativ metode er *intervieweffekten* mykje omtala. Det kan hende elevane hadde kjent det som ein større effekt dersom eg var til stades.

5) Spørjeskjemaet tok til med tre kunnskapstestar. Dette kan ha ført til at elevane kom i ein «prøvemodus», og kan ha lagt føringar på korleis dei svara på dei påfølgjande haldningsspørsmåla.

Motsvar: Ein stad må spørjeskjemaet byrje. Eg valde å køyre tre kunnskapstestar i byrjinga, fordi elevane sannsynlegvis ville vere mest motivert då. Kunnskapstestane var viktige i denne granskinga, difor kom dei først.

6) Spørjeskjemaet var langt, og elevane svara meir eller mindre på måfå mot slutten.

Motsvar: Ja, spørjeskjemaet blei litt for langt. Men det store omfanget av svar som kom inn i det siste og opne spørsmålet, tyder òg på at dette var gjennomførleg for mange. Testing av spørjeskjemaet i førekant på fire elevar ved Akademiet videregående skole i Ålesund, viste dessutan at lengda på spørjeskjemaet i det store og heile var handterleg. Dei brukte mellom 15 og 25 minutt på å svare.

## 5.5 Andre merknader

Dette avsnittet dreiar seg om endringar eg har måtta gjennomføre i datasettet i SPSS, slik at programmet skulle kunne lese svara frå elevane på ein skikkeleg måte. Dette handlar i hovudsak om ein kunnskapstest der elevane sjølve skulle skrive inn ord (kunnskapstest 2, som eg vil kome meir innpå i neste kapittel). Her var det slik at elevane skulle ta stilling til manglande vokalar, diftongar, konsonantar og konsonantsamansetjingar. Elevane fylte ut dette ulikt. Når dei skulle ta stilling til eit ord som *kj<sub>e</sub>n\_e* til dømes, skreiv somme inn berre d eller t, medan andre skreiv inn heile ordet. Andre igjen veksle i stor grad mellom store og små bokstavar. Difor måtte eg «endre» svara slik at programmet kunne lese dette. Eg måtte altså skrive inn *kjende* for alle elevane som berre hadde skrive inn ein d.

Nokre få elevar hadde problem med å fylle ut ordet i rett felt, slik at alle svara deira blei forskyvde. Dette kunne eg sjå greitt ved at cellene i datasettet der aktuelle ordet skulle stå, låg i den neste cella. Dette har eg endra på ved å flytte svara deira eit hakk attende.

Ein respondent hadde ikkje svara på noko som helst i spørjeskjemaet, og blei difor sletta frå datasettet. Elles var det elevar som ikkje hadde svara på enkelte spørsmål, og den totale svarmengda på 282 elevar vil difor vere lågare i enkelte spørsmål.

Elles høyrer det vel med under 'Andre merknader' å nemne at eg gjennomførte spørjeundersøkinga med ei gulrot for elevane. Dei hadde høve til å bli med i trekninga av ein mp3-spelar og to dvd-filmar dersom dei svara på spørjeskjemaet mitt.

## 5.6 Bakgrunnsdata

Det kom inn 282 svar på spørjeskjemaet. Svarprosenten var 41, som ikkje er spesielt høgt. Det kan tyde på at mange elevar følte at dette er eit tema som ikkje vedgår dei i stor grad. Det var 47 % av respondentane som hadde bokmål som hovudmål, medan 53 % hadde nynorsk som si målform. At fordelinga mellom nynorsk- og bokmålsrespondentar er tilnærma 50-50, *kan* sjåast på som ei styrke for undersøkinga. I realiteten er nok dette likevel ei skeivfordeling i høve populasjonen; det er sannsynleg at fleirtalet som går på allmennfagleg studieretning i tredjeklassene i Møre og Romsdal har bokmål som hovudmål. Om ein ser på Statistisk Sentralbyrå sine tal for målform i grunnskulen (t.o.m 11. årstrinn), ser ein rett nok at dette fordeler seg tilnærma 50-50. Dessverre kan eg ikkje finne tal for målform for 12. og 13. årstrinn.

Av dei 280 respondentane som gav opp kva skule dei gjekk på, var det 29 % som gjekk ved Volda vidaregåande skule, 18 % ved Stranda vidaregåande skule, 31 % ved Spjelkavik og 21 % ved Molde vidaregåande skole. Bygd og by fordeler seg dermed om lag femti-femti, noko som var siktemålet.

Om ein ser i kolonnen «Faktiske respondentar» i tabell 5.1, ser ein at den prosentvise fordelinga mellom gut og jente er temmeleg lik den i populasjonen. Vi kan dermed seie at kjønnsfordelinga i utvalet er temmeleg representativt.

Populasjonstala i fråfallsanalysen under er henta frå Utdanningsdirektoratet sine statistiksider (Utdanningsdirektoratet 2010b). Populasjonen eg legg til grunn er altså alle tredjeklasser på allmennfagleg studieretning i Møre og Romsdal. Som ein ser er fråfallet temmeleg stort, og dessutan skeivfordelt mellom skulane.

*Tabell 5.1: Fråfallsanalyse. Fordeling av populasjon, mulege og faktiske respondentar etter kjønn.*

*Populasjon står for alle tredjeklassingar på allmennfaglege studieretningar i Møre og Romsdal.*

	Populasjon	Mulege respondentar	Faktiske respondentar	Fråfall
Kjønn				
Gut	863 (40 %)	285 (46 %)	108 (38 %)	177 (62 %)
Jente	1274 (60 %)	332 (54 %)	174 (62 %)	158 (48 %)
Til saman	2137	617 (29 %)	282 (46 %)	335 (54 %)

Tabell 5.2: Fråfallsanalyse. Fordeling av mulege og faktiske respondentar etter skulane i undersøkinga.

	Mulege		Faktiske		Totalt		Fråfall
	Gut	Jente	Gut	Jente	Mulege	Faktiske	
Molde	99	104	18	42	203	60	143 (70 %)
Spjelkavik	88	97	39	49	185	88	97 (52 %)
Stranda	36	31	26	25	67	51	16 (24 %)
Volda	62	100	24	57	162	81	81 (50 %)
Summert	285	332	107	173	617	280	337 (55 %)
Til saman	617		280 <sup>26</sup>				

I tabell 5.3 ser vi at langt dei fleste som har nynorsk, går på «bygdeskulane» Volda og Stranda. Spjelkavik har fleire nynorskelevar enn Molde, noko som kjem av at mange som går på denne skulen er elevar frå dei omkringliggjande sunnmørsbygdene, der nynorsk som oftast er målforma.

Tabell 5.3: Fordeling av målform på skulane som var med i undersøkinga. Prosent av målform.

	Målform	
	Bokmål (% av bokmål)	Nynorsk (% av nynorsk)
Volda	2 %	52 %
Spjelkavik	50 %	15 %
Stranda	5 %	30 %
Molde	43 %	3 %
Til saman	100 %	100 %
N = 280		

Eg synest elles det er viktig å gi eit generelt inntrykk av elevmassen på to punkt før eg går vidare. Eg siktar då til haldning til nynorsk og målbyte. På spørsmålet «Kva haldning har du til nynorsk?», svara 50 % at nynorsk er viktig og positivt, medan 35 % seier dei har ei «Nøytral haldning til nynorsk». Om lag 12 % meiner nynorsk er «uviktig og negativt». Når det gjeld målbyte, var det av 282 innkomne svar 43 elevar som hadde bytt frå nynorsk til bokmål då dei byrja på vidaregåande, eller i løpet av dei tre åra dei har gått der. Dette utgjer 15 % av elevane. Ingen har bytt frå bokmål til nynorsk.<sup>27</sup>

<sup>26</sup> To respondentar svara ikkje på kva skule dei gjekk på.

<sup>27</sup> Rett skal vere rett: Éin respondent gav opp at han/ho hadde bytt til nynorsk, men la også til i det opne svaret følgjande: «dob». Det står for «laugh out loud». Svaret var altså meint som ein spøk.

## 6. Presentasjon av datamaterialet

I dette kapitlet vil eg presentere data frå undersøkinga mi. Eg tek først utgangspunkt i hypotesane som var grunnlaget for spørjeskjemaet. Deretter vil eg sjå på beskrivande data. Analysen vil kome til slutt.

### 6.1 Hypotesar

Spørjeskjemaet blei utforma på bakgrunn av hypotesar eg sette opp. Desse hypotesane er blitt reviderte undervegs, og det er heller ikkje plass i oppgåva til å ta med alle variablane ein finn i spørjeskjemaet. Hypotesane eg legg til grunn, er såleis desse:

H1: Elevar med nynorsk som sidemål har dårlegare oversikt over valfrie former enn elevar som har nynorsk som hovudmål.

H2: Elevar med nynorsk som sidemål meiner det hadde vore betre å ha ei trongare norm i nynorsk.

H3: Elevar med nynorsk som hovudmål meiner valfridomen er eit gode.

H4: Dess oftare eleven brukar ordlista, dess betre oversyn har ho over valfrie former i nynorsk.

H5: Dess meir eleven les nynorsk, dess betre oversyn har ho over dei tilgjengelege og rette formene.

H6: Det er ein positiv samanheng mellom bruk av rettleiing og minigrammatikk i ordlista og kunnskap om valfrie former i nynorsk.

H7: Det er ein positiv samanheng mellom ei positiv haldning til nynorsk og godt oversyn over valfrie former i nynorsk.

H8: Dei som har bytt frå nynorsk til bokmål, meiner valfridomen i nynorsk er ein grunn til at dei gjorde det.

H9: Det er ein samanheng mellom kjønn og kunnskapen om valfrie former i nynorsk.

H10: Det er ein samanheng mellom kva syn elevane har på skriftnormalar og kunnskap om valfrie former i nynorsk.

H11: Det er ein samanheng mellom utdanningsnivået til foreldra og kunnskap om valfrie former i nynorsk.

## 6.2 Valfridom i nynorsk – kunnskap

Tidlegare undersøkingar om valfridomen i norsk har i stor grad lagt vekt på haldningar (sjå t.d. Selback 2001 og Berg 1999). I undersøkinga mi var eg difor oppteken av å måle kunnskap om rettskrivinga i nynorsk. Det gjorde eg gjennom tre testar i byrjinga av spørjeskjemaet. Eg skal greie ut om desse testane i tur og orden, og vise resultatata frå dei fortløpande.

### 6.2.1 Resultat kunnskapstest 1

*Kunnskapstest 1* hadde 20 setningar som kvar inneheldt eit ord eleven skulle vurdere om er tillate å skrive i nynorsk. Eit døme: «Nå skal det bli godt med ein pause frå alt skulearbeidet. (nå)». Ordet dei skulle ta stilling til, stod altså i parentes, og det var opplyst ovanfor testen. Under setninga kunne ein klikke på anten «Er lov å skrive i nynorsk», eller «Er ikkje lov å skrive i nynorsk». Dei 20 orda eg brukte, var desse: *Mye, nå, busi, menneskje, ønsker, bygge, følge, hjerte, fikk, samme, komme, drømmane, sumaren, tjener, spennande, høre, lykke, spille, kjøyrde, da*. Som ein ser, er det sjølvstøtt lagt inn ord som er feil òg: *menneskje, ønsker, følge, samme, tjener, spille, og kjøyrde*. I ettertid har eg fundert over kvifor eg valde akkurat desse orda, og eg har også lurt på om dette var i overkant vanskeleg for elevane. Kven veit til dømes at *ønsker* ikkje er lov når j-lause former er lov nesten overalt elles? Det same gjeld for verbet *følge*. Den mest subtile nyansen mellom feil og rett er kanskje ordet *menneskje*. I den samanhengen ordet står i den aktuelle setninga («Ho er eit godt menneskje.»), blir rettskrivinga feil. Men ein kan likevel bruke hokjønnsordet *menneskje* i tydinga *menneskeatta*. Og det er vel nesten vondskapsfullt å setje *samme* og *komme* så nær kvarandre. Denne testen må difor karakteriserast som litt kinkig for dei fleste elevane. Gjennomsnittsskåren var heller ikkje så høg.

Når eg går inn på resultatata frå kunnskapstestane, vil eg først ta for meg beskrivande data. Analysar og krysstabellar kjem seinare, men eg vil likevel ta omsyn til skular i det følgjande. I kunnskapstest 2 og 3 har eg teke omsyn til opplæringsmålform. Difor har eg òg lagt ved ein tabell over kunnskapstest 1 der opplæringsmålform er med.

Tabell 6.1: Prosentvis del av elevane som meiner eit ord i nynorsk er lov. Alle elevar og etter skular. Former som er utanfor rettskrivinga er i feit skrift. Dei skulane som har flest rette svar, er merkte med grått.

Kunnskapstest 1 <sup>28</sup>					
		Skular			
	Alle	Volda	Stranda	Molde	Spjelk.
Ord	Er lov	Er lov	Er lov	Er lov	Er lov
Mye	12 %	5 %	10 %	12 %	21 %
Nå	42 %	49 %	44 %	30 %	42 %
Husi	52 %	54 %	49 %	65 %	41 %
<b>Menneskje</b>	64 %	65 %	59 %	63 %	66 %
<b>Ønsker</b>	66 %	71 %	67 %	50 %	70 %
Bygge	64 %	74 %	63 %	50 %	64 %
<b>Følge</b>	55 %	58 %	61 %	47 %	55 %
Hjerte	42 %	48 %	51 %	38 %	33 %
Fikk	37 %	33 %	31 %	45 %	39 %
<b>Samme</b>	44 %	44 %	57 %	38 %	40 %
Komme	60 %	50 %	61 %	62 %	69 %
Drømmane	43 %	28 %	43 %	52 %	49 %
Sumaren	69 %	82 %	69 %	72 %	57 %
<b>Tjener</b>	51 %	49 %	43 %	47 %	59 %
Spennande	67 %	64 %	62 %	68 %	74 %
Høre	27 %	29 %	30 %	20 %	28 %
Lykke	70 %	76 %	68 %	68 %	66 %
<b>Spille</b>	15 %	6 %	6 %	19 %	26 %
<b>Kjørde</b>	56 %	38 %	58 %	78 %	56 %
Da	49 %	36 %	37 %	59 %	61 %
Summert		6	5	6	4

Ein slik massiv tabell med tal er ikkje så lett å bli klok på. Ein første merknad kan vere at det ikkje er store skilnader mellom elevar med nynorsk som opplæringsmål og dei som har hatt bokmål (sjå vedlegg 5). Nokre få stader skil gruppene seg frå kvarandre, men ikkje ofte, og heller ikkje med den litt automatiserte slutninga at nynorskelevane er dei som bør vite kva som er rett. Vidare ser vi at fleirtalet av elevane meiner at tillatne former som *mye*, *nå*, *hjerte*, *fikk*, *drømmane* og *høre* ikkje er lov. Sterkast ser vi det på forma *mye*, der berre 12 % meiner dette ordet er tillate, og det er ein mindre prosentdel nynorskelevar enn bokmåselevar som meiner forma er lov.

<sup>28</sup> N= Mye: 281, nå: 281, husi: 280, menneskje: 282, ønsker: 279, bygge: 281, følge: 280, hjerte: 282, fikk: 282, samme: 282, komme: 279, drømmane: 280, sumaren: 280, tjener: 280, spennande: 279, høre: 279, lykke: 280, spille: 279, kjørde: 281, da: 280.

Samanliknar ein skulane, er det eigentleg slåande kor like svara deira er. Dei sterkaste skilnadene ser ein på former som *mye*, *spille* og *sumaren*. Som ein ser, har eg merkt svara til dei skulane som i størst grad klarte å kome fram til rett svar med grått. Denne merkinga viser at resultata er springande. Held ein dette opp mot faktumet at Molde så å seie er ein rein bokmålsskule, kjem ikkje dei noko dårlegare ut av testen enn «bygdeskulane» (eller «nynorskskulane»). Dobbeltformer som ser ut til å ha slått sterkare gjennom som rett i medvitet til elevane, er former som *bygge*, *komme*, *sumaren*, *spennande* og *lykke*. Den galne forma elevane reagerer sterkast på, er *spille*, der heile 90 % av nynorskelevane og 76 % av bokmåselevane identifiserer ho som ikkje tillaten. Elles er det berre sistnemnde ordet og ordet *samme* som fleirtalet klarer å bli «samde» om ikkje er rette. Det er interessant at mange meiner *kjøyrde* er ei tillaten form (56 %).

Eg vil leggje litt vekt på nynorskelevane. Er det merkeleg at det er eit større fleirtal av desse elevane enn bokmåselevane som meiner at *mye* ikkje er tillate å skrive i nynorsk? Om ein tenkjer seg at nynorskelevane kjem frå bygder i Møre og Romsdal der *mykje* er eit høgfrekvent ord i talemålet, blir det lettare å forstå kvifor dei tenkjer at *mye* er gale i nynorsk. I opne svar frå elevane i undersøkinga argumenterer dei som har halde på målforma si i stor grad med at nynorsk ligg nærmare dialekten deira. Det kan difor tenkjast at det rett og slett har vore lite aktuelt for dei å finne ut om *mye* er ei tillaten form i nynorsk. Jamfører ein i tillegg dette med at lærarane på bygdene stort sett er tradisjonalar som kanskje oppmodar elevane til å skrive moderat eller «tradisjonell» nynorsk, er det meir forståeleg at dei ikkje har denne kunnskapen inne. (Læraren si rolle kjem eg meir innpå seinare.) Kunnskapen speglar med andre ord kva elevane har bruk for å vite når dei skriv nynorsk.

Gjennomsnittsskåren i kunnskapstest 1 var elles 9,8. Den høgste skåren var 15 av 20 mulege, medan den lågaste var 2.

## 6.2.2 Resultat kunnskapstest 2

*Kunnskapstest 2* gjekk ut på at elevane skulle skrive inn dei rette vokalane, diftongane og konsonantsamansetjingane.<sup>29</sup> Om dei visste at det fanst fleire former av ordet, blei dei bedne om å skrive inn dei formene dei sjølve ønskte å bruke. Sidan det var elevane sjølve som skreiv inn orda, gir dette materialet eit bilete av faktisk skriftspråkbruk. Elevane fekk denne teksten å ta stilling til:

---

<sup>29</sup> Ideen til denne testen fekk eg frå boka *På godt nynorsk – nynorsk som sidemål for vidaregåande skole* (2002), skriven av Benthe Kolberg Jansson og Roger Lockertsen.



«Eg såg l\_\_set (nr. 1) i enden av tunnelen. Det var sterkt, og eg kjen\_e (nr. 2) at det kom b\_lgjer (nr. 3) av uro gjennom meg. S\_mardagen (nr. 4) hadde gjort det varmt inne i bilen. Eg var svi\_\_el (nr. 5). Ungdo\_\_ane (nr. 6) eg hadde møtt på tidl\_are (nr. 7) på dagen hadde vist seg å v\_re (nr. 8) elevane mine. Det vil seie, dei var jo sjø\_\_sagt (nr. 9) det, for eg er lærar. Men eg er heilt grø\_\_ (nr. 10) på dette yrket, og eg veit ikkje k\_\_for (nr. 11) eg ha\_na (nr. 12) akkurat på denne hylla i livet. N\_ (nr. 13) er det likevel for seint å by\_\_e (nr. 14) yrke, så eg må vel klare å me\_\_tre (nr. 15) situasjonen trass i feil yrkesval. Noka stor n\_\_d (nr. 16) lid eg nok ikkje, og så er elev\_ne (nr. 17) ganske kjekke å ha med å gj\_re (nr. 18). Iallfall av og til.»

I tabellen under har eg berre teke med dei orda som er innanfor rettskrivinga, så ein må hugse at elevane skreiv inn fleire andre former. Til dømes var det heile 22 % som skreiv *somardagen*, men dette viser altså ikkje att. I rada for ordet *byte* var det også svært mange som misforstod og trudde ein skulle skrive inn *byrje* (23 %). Men det var også mange som skreiv inn *bytte*, som ikkje er korrekt.

Tabell 6.2: Prosentvis oversyn over kva former elevane har skrive inn når dei måtte fylle inn manglande konsonantar, vokalar og konsonantsamansetjingar. Alle elevar og etter målform i opplæringa.

Kunnskapstest 2 <sup>30</sup>			
	Samla	Målform i opplæringa	
Ord		Nynorsk (% av nynorskinformantar)	Bokmål (% av bokmålsinformantar)
Lyset	61 %	63 %	58 %
Ljoset	34 %	34 %	30 %
Kjende	77 %	79 %	72 %
Kjente	15 %	14 %	18 %
Bølgjer	94 %	95 %	94 %
Bylgjer	1 %	1 %	0 %
Sumardagen	38 %	36 %	41 %
Sommardagen	33 %	40 %	20 %
Svimmel	96 %	97 %	94 %
Ungdommane	44 %	49 %	38 %
Ungdomane	55 %	51 %	62 %
Tidligere	21 %	10 %	43 %
Tidlegare	77 %	88 %	54 %
Vere	86 %	85 %	86 %

<sup>30</sup> N= lyset/ljoset: 272, kjende/kjente: 275, bølgjer/bylgjer: 275, sommardagen/sumardagen: 276, svimmel: 271, ungdomane/ungdommane: 270, tidlegare/tidligere: 269, vere: 273, sjølvsgagt: 273, grøn: 267, kvifor/korfor: 275, hamna: 269, no/nå: 272, byte: 270, meistre: 268, naud/nød: 265, elevane: 271, gjere/gjøre: 274.

Sjølvsagt	96 %	96 %	95 %
Grøn	77 %	79 %	71 %
Kvifor	95 %	97 %	90 %
Korfor	2 %	1 %	3 %
Hamna	62 %	67 %	53 %
Nå	8 %	7 %	12 %
No	89 %	92 %	82 %
Byte	22 %	25 %	15 %
Meistre	59 %	64 %	47 %
Nød	33 %	25 %	51 %
Naud	63 %	73 %	41 %
Elevane	98 %	98 %	99 %
Gjere	95 %	97 %	91 %
Gjøre	2 %	1 %	5 %
Gjera	0,4 %	0,6 %	0 %

Det første ein må kunne slå fast, er at der *er* ein heterogenitet i skriftspråket til elevane. I tabellen ovanfor kjem ikkje dette tydeleg nok fram. Former som *kaffor* og *kofof*, *sjølsagt*, *være* og *våre* førekjem også, men dei er ikkje høgfrekvente. Av dei galne formene som er høgfrekvente, kan ein nemne *somardagen* (22 %), *grønn* (18 %), *hamna* (34 %), *bytte* (40 %) og *mestre* (37 %). Dette kan leie oss fram til nokre førebelse konklusjonar: Eleven brukar valfridomen, sjå t.d. *ungdommane/ungdomane* og *tidligare/tidlegare*, men får problem når dei skal ta stilling til ord der systemet med valfridom kanskje skulle tilseie at forma er lov, jamfør dei høgfrekvente orda over som er galne ifølgje rettskrivinga. Konsonant-samansetjingar og doble konsonantar ser slik sett ut til å vere gjengangaren. Når det gjeld tilhøvet mellom nynorsk- og bokmålsinformantane, er det vanskeleg å seie noko eintydig om valet av former. Nokre gonger held bokmålsinformantane seg i større grad til meir «tradisjonelle» former, t.d. *sumardagen*, medan dei andre gonger i større grad vel meir «liberale» former som *tidligare*, *ungdommane* og *nød*.

### 6.2.3 Resultat kunnskapstest 3

*Kunnskapstest 3* handla om verb som har fleire typar bøyingar. Dette blei det opplyst om på førehand. Elevane blei bedne om å bøye *å spele*, *å håpe*, og *å forklare*. Dette er verb der såkalla blanda bøying er svært vanleg: *Å spele*, *spelar*, *spelte*, *spelt*. I rettskrivinga skil ein også mellom a-bøying og e-bøying. Om ein skriv *spelar* i presens, skal det ifølgje rettskrivinga vere *spela* i preteritum og perfektum. Om ein skriv *speler*, skal bøyinga vere *spelte*, *spelt*.

Dette er likevel eit punkt i opplæringa som ikkje skal handhevast hardt, og sjølv går eg ut frå at blanda bøyning er korrekt rettskriving (i samråd med rettleiar).

Det er tydeleg at det var vanskeleg for elevane å skjønne korleis dei skulle skrive inn svara, for det kom inn svært mange variantar, jamvel om det nokså eintydig gjekk fram at ein skulle skrive inn formene i presens, preteritum og perfektum, altså *speler, spelte, spelt*, eller *spelar, spela, spela*, eller *spelar, spelte, spelt*. Dette var også den testen ein såg størst innslag av talemålsinterferens av typen *spele* i presens. Endeleg er det tydeleg at der er nokså stor grad av tastefeil i denne testen òg (*speltar, spelte, spelt*). Kan hende var elevane «slitne» og klare for å gå vidare i undersøkinga, då dei visste at dette var den siste testen.

Tendensen ein kan lese tydelegast ut av tabell 6.3, er nok at blanda bøyning er utbreidd. Det må ein sjå på bakgrunn av talemålet til mange av elevane. A-bøyning er, som ein ser, svært lite brukt, noko som kan ha å gjere med at supinumformene *spela, håpa* og *forklara* sannsynlegvis er lite utbreidde i talemåla til elevane.

Tabell 6.3: Prosentvis oversyn over kva bøyingsformer elevane bruker i verba *spele, håpe* og *forklare*. Alle elevar og etter målform i barne- og ungdomsskulen.

Kunnskapstest 3 <sup>31</sup>			
	Samla	Målform i opplæringa	
Verb 1		Nynorsk (% av nynorskinformantar)	Bokmål (% av bokmålsinformantar)
Spelar, spelte, spelt	37 %	47 %	19 %
Speler, spelte, spelt	30 %	26 %	36 %
Spelar, spela, spela	3 %	2 %	2 %
Verb 2			
Håpar, håpte, håpt	28 %	31 %	24 %
Håper, håpte, håpt	30 %	30 %	31 %
Håpar, håpa, håpa	4 %	5 %	1 %
Verb 3			
Forklarar, forklarte, forklart	42 %	44 %	37 %
Forklarer, forklarte, forklart	31 %	34 %	23 %
Forklarar, forklara, forklara	0,7 %	0,6 %	1 %

<sup>31</sup> N = å spele: 274, å håpe: 271, å forklare: 272.

### 6.3 Haldningar til skriftnormalar

Eg var interessert i å sjå kva syn elevane hadde på ulike typar skriftnormalar i nynorsk, dersom det blei formulert på ein nokolunde forståeleg måte kva ein slik muleg skriftnormal innebar. Eg stilte difor spørsmålet «Om du kunne velje, kva ville du hatt?», med desse alternativa: 1) «Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg». 2) «Ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje mellom mange ulike former. Avstand til bokmålet er viktig». 3) «Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva ord som ikkje er lov å skrive, og som dessutan ikkje har valfridom i bøyingsverk og endingar».

Alternativ 1 må tolkast meir eller mindre som systemet vi har i dag, medan alternativ 2 og 3 er ulike variantar av ein skriftnormal med mindre valfridom. Alternativa er utforma slik at dei i det lengste skal prøve å spegle mulege variantar av nynorsk. Ordet *moderne* i det tredje alternativet er difor eit forsøk på å beskrive ein variant som står i kontrast til den konservative skriftnormalen. Det kan vel vere at ordet *moderne* har i seg

Tabell 6.4: Dersom elevane fekk velje, kva skriftnormal ville dei hatt. Etter målform. Loddrett prosentuering.

% av Målform		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Om du kunne velje, kva ville du hatt:	Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former...	23 %	41 %	32 %
	Ein konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje...	35 %	41 %	38 %
	Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer...	28 %	14 %	21 %
	Anna	15 %	5 %	9 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=278

Pearson Chi Square

Verdi = 20.549

Fridomsgrader = 3

Sig. = .000

Cramer's V = .272

Sig. = .000

konnotasjonar som er positive for elevane, og det må ein ta høgd for. Likeins må ein ha i mente at ordet *konservativ* kan skape negative assosiasjonar. Det einaste alternativet som ikkje har slike ladde ord i seg, er faktisk det første alternativet.

Som ein ser av tabell 6.4, er det om lag 32 % av elevane som ønskjer alternativ 1, medan 38 % kunne tenkje seg alternativ 2. 21 % vil ha ein nynorsk med fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva som er lov og ingen valfridom. Om ein ser på kva målform elevane har, blir fordelinga noko annleis. Nynorskelevane deler seg på midten i dei to første alternativa, med 41 % på kvar. Eit mindretal (14 %) ønskjer det tredje alternativet, medan om lag 5 % svarar «Anna».<sup>32</sup> Av bokmålelevane er det derimot eit fleirtal på 35 % som ønskjer «ei konservativ eller moderat form for nynorsk». 28 % vil ha det tredje alternativet, medan 23 % ønskjer ein nynorsk «der ein kan velje mellom mange ulike former».

Det er vel knapt overraskande at fleirtalet av bokmålelevane ønskjer ein nynorsk som skil seg meir frå bokmålet, om ein tenkjer seg at sideformer som er samanfallande med bokmål, kan verke forvirrande på desse elevane. Det er likevel verdt å ta med seg at så mange som nesten éin tredjedel av elevane totalt ønskjer det første alternativet med valfrie former. Og det er kanskje endå viktigare at 41 % av nynorskelevane tenkjer slik om hovudmålet sitt. Likevel: Det er 55 % av nynorskelevane som ønskjer ein nynorsk med færre valfrie former, og i elevgruppa totalt er det altså 27 % fleire som ønskjer enten ein moderat eller moderne nynorsk, men færre valfrie former. Den tydelegaste tendensen ein kan trekkje ut av dette er nok at bokmålelevane ønskjer mindre valfridom i nynorsk.

### 6.3.1 Kva syn har målbyte-elevane?

Ein kan også trekkje inn ein annan variabel for å få meir ut av dette datamaterialet, nemleg kva målform ein har hatt som opplæringsmål. Dermed reknar ein også med dei som tidlegare har hatt nynorsk, men som har gått over til bokmål på vidaregåande. Det interessante er då at prosenttalet på alternativ 1 går ned til 36 % for nynorskelevane. Kan dette vere elevane som har gått over frå nynorsk til bokmål, som verkar «negativt» inn for ein skriftnormal med valfridom?

Om ein ser isolert på målbytegruppa i dette spørsmålet, ser ein at 45 % av dei som seier dei har bytt målform frå nynorsk til bokmål, ønskjer ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje (sjå vedlegg 5). Den same gruppa

---

<sup>32</sup> Det var totalt 26 elevar (19 bokmål, 7 nynorsk) som svara «Anna», og 17 av dei har svara med kommentarar. Desse kommentarane går stort sett ut på at ein «ønsker ett skriftspråk i Norge», eller at sidemål burde vere valfritt.

fordeler seg likt med 24 % på kvar av dei to andre alternativa. Dei som har bytt frå nynorsk til bokmål ønskjer altså mindre valfridom enn dei som har halde på målforma si. Ein kan difor tenkje seg at valfridomen i nynorsk kan vere éin av grunnane til den såkalla «språklege lekkasjen».<sup>33</sup>

### 6.3.2 Synet på ulike nynorsktekstar

I spørjeskjemaet skulle også elevane ta stilling til fire ulike og heilt konkrete tekstvariantar (sjå tabell 6.5).<sup>34</sup> Desse varierer frå nokså konservativ nynorsk til nokså radikal nynorsk, og fangar opp både ulike endingar og ulikt ordtilfang. Den sistnemnde tematikken er rett nok ikkje det eg undersøker i denne oppgåva, og i etterpåklokskapens lys hadde eg ønskt at tekstane fanga opp meir av den vesentlege valfridomsproblematikken; valfridomen i formverket. Valet av tekst seier likevel noko om kva syn ein har på korleis nynorsken bør sjå ut.

*Tabell 6.5: Kva for tekstvariant elevane kjenner seg umiddelbart mest igjen i. Alle og etter målform. Prosent.*

Tekstvariant	Alle	Nynorsk (% av gruppe)	Bokmål (% av gruppe)
1. «Eg ser med otte på tilhøvi langs skulevegen åt borni her i krinsen og vonar at styresmaktene i framtidi vil løyva meir pengar for å sikre tryggleiken åt dei mjuke trafikantane.»	0,4 %	0,7 %	0 %
2. «Eg ser med otte på tilhøva langs skolevegen til borna her i krinsen og håpar at styresmaktene i framtida vil løyve meir pengar for å sikre tryggleiken åt dei mjuke trafikantane.»	8 %	9 %	8 %
3. «Eg ser med bekymring på tilhøva langs skulevegen til barna her i krinsen og håper at styresmaktene i framtida vil løyve meir pengar for å sikre tryggleiken til dei mjuke trafikantane.»	50 %	66 %	31 %
4. «Eg ser med bekymring på forholda langs skolevegen til barna her i kretsen og håper at myndigheitene i framtida vil bevilge meir pengar for å betre sikkerheita til dei mjuke trafikantane.»	41 %	24 %	61 %

<sup>33</sup> Uttrykket er henta frå årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2004).

<sup>34</sup> Teksten er henta frå Selback (2001). I den hovudoppgåva blei det brukt tre tekstar, medan eg opererer med fire variantar.

Det ser ut til at det store fleirtalet av elevar kjenner seg beinveges mest igjen i tekst 3 (50 %) og tekst 4 (41 %). 8 % ønskjer den noko tradisjonelle varianten i tekst 2, medan så godt som ingen kjenner seg att i variant 1. Dette datamaterialet seier oss først og fremst at nynorskelevane er noko meir moderate enn bokmåselevane i vala sine, men òg at dei i stor grad utelukkar variantane i den tradisjonalistiske og konservative leia.

Eit interessant aspekt ved at dei fleste bokmåselevane har kryssa av for den mest radikale nynorsken, er den tilsynelatande inkonsistensen i at mange av dei ønskjer ein nynorsk som skil seg frå bokmålet, noko vi såg tidlegare. Dette har kanskje bakgrunn i at synet på skriftnormal dreiar seg meir haldningar (tabell 6.4), medan vala av tekstvariantane i tabell 6.5 grensar meir opp mot reelle språkbruksnormer.


I sum kan ein nok seie oppfatninga elevane har av kva ein nynorsktekst skal vere, sirklar kring ein slags midtlinjenormal i tekst 3. Samtidig kan ein nok seie at mange ønskjer eit ordtilfang som er mjuka opp, av di mange har valt tekst 4. Sidan dei ulike alternativa likevel ikkje fangar opp så mykje av det som er den reelle valfridomen (t.d. val mellom *noe* og *noko*, *mye* og *mykje*, og *høyre* eller *høre*), er det vanskeleg å bruke dette som eit argument for eller imot valfridom i rettskrivinga.

Eg hadde også tre andre spørsmål knytte til desse tekstane. Eg spurte kva nynorsk dei ville ha nytta dersom dei høvesvis skulle skrive 1) eit formelt brev, 2) eit privat brev, og 3) ei oppgåve eller ein stil på skulen. Det interessante her er at prosentane endrar seg ein heil del. Dersom elevane skal skrive eit formelt brev, er det brått ei dobling av prosenten på tekst to (16 %), og tekst tre får 64 %. Det er berre 16 % som vågar seg på alternativ fire her. Om ein skal skrive ei oppgåve eller ein stil, får tekst to 13 %, tekst tre 59 % og tekst fire 27 %. I eit privat brev føretrekkjer 46 % å skrive som i tekst tre, medan 47 % skriv som i tekst fire. Dette syner at kodeskifting i høve den skriftspråklege konteksten sannsynlegvis er eit framtrødande fenomen i dette utvalet.

### 6.3.3 Synest elevane nynorsk er vanskeleg?

Stundom blir nynorsk framheva som «den vanskelege målforma», iallfall fryktar at ein at nynorsk skal bli framstilt slik. Det kan neppe vere tilfeldig når ein t.d. kan lese i eit nettkurs for nynorsk på Språkrådet sine heimesider at ein skal ta fatt med ei øving på motivasjon. Kvar dag i to veker skal ein seie til seg sjølv: «Nynorsk er ikkje vanskeleg.» (Språkrådet 2010d). Figur 6.1 syner ei oversikt over kor vanskeleg respondentane synest det er vite kva som er rett nynorsk. Stolpediagrammet viser at det er ei klar overvekt av bokmålsinformantar som synest at nynorsk er svært vanskeleg eller nokså vanskeleg.

Figur 6.1: Kor vanskeleg synest du det er å vite kva som er rett nynorsk. Etter målform. Prosent.<sup>35</sup>



Ikkje noko sprengstoff her, altså. Ein skal likevel ta på alvor at nærmare 20 % av bokmålslevane synest det er svært vanskeleg å vite kva som er rett nynorsk, og at nesten halvparten synest det er nokså vanskeleg. Det er dermed grunn til å tru at iallfall ein av fem bokmålslevar slit med sidemålet sitt.<sup>36</sup> Det er likevel svært viktig å hugse på at det er faretrugande lett å problematisere nynorsk som «den vanskelege målforma», fordi det er så mykje tale om denne sida ved nynorsk i media.

Like interessant er det å sjå at så mange nynorskelevar opplever det som *nokså lett* å vite kva som er rett nynorsk. Kanskje har dette å gjere med at nynorskelevane skriv ut frå dialekten sin, og dermed tenkjer lite over at skriving er så vanskeleg? Som vi skal sjå litt seinare, viser det seg svært få nynorskelevar nyttar seg av minigrammatikk når dei skriv. Dette kan òg koplast til figuren over, fordi det seier noko om at ein tenkjer talemål når ein skriv, ikkje skrift.

<sup>35</sup> Mann-Whitney U = 5894.500, Z = 6.117, sig. = 0.001 = 0.364

<sup>36</sup> Til dei som svara «svært vanskeleg» eller «nokså vanskeleg» på dette spørsmålet, var det eit ope oppfølgingsspørsmål der elevane kunne fortelje kva det var dei synest er spesielt vanskeleg med nynorsk. Eg har valt å leggje desse opne svara som vedlegg til oppgåva (vedlegg 3).



## 6.4 Bruk av ordliste og minigrammatikk

Alle som arbeider mykje med tekstproduksjon, veit at ordlista bør brukast flittig. Det er eit teikn på yrkesstoltheit å ha ordboka liggjande framme til ei kvar tid. Elevane i denne undersøkinga ser ut til å drive ein litt annan praksis. Nesten 70 % seier dei brukar ordliste i bokform når dei skriv nynorsk. Men burde det ikkje vere ei sjølvfølgje at ein nyttar ordbok når ein skriv? Eg er også overraska over den låge prosentdelen elevar som seier dei brukar ordliste på Internett. Dette tyder på at det, på det dåverande tidspunktet iallfall, er forbettringspotensiale i å formidle til elevar at *Nynorskordboka* ligg heildigitalisert på nettsidene til Språkrådet.

Tabell 6.6: Kva type hjelpemiddel elevane brukar når dei skriv nynorsk. Tal og prosent.

Type hjelpemiddel	Frekvens	Prosent (% av 282 elevar)
Ordliste i bokform	193	68 %
Ordliste på Internett	76	27 %
Ordliste på CD-rom	7	3 %
Stavekontroll i tekstbehandling.	123	44 %
Brukar ikkje ordliste	30	11 %
Anna (opne svar) <sup>37</sup>	5	2 %


N=282

44 % av elevane seier dei nyttar stavekontrollen i tekstbehandlinga, noko som må bety at 56 % aktivt slår av denne funksjonen i dataprogrammet. Det er ikkje tvil om at ordlistebruk må ha ein sterk innverknad på kva elevane klarer å fange opp av valfridom i rettskrivinga. Korleis skal ein elles få kjennskap til klammeformer når lærebøkene berre består av hovudformer?

Figur 6.2 syner same tendensen som i den førre figuren, og spørsmålet som er stilt her er: «Kor ofte føler du at du må slå opp ord når du skriv nynorske tekstar?». Det er mange måtar å tolke dette datamaterialet på. Ein kan tenkje at det er ikkje anna å vente at over 70 % av bokmålelevane føler at dei må slå opp svært ofte eller nokså ofte: Nynorsk er jo ikkje hovudmålet deira, kan ein argumentere med.

<sup>37</sup> Opne svar: 1) «Clue ordbok på data» 2) «Eg tenkjer på ut i vår hage episodane» 3) «WORD RETTINGSPROGRAM» 4) «nyttar stundom ordlister, men ikkje til ein kvar tid» 5) «ordnett pluss»

Figur 6.2: Kor ofte føler du at du må slå opp eit ord når du skriv nynorsk. Etter målform.<sup>38</sup>



Men ein kan sjølvsagt òg tolke dette som at nynorsken er forvirrande. Difor er det ønskeleg å vite meir om kva det eigentleg er elevane lurar på når dei slår opp i ordlista. Tabell 6.7 syner kor ofte elevane slår opp i ordlista for å finne ut korleis ord skal skrivast. (To andre tabellar for kategoriane «Om eit ord er lov å skrive» og «Korleis eit ord skal bøyast» finst i vedlegg 5.) For bokmålslevane ser prosenttala ut til å vere temmeleg stabile frå tabell til tabell. Kategorien som ser ut til å merke seg mest ut, er «Korleis eit ord skal skrivast», der det er om lag 10 % fleire enn i dei to andre som til saman svarar svært ofte eller nokså ofte.

Det kan sjølvsagt vere vanskeleg for elevane å skilje mellom desse kategoriane. For nynorskelevane sin del er det interessant å sjå at prosenten aukar ein heil del når ein kjem til kategorien «Om eit ord er lov å skrive eller ikkje». Dette kan tyde på at dei er

<sup>38</sup> Mann-Whitney U = 4080.000, Z = 8.880, sig = 0.001, r = 0.529

meir kjenslevare overfor å følgje den puristiske linja i nynorsk, og at dei såleis vil vere sikre på at det ordet dei nyttar, verkeleg er nynorsk med stor N.

Tabell 6.7: Kva elevane ser etter når dei slår opp i ordboka, kategorien «Korleis eit ord skal skrivast».

Etter målform.

% av målform

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Korleis eit ord skal skrivast	Svært ofte	29 %	6 %	17 %
	Nokså ofte	46 %	33 %	39 %
	Nokså sjeldan	18 %	29 %	23 %
	Svært sjeldan	6 %	28 %	18 %
	Usikker	2 %	4 %	3 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=278

Mann-Whitney U    Verdi = 5250.000    Z = 6.835    **Sig. = .000**    **r = 0.409**

#### 6.4.1 Bruk av rettleiing og minigrammatikk

I dei fleste ordlister finst det ein minigrammatikk som greitt forklarar rettskrivingssystemet i nynorsk. Brukar elevane denne rettleiinga?

Tabell 6.8: Brukar elevane rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når dei skal skrive nynorsk?

Etter målform. Loddrett prosentuering.

% av målform

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Bruker du rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når du skal skrive nynorsk?	Ja	30 %	14 %	22 %
	Nei	48 %	57 %	53 %
	Usikker	22 %	29 %	26 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=282

Pearson Chi-Square    Verdi = 10.727    Fridomsgrader = 2    **Sig. = .005**

Cramer's V = .195    Sig. = .005

Som vi ser i tabell 6.8, er det svært mange som ikkje gjer det. Og nynorskelevane ser ut til å vere ganske sjølvsikre på språket sitt når berre knappe 14 % vender seg til grammatikken. Eit merkeleg aspekt ved denne tabellen, er at så mange er usikre på spørsmålet. Kva tyder det? Eg kan ikkje tolke dette som noko anna enn at elevane er ukjende med omgrepa i spørsmålet.

## 6.5 Lesing av nynorske tekstar

Lesing blir ofte framheva som viktig for evna til å skrive. Men forholdet mellom dei to aktivitetane er komplekst, noko eg sjølv prøvde å problematisere i kapittel 2. I alle høve ser det ut til å vere semje om at lesing spelar ei vesentleg rolle i å skape skriftlege førebilete. Kor *mykje* ein les, er difor òg viktig.

Tabell 6.9: Kor ofte seier elevane at dei les nynorske tekstar. Etter målform. Loddrett prosentnering, % av Målform

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Kor ofte vil du seie at du les nynorske tekstar?	Så å seie kvar dag	4 %	28 %	17 %
	Feire gonger i veka	18 %	42 %	31 %
	Éin gong i veka	20 %	13 %	17 %
	To-tre gonger i månaden	32 %	10 %	21 %
	Så godt som aldri	26 %	6 %	15 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=282

Mann-Whitney U Verdi = 4232.500 Z = 8.522 Sig. = .000 r = 0.507

Tabell 6.9 syner kor ofte elevane meiner dei les nynorske tekstar, og vi ser at det er relativt stor skilnad mellom bokmåls- og nynorskrespondentane. At berre nærmare 4 % av bokmålslevane meiner dei les nynorsk «så å seie kvar dag», har eg nesten litt vondt for å tru. Svært mange av respondentane bur på Sunnmøre, der dagsavisa *Sunnmørsposten* både har ei sterk stilling og dessutan ein heil del nynorsk i spaltene. Det problematiske i ei slik måling er sjølvsagt at ho berre måler kva elevane *trur* dei les. Det er likevel skremmande å tenkje på at berre 28 % av nynorskelevane meiner dei les nynorsk så å seie kvar dag, og at så mange som 10 % meiner dei les det berre to-tre gonger i månaden. Om ein skal gå ut frå at desse verdiane faktisk måler det dei skal måle, noko eg knappast trur

på, stadfestar dette problemet for nynorskelevar: Dei manglar skriftlege førebilete. Bokmåselevane treng òg skriftlege førebilete, så biletet ser dystrare ut for deira del.

Kva ein les, heng ofte saman med kva ein sjølv oppsøker. Det er ikkje noko problem for ein elev å lese mykje nynorsk, berre ein vil. Eg stilte difor spørsmål om kor ofte elevane føler at dei møter nynorsk i utvalde media, noko ein ser summert i tabell 6.10.

Tabell 6.10: Kor ofte elevane føler at dei møter nynorsk i utvalde media. Etter målform. Prosent.<sup>39</sup>

	Kor ofte føler du at du møter nynorsk i desse media? <sup>40</sup>							
	Svært ofte		Nokså ofte		Nokså sjeldan		Svært sjeldan	
	Nyno.	Bokm.	Nyno.	Bokm.	Nyno.	Bokm.	Nyno.	Bokm.
På skulen/lekser	72 %	18 %	20 %	46 %	7 %	28 %	1 %	8 %
Aviser	22 %	10 %	40 %	43 %	31 %	37 %	8 %	10 %
Blad	0 %	0,8 %	1 %	3 %	13 %	30 %	86 %	67 %
Tidsskrift	0,7 %	2 %	6 %	12 %	27 %	36 %	67 %	50 %
Teksting og tekst-tv	0,7 %	5 %	18 %	29 %	54 %	44 %	28 %	22 %
Bøker	1 %	3 %	18 %	32 %	46 %	40 %	35 %	25 %
Dataspel	0,7 %	0 %	0 %	2 %	8 %	11 %	91 %	88 %
Internett	1 %	2 %	10 %	8 %	38 %	35 %	51 %	55 %
Teikneseriar	0 %	2 %	3 %	10 %	36 %	36 %	62 %	52 %

Ikkje overraskande er det lærebøker og aviser som skil seg ut som den store «vinnaren», og sjølvsagt møter nynorskelevane nynorsk oftare her enn bokmåselevane. Heile 92 % meiner at dei møter nynorsk *svært ofte* eller *nokså ofte* her, medan prosenten er 64 % for bokmåselevane. Når det gjeld aviser, meiner til saman 53 % av bokmåselevane at dei møter nynorsk her *svært ofte* eller *nokså ofte*, medan prosenten for den andre målforma er 61. Det er difor tydeleg, som eg var inne på ovanfor, at nynorsk i *Sunnmørsposten* når fram til elevane. Spørsmålet er om dei underrapporterer kor mykje dei les.

Ein kan elles spørje seg: Er tala i tabell 6.10 ein inkonsistens i høve den førre tabellen (kor *mykje* ein les)? Eg meiner svaret helst er nei. Spørsmålet måler først og fremst utporsjoneringa av den samla teksten ein les på nynorsk på ulike media.

Alle dei andre kategoriane skårar etter måten lågt på svaralternativet *svært ofte*. Vi kan merke oss at det er bøker (romanar, dikt, prosa) og teksting på fjernsyn og tekst-tv

<sup>39</sup> Tal nyno.: På skulen N=149, aviser N=147, blad N=147, tidsskrift N=147, teksting og tekst-tv N=147, bøker N=148, dataspel N=148, Internett N=148, teikneseriar N=148. Tal bokm.: På skulen N=132, aviser N=132, blad N=132, tidsskrift N=128, teksting og tekst-tv N=132, bøker N=131, dataspel N=132, Internett N=131, teikneseriar N=132.

<sup>40</sup> Prosentuering av grupper er gjort åtskilt.

som skårar høgast på i svaralternativet *nokså ofte*, med høvesvis 23 og 24 % samla (ein kan ikkje lese samla prosentuering av gruppene i tabellen). Det merkelege i desse kategoriane, er at bokmåselevane ligg 10 % høgare enn dei som har nynorsk. Kanskje har dette å gjere med at bokmåselevane reagerer sterkare på målforma når dei ser nynorsk her?

Kategorien Internett skårar lågt, det same gjer blad og teikneseriar, og dataspel tronar med ein suveren sisteplass. Det er sjølvsagt vanskeleg å vite kva for medium elevane oppsøker mest, men ein er vel ikkje heilt på bærtur om ein seier at Internett er eit svært viktig medium for unge i dag.

Eit anna spørsmål eg stilte som har med lesing å gjere, var: «Dersom du låner bøker på biblioteket, kva for utsegn stemmer best med haldninga di?». Alternativa kan ein sjå i tabell 6.11. Ganske mange av bokmåselevane har negative haldningar til å låne bøker på nynorsk, heile 34 %, medan nynorskelevane er meir positive til å lese bøker på begge målformer (72 % mot 55 % av bokmåselevane). Slik ser ein at mange bokmåselevar faktisk unngår å lese nynorsk, dersom dei har høve til det. 5 % av nynorskelevane vil ikkje lese bøker som er skrivne på deira eiga målform. Dette kan ha samanheng med ei kjensle av språkleg mindreverd, som elles er eit aspekt ved nynorskbrukarar ein bør sjå alvorleg på. Det er lite truleg at bokmåselevar hadde sagt det same om målforma si.

Tabell 6.11: Haldningar til det å låne bøker. Etter målform. Loddrett prosentuering.

% av Målform		Målform		Totalt
		Bokmål	Nynorsk	
Lån av bok - haldning	Dersom ei bok er på nynorsk, vil eg ikkje låne ho.	34 %	5 %	19 %
	Eg låner bøker både på nynorsk og bokmål. Det viktigaste er at boka er god.	55 %	72 %	64 %
	Eg vil helst ha nynorske bøker.	0 %	13 %	7 %
	Eg vil berre ha bøker på nynorsk.	2 %	0 %	.7 %
	Anna	10 %	11 %	10 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=281

Merknad: Vilkåra for å køyre ein khikvadratetest på denne tabellen blei ikkje møtt, sidan fleire av cellene hadde for låge verdier.

## 6.6 Valfridom i nynorsk - haldningar

### 6.6.1 Meiner elevane at dei brukar valfridomen?

I tidlegare undersøkingar om valfridom i nynorsk har det vore vanleg å spørje respondentane om kva dei ser som viktige allmenne trekk ved eit skriftspråk. Ein blir beden om å ta stilling til i kva grad ein er samd med utsegner som «Skriftspråkb Bruken bør framfor alt vere korrekt». <sup>41</sup> Dette har å gjere med kva skriftspråksyn ein har. Sjølv har eg først og fremst prøvd å undersøkje kunnskap om nynorsk rettskriving i granskinga mi, men eg har òg med nokre konkrete spørsmål knytte til i kva grad elevane sjølve meiner dei tek i bruk valfridomen. Dette kan nok sjåast meir som ei sjølvrapportering av kva dei gjer, enn måling av haldningar. Eg stilte spørsmålet «Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga «personlege» norm i det nynorske skriftspråket ditt?». <sup>42</sup>

Tabell 6.12: I kva grad elevane meiner dei har forma ei «personleg» norm i det nynorske skriftspråket sitt. Etter målform. Loddrett prosentuering.

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga "personlege" norm i det nynorske skriftspråket ditt?	Svært stor grad	3 %	5 %	4 %
	Nokså stor grad	26 %	35 %	31 %
	Nokså liten grad	43 %	32 %	37 %
	Svært liten grad	10 %	10 %	10 %
	Usikker	18 %	18 %	18 %
Totalt		100 %	100 %	100 %

N=281  
Mann-Whitney U    Verdi = 8996.000    Z = 1.290    **Sig. = .197**    **r = 0.076**

Fleirtalet av elevane, 47 %, fell inn i kategoriane *nokså liten* og *svært liten grad*. Om lag 35 % svarar *nokså stor* eller *svært stor grad*, men felles for begge gruppene er at langt dei fleste plasserer seg i ein «nokså»-kategori. Det er få ekstremitetar. Det er interessant at heile 18 % svarar at dei er usikre på dette spørsmålet. Dette kan anten tyde at dei ikkje forstår

<sup>41</sup> Sjå til dømes Selback 2001:104.

<sup>42</sup> Det ligg ei spennvidd i tolkinga av kva ei «personleg norm» er, og eg tok difor med ei forklaring ovanfor spørsmålet som freista å klargjere at ein med personleg norm meinte valet av ulike ord og former som ligg tett opptil dialekten til respondenten.

spørsmålet, eller at dei ikkje orkar å ta stilling til det. Kanskje er det ein kombinasjon av desse (sjå elles fotnote 39 for klargjering av spørsmålstillinga).

Av nynorskelevane er det om lag 40 % som seier at dei har forma ei personleg norm i *nokså stor* eller *svært stor grad* (men berre 5 % på *svært stor grad*). Det er rett nok like mange som seier dei ikkje har det. Av bokmåselevane er det færre som meiner dei har forma ei personleg norm – litt over halvparten seier dei har gjort dette i *nokså* eller *svært liten grad*. Eg synest likevel det er oppsiktsvekkjande at heile 29 % plasserer seg i dei to øvste svarkategoriene.

Ein får altså ikkje noko eintydig svar om ein er ute etter ei stadfesting på om elevane ønskjer ei meir homogen norm i nynorsk. Ein kan nok heller seie at materialet syner at valfridom er viktigare for nynorskelevane enn for bokmåseleven, samtidig som nynorskgruppa òg er lite einsarta. Prosentfordelinga i nynorskgruppa samsvarar elles ganske greitt med synet på kva skriftnormal ein ønskjer seg (tabell 6.4). Det kan difor tenkjast at det først og fremst er haldninga til kva skriftnormal i nynorsk ein ønskjer seg som blir målt i dette tilfellet, og ikkje i kva grad elevane brukar valfridomen. Samanhengen mellom kunnskapsskåren frå testane mine og synet på valfridom kjem elles fram seinare i dette kapitlet.

## 6.6.2 Valfridom viktig for nynorskeleven?

Eg var interessert i å stille dei ulike gruppene eit spørsmål som var formulert spesifikt til kvar av dei. I programmet Questback er dette fullt muleg. Dei som kryssa av for nynorsk som målform, ville dermed få opp dette spørsmålet: «At du kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' eller 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til nynorsk?» (sjå tabell 6.13).<sup>43</sup>

Om ein grupperer dei fire første svaralternativa i to grupper (*viktig* og *lite viktig*), ser vi at 27 % av nynorskelevane meiner valfridomen har vore viktig for dei. 50 % seier dette har vore lite viktig for dei. I kategorien *usikker* er det 21 %, noko som må kategoriserast som eit høgt tal. Nærare 3 % seier dei ikkje har vore klar over at dei kan velje, og det kan tenkjast at *usikker*-kategorien kan reknast inn dette. Dette kan tolkast på same måten som tolkingane eg har vore inne på tidlegare: Nynorskgruppa er ikkje einsarta, og det er ei gruppe (1 av 4) som meiner valfridomen er viktig for dei. Det er likevel verdt å merke seg at så mange nynorskelevar er usikre når dei får dette spørsmålet,

---

<sup>43</sup> Sidan det er ingen elevar som har bytt frå bokmål til nynorsk, kan ein vere rimeleg viss på at dei aller fleste av desse elevane har hatt nynorsk som opplæringsmål i barne- og ungdomsskulen.



noko ein såg i avsnittet ovanfor òg. Det kan tyde på at systemet med valfridom ikkje blir presentert godt nok i skulen, eller at dei har for lite kunnskap om rettskriving i norsk generelt.

Tabell 6.13: At nynorskeleven kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk, kor viktig har det vore for at ho har halde på eller skifta til nynorsk? Tal og loddrett prosentuering.

	Tal	Prosent
Svært viktig	14	10 %
Nokså viktig	25	17 %
Nokså lite viktig	30	20 %
Svært lite viktig	44	30 %
Usikker	31	21 %
Har ikkje vore klar over at eg kan velje	4	3 %
<b>Totalt</b>	<b>148</b>	<b>100 %</b>

N=148

Kva så med bokmåselevane? Til dei stilte eg spørsmålet litt omkalfatra: «At det har vore mange ulike former å velje mellom i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' eller 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til bokmål?». Her er kategoriane *usikker* og *har ikkje vore klar over at eg kan velje* endå sterkare representert, med til saman 34 % av bokmåselevane. 40 % seier dette har vore *svært lite* eller *nokså lite viktig*, medan vel 17 % seier at dette har vore *nokså* eller *svært viktig*.

Det mest interessante er å krysskople spørsmålet ovanfor med gruppa som har bytt frå nynorsk til bokmål. Vona er då å få svar på følgjande spørsmål: *Opplever målbytelevane nynorsk rettskriving som så forvirrande at dette er årsaka til at dei har bytt målform?* Her deler gruppa seg igjen. 19 % av dei som har skifta til bokmål, meiner valfridomen var ein viktig grunn til at dei gjorde det, medan 42 % meiner dette ikkje har hatt så mykje å seie. Samtidig er heile 37 % av målbyte-elevane usikre på spørsmålet. Kor skal vi plassere dei? Eg tolkar det slik at målbyttet for desse har vore eit lite reflektert val – dei har rett og slett gjort det fordi det har vore det mest lettvinde for dei, av kjende årsaker som sterk påverknad frå bokmål generelt i samfunnet. Det er også verdt å merke seg at svært få i målbytegruppa er negative til nynorsk: Berre tre respondentar. Resten fordeler seg om lag på midten i variablane «Nynorsk er viktig og positivt» og «Nøytral haldning til nynorsk».

Dei aller fleste av målbyte-elevane har altså ikkje så dårlege erfaringar med nynorsk i opplæringa at dette har gjort dei til nynorskhatarar.

Som vi såg tidlegare, ønskjer 45 % av målbyte-elevane ein moderat nynorsk med mindre valfridom. Ein kan difor ane ein inkonsistens i svara til desse elevane, når dei fleste meiner at valfridom ikkje har vore årsaka til målbyttet. Ein bør likevel ta på alvor at nær ein av fem seier at valfridomen har vore ein grunn til at dei gjekk over til bokmål. Spørsmålet vi til sjuande og sist bør stille oss, er kanskje dette: *Hadde desse elevane skifta til bokmål, jamvel om nynorsk hadde ei rettskriving med ei strammare norm?*

### 6.6.3 Kva med læraren?

Norsklæraren si rolle i språkhandlingane elevane gjer, må ikkje undervurderast. Dette er også noko som er blitt framheva i tidlegare undersøkingar om temaet valfridomen i nynorsk. Det er til dømes blitt hevda at eleven blir pressa bort frå eigne formval av læraren.<sup>44</sup> Grunnane til dette kan vere fleire. Ein har spekulert i om lærarane sjølve har god nok kunnskap om valfridomen, men òg at somme lærarar uttrykkjer negative haldningar til ei heterogen norm av språkpolitiske (og pedagogiske?) grunnar. Endeleg er det også blitt hevda at lærarane gir råd om å ikkje bruke klammeformer, fordi det kan vere ein dårleg strategi til eksamen for elevane. Ein meiner altså at enkelte sensorar registrerer feil rettskriving viss eleven brukar klammeformer, fordi dei rett og slett ikkje veit at formene er innanfor rettskrivinga.

Det første spørsmålet eg stilte om læraren si rolle, gjekk på i kva grad dei hjelper elevane til å finne talemålsnære former: «I kva grad føler du at du har fått rettleiing og opplæring frå norsklæraren/-lærarane din/dine i å finne fram til dei formene i nynorsk som ligg nærast talemålet ditt?». Eg opererer igjen med dei same svarkategoriene som tidlegare.

Som ein ser i tabell 6.14, svarar 27 % at dei i *nokså* eller *svært stor grad* har fått opplæring eller rettleiing frå læraren sin, medan 60 % svarar at dei i *nokså* eller *svært liten grad* har fått det. Det er ingen oppsiktsvekkjande skilnader mellom nynorsk- og bokmålsgruppa. Det vil derimot vere meir interessant å sjå på i kva grad dei som har hatt nynorsk som opplæringsmål i barne- og ungdomsskulen har fått opplæring og rettleiing. Her deler respondentane seg nøyaktig femti-femti mellom dei som meiner dei har fått opplæring og rettleiing, og dei som meiner dei ikkje har fått det. Å seie at det ikkje eksisterer noka form for opplæring i valfridomen, vil altså vere å ta hardt i, og det ville

---

<sup>44</sup> Berg (1999).

kanskje også vere underleg. Men om ein meiner at eit rettskrivingssystem med stor valfridom skal vere eit tilbod til *alle* elevar, og særskilt dei som har nynorsk i barne- og ungdomsskulen, kan det tyde på at det er forbettringspotensial i skulestellet på dette punktet.

*Tabell 6.14: I kva grad føler elevane at dei har fått rettleiing og opplæring frå norsklærarane sine i å finne fram til dei formene i nynorsk som ligg nærast talemålet deira. Etter målform. Prosent.*

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
I kva grad føler du at du har	Svært stor grad	6 %	5 %	6 %
fått rettleiing og opplæring frå	Nokså stor grad	21 %	20 %	21 %
norsklæraren/-lærarane	Nokså liten grad	28 %	33 %	31 %
din/dine i å finne fram til dei	Svært liten grad	33 %	27 %	30 %
formene i nynorsk som ligg	Usikker	12 %	14 %	13 %
nærast talemålet ditt?				
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

N=278

Mann-Whitney U Verdi = 9615.500

Z = 0.20

**Sig. = .984**

**r = .011**

Det andre spørsmålet om læraren si rolle, var dette: «Kva for haldningar har den noverande norsklæraren din presentert i høve rettskrivinga i nynorsk?». Alternativa ser vi i tabell 6.15 på neste side. Det er tydeleg at det finst iallfall to ulike typar lærarar: Den som går for den «konservative» språkforma – einskapslinja – og talemålstilhengjaren. Kvar finn ein så desse lærarane? Om lag 60 % av «einskapslærarane» finn ein på «bygdeskulane» (Volda og Stranda), medan om lag 40 % arbeider på «byskulane». Dei lærarane som, ifølgje elevane, slår eit slag for talemålsnær nynorsk, fordeler seg med 32 % på Volda og Stranda og 66 % i Molde og Spjelkavik. Dette fortel oss kanskje at det er større utslag av nynorsktradisjonisme mellom dei lærarane som arbeider på bygda. Det kan også tenkjast at det krev ein annan argumentasjon for å skrive nynorsk på byskulane, sidan nynorsk ikkje er like sjølvsagt der. Som eg refererte i innleiinga, meinte Selback (2002) at nynorskbrukarar i randsona var meir positive til ein talemålsnær nynorsk fordi dei trengde andre grunnar for å identifisere seg med han.

Det var muleg for elevane å kommentere svara som er synte i tabell 6.14. Desse svara finst som vedlegg til oppgåva (vedlegg 3).

Tabell 6.15: Læraren si haldning til nynorsk rettskriving. Etter målform. Prosent.

% av Målform		Målform		Totalt
		Bokmål	Nynorsk	
Kva for haldningar har den noverande norsklæraren din presentert i høve rettskrivinga i nynorsk?	Skriv konservativt nynorsk, så klarer de å skilje mellom bokmål og nynorsk.	23 %	35 %	29 %
	Skriv så talemålsnært som de kan, og bruk valfridomen i nynorsk.	24 %	14 %	19 %
	Læraren har ikkje presentert noka bestemt haldning i høve rettskrivinga i nynorsk.	45 %	44 %	44 %
	Anna	8 %	7 %	8 %
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>
N=280				
Pearson Chi-Square	Verdi = 7.634	Friheitsgrader = 3	<b>Sig. = .054</b>	
Cramer's V	Verdi = .0165	Sig. = .054		

## 6.7 Kunnskap og samanhengen med andre variablar


I denne oppgåva ønskjer eg òg å undersøkje samanhengen mellom kunnskap og sosiokulturelle bakgrunnsvariablar. Er det til dømes slik at elevar med foreldre som har høg utdanning, skårar betre på kunnskap om sideformer i rettskrivinga? Og kva har haldninga til nynorsk å seie for kunnskapen om sideformer? Eg vil òg sjå på om det er samanheng mellom faktisk kunnskap og sjølvrapporteringa av i kva grad ein brukar valfridomen.

### 6.7.1 Kunnskapsskår generelt

For å kunne summere opp kunnskapsskåren i SPSS, var det nødvendig å kode om testane. Programmet les berre tal, og eg måtte difor gi talkodar til teksten som elevane skreiv inn. Til sist måtte eg «fortelje» SPSS kva tal som skal teljast som 1 når kunnskapsskåren skulle summerast opp i ein indeks. 20 ord i den første testen, 18 i den andre og 3 i den tredje, tilseier at den høgste mulege poengskåren var 41. Spreiinga i datamaterialet kan vi sjå i figur 6.3. Som vi ser, er spreinga ganske normalt fordelt, med

unntak av ein del respondentar som skårar svært lågt, noko ein ser av stolpane ut mot venstre.

Figur 6.3: Spreiinga i kunnskapsskåren.



Analyseresultatet frå kunnskapsskåren syner at gjennomsnittet er 25,9, og medianen 27.

Somme gonger når dataa er distribuerte noko skeivt, som i dette tilfellet, kan gjennomsnittet vere misvisande. Ein ser då av den såkalla *trimmed mean* (som kuttar dei verdiane som avvik mest) at gjennomsnittet går opp. Standardavviket er 4,2, den lågaste skåren 7, den høgaste 34. Dermed kan vi seie at om lag to tredjedelar (eller 68,3 %) ligg innanfor verdiane 30,1 og 21,7 (gjennomsnittet pluss og minus standardavviket). Og ein veit at nesten alle verdiane (95,4 %) ligg mellom 17,5 og 34,4. Standardfeilen er 0,25128. Sikkerheitsintervallet blir estimert til å liggje mellom 25,4309 og 26,4202, med ein konfidensintervall på 95 %. Dette betyr med andre ord at vi med rimeleg grad av sikkerheit kan seie at gjennomsnittet i populasjonen ville ha lege innafor desse to verdiane.

## 6.7.2 Kunnskapsskår, opplæringsmålform og målform i dag

Det kan vere interessant å sjå på i kva grad opplæringsmålform og målform samsvarar med kunnskapen om nynorsk rettskriving. Tabell 6.16 og 6.17 syner at elevane som har nynorsk bakgrunn frå barne- og ungdomsskulen og nynorsk i dag, merkar seg ut med ein større prosentdel i dei to øvste poenggruppene. Dette er særskilt viktig å ha med når ein skal tolke samanhengar mellom andre variablar. Dei samanhengen ein ser i andre tabellar, kan ganske enkelt kome av at ein har lært meir nynorsk i barne- og ungdomsskulen.

Tabell 6.16: Samanhengen mellom målform på barne- og ungdomsskulen og kunnskapsskår. Loddrett prosenttuering.

% av Kva for skriftspråk vart du opplært i då du gjekk på barne- og ungdomsskulen?

		Kva for skriftspråk vart du opplært i då du gjekk på barne- og ungdomsskulen?			
		Bokmål	Nynorsk	Anna	Totalt
Kunnskap alle gruppert	7-16	5 %	3 %		4 %
	17-21	9 %	7 %		7 %
	22-25	34 %	24 %	17 %	27 %
	26-29	44 %	49 %	83 %	48 %
	30-	9 %	17 %		14 %
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

N=281

Mann-Whitney U Verdi = 7019.000 Z = 2.253 Sig. = .024 r = 0.134

Merknad: Den statistiske testen er berre gjennomført med gruppene 'bokmål' og 'nynorsk'.

Tabell 6.17: Samanhengen mellom kunnskapsskår og målform. Loddrett prosenttuering.

% av Målform

		Målform		
		Bokmål	Nynorsk	Totalt
Kunnskap alle gruppert	7-16	5 %	3 %	4 %
	17-21	11 %	4 %	7 %
	22-25	33 %	22 %	27 %
	26-29	41 %	55 %	48 %
	30-	11 %	17 %	14 %
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

N=282

Mann-Whitney U Verdi = 7654.000 Z = 3.546 Sig. = .000 r = 0.211

### 6.7.3 Kunnskapsskår og haldning til nynorsk

Det blir sagt overalt at haldningar er svært viktig når ein skal lære nynorsk. I tabell 6.18 ser ein at dei respondentane som synest nynorsk er viktig og positivt, merkar seg i den øvste poengkategorien, og at dei som er negative til nynorsk, merkar seg ut i den lågaste. Men skilnadene mellom gruppene er ikkje så sterke som ein skulle tru. Dette kan vi sjå av signifikanstesten som er brukt på materialet ( $p = 0,106$ ).

Tabell 6.18: Samanhengen mellom kunnskap og haldning til nynorsk. Loddrett prosentuering.

% av Haldning til nynorsk		Haldning til nynorsk			Totalt
		Nynorsk er viktig og positivt	Nøytral haldning til nynorsk	Nynorsk er uviktig og negativt	
Kunnskap alle gruppert	7-16	1 %	4 %	9 %	3 %
	17-21	6 %	6 %	15 %	7 %
	22-25	25 %	34 %	15 %	27 %
	26-29	51 %	46 %	49 %	49 %
	30-	16 %	10 %	12 %	14 %
Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %

N=273

Kruskal-Wallis Test

Chi-Square = 4.491

Fridomsgrader = 2

**Sig. = 0.106**

Merknad: Det var muleg å svare 'Anna' under haldning til nynorsk. Denne gruppa har eg valt å utelate.

### 6.7.4 Kunnskapsskår og bruk av ordliste/hjelpemiddel

I tabell 6.6 såg vi kor mange elevar som fordeler seg på bruk av ulike typar hjelpemiddel når dei skriv nynorsk. Er det ein samanheng mellom dette og kunnskapsskåren? I tabell 6.19 på neste side ser vi at dei som brukar både ordliste i bokform og på Internett, merkar seg klart ut i den øvste poengskalaen frå 30 og oppover. Skilnadene er statistisk signifikante ( $p = 0,045$ ). Ein ser dessutan at den same gruppa har prosentvis færrest i den lågaste poengkategorien. Dei som ikkje brukar hjelpemiddel i det heile, er godt representerte i dei lågaste poengkategoriane, og svært dårleg representert i den øvste. Men så sterke skilnader i kunnskapen, bør dette vere ein indikator på at det bør leggjast meir vekt i undervisninga på å auke bruken av slike hjelpemiddel. *Nynorskordboka* ligg som nemnt heildigitalisert på Internett, og enklare blir det ikkje å slå opp eit ord.

Tabell 6.19: Samanhengen mellom bruk av hjelpemiddel og kunnskapsskår. Loddrett prosentuering.

% av Hjelpemiddel når ein skriv tekstar på nynorsk

		Hjelpemiddel når ein skriv tekstar på nynorsk				Totalt
		Ordliste og		Ingen		
		Internett	Berre ordliste	Berre Internett	hjelpemiddel	
Kunnskap alle gruppert	7-16	5 %	2 %	3 %	7 %	4 %
	17-21	2 %	7 %	12 %	11 %	7 %
	22-25	21 %	29 %	27 %	26 %	27 %
	26-29	48 %	46 %	50 %	55 %	48 %
	30-	24 %	17 %	9 %	2 %	14 %
Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

N=282

Kruskal-Wallis Test

Chi-Square = 8.034

Fridomsgrader = 3

Sig. = .045

### 6.7.5 Kunnskapsskår og bruk av minigrammatikk og rettleiing

Tabell 6.20: Samanhengen mellom bruk av rettleiing og minigrammatikk og kunnskapsskår. Loddrett prosentuering.

% av Bruker du rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når du skal skrive nynorsk?

		Bruker du rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når du skal skrive nynorsk?			Totalt
		Ja	Nei	Usikker	
		Kunnskap alle gruppert	7-16	3 %	
17-21	5 %		9 %	6 %	7 %
22-25	34 %		27 %	21 %	27 %
26-29	44 %		46 %	57 %	48 %
30-	13 %		16 %	10 %	14 %
Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %

N=282

Kruskal-Wallis Test

Chi-Square = .261

Fridomsgrader = 2

Sig. = .878

I tabell 6.8 såg vi at 53 % av elevane ikkje brukar rettleiinga og minigrammatikken i ordboka, og 26 % er usikre på spørsmålet. Tabell 6.20 syner at det ikkje er nokon samanheng mellom bruken av slike hjelpemiddel og kunnskapsskåren i testane mine. Ein muleg spekulasjon over dette resultatet kan vere at systemet med valfridom ikkje blir



presentert godt nok i slike minigrammatikkar. Som eg har vore inne på tidlegare, er det nok slik at dei som lagar ulike opplæringsmiddel om grammatikk, har vidt ulike tilnærmingar til å presentere og gjere elevane merksame på klammeformene.

### 6.7.6 Kunnskapsskår og utdanningsnivå til mor og far

Utdanningsnivået til foreldre er ein variabel som stadig blir brukt i samfunnsvitskaplege samanhengar. Ofte viser undersøkingar av epidemilogisk art at høgt utdanningsnivå korrelerer med andre variablar som god helse, gode karakterar, osb.

Tabell 6.21: Samanhengen mellom utdanningsnivå til mor og kunnskapsskår. Loddrett prosentuering.

% av Utdanningsnivå mor

	Utdanningsnivå mor					Totalt
	Folkeskule/ ungdomsskule	Vgs. skule	Høgskule/ universitet 1-2 år	Høgskule/ universitet 3-4 år	Høgskule/ universitet 5 år -	
7-16	3 %	3 %	7 %	3 %	2 %	4 %
17-21	10 %	6 %	4 %	9 %	9 %	8 %
22-25	31 %	27 %	33 %	23 %	28 %	27 %
26-29	48 %	52 %	44 %	49 %	42 %	48 %
30-	7 %	12 %	11 %	16 %	19 %	14 %
Totalt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

N=282

Spearman korrelasjon

Korrelasjonskoeffisient = .048

Sig. = .425

Tabellen over viser at utdanningsnivået til mor gir utslag i prosentvise skilnader i den øvste poengkategorien. Medan nesten 19 % av dei som har mor med høgskule- eller universitetsutdanning skårar frå 30 poeng og oppover, er det berre 7 % i den same kategorien som har ei mor med folkeskule eller ungdomsskulebakgrunn. Dette fortel oss kanskje at systemet med valfridom favoriserer dei som har foreldre med høg utdanning. Mot dette kan ein seie at gruppa med elevar i kategorien 30 poeng oppover ikkje er særskilt stor, og at det difor blir vanskeleg å gjere noka reell samanlikning. Resultata er heller ikkje statistisk signifikante ( $p = 0,425$ ). Samanhengen mellom utdanningsnivået til far og kunnskapsskår viser dessutan ein meir brokete samanheng (sjå vedlegg 5). Her kan vi dermed seie at det er lite som talar for nokon reelle samanhengar i det heile.

### 6.7.7 Kunnskapsskår og kjønn

Tabell 6.22 syner ein relativt sterk samanheng mellom kunnskapsskår og variabelen kjønn. Jentene er nesten dobbelt så mange som gutane i den øvste poengkategorien, og så vidt over halvparten så mange i den nedste. Det er ikkje store skilnader mellom jenter og gutar med omsyn til opplæringsmålform, så vi kan ikkje seie at dette er grunnen til skilnadene vi ser her (68 % av jentene har nynorskbakgrunn, medan talet for gutar er 64 %). Resultatet ser derimot til å stemme overeins med ein annan underliggjande trend i samfunnet: At jentene gjer det generelt betre i skulen enn gutane.

Tabell 6.22: Samanhengen mellom kunnskapsskår og kjønn. Loddrett prosentuering.

% av Kjønn		Kjønn		Totalt
		Jente	Gut	
Kunnskap alle gruppert	7-16	3 %	5 %	4 %
	17-21	4 %	13 %	7 %
	22-25	27 %	27 %	27 %
	26-29	49 %	47 %	48 %
	30-	17 %	8 %	14 %
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

N=282  
Mann-Whitney U    Verdi = 7768.500    Z = 2.628    **Sig. = .009**    **r = 0.156**

### 6.7.8 Kunnskapsskår og lesing

Eg har tidlegare vore inne på kor mykje elevane meiner dei les nynorske tekstar. Det viste seg å vere ein stor skilnad mellom kor mykje nynorskelevane seier at dei les nynorske tekstar, og kva bokmåselevane seier. Det er likevel interessant å sjå på samanhengen graden av lesing og kunnskapsskår. Som ein ser i tabell 6.23, er det store skilnader mellom gruppene når det gjeld lesing og kunnskap. I kategorien «Så å seie kvar dag» er det heile 28 % som skårar frå 30 % og oppover, mot berre 7 % i «Så godt som aldri». Her skal vi likevel vere svært merksame på at den tredje variabelen *målform* ikkje blir teke høgd for. Samtidig har vi sett at mange bokmåselevar nærast skyr bøker på nynorsk. Om ein tek resultatata i tabellen på alvor, burde det difor vere mykje å hente i å prøve å endre haldningane andsynes lesing av nynorskbøker.

Tabell 6.23: Samanhengen mellom kor mykje elevane seier dei les og kunnskapsskår. Loddrett prosentuering.

% av Kor ofte vil du seie at du les nynorske tekstar?

	Kor ofte vil du seie at du les nynorske tekstar?					Totalt
	Så å seie kvar dag	Fleire gonger i veka	Éin gong i veka	To-tre gonger i månaden	Så godt som aldri	
7-16	2 %	7 %		2 %	5 %	4 %
17-21	6 %	6 %	4 %	3 %	21 %	7 %
22-25	11 %	29 %	32 %	31 %	30 %	27 %
26-29	53 %	51 %	49 %	48 %	37 %	48 %
30-	28 %	8 %	15 %	16 %	7 %	14 %
Totalt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

N=282

Spearman korrelasjon

Korrelasjonskoeffisient = .163

Sig. = .006

### 6.7.9 Kunnskap og synet elevane har på skriftnormalar

I kapittel 6.3 såg vi at 32 % av elevane ønskte ein nynorsk der ein kan «velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg». Altså, meir eller mindre det systemet vi har i dag. Tabell 6.24 på neste side viser at dette synet på ein skriftnormal ikkje nødvendigvis heng saman med høg kunnskapsskår. Iallfall kan vi seie at det er like mange og fleire som ønskjer ein nynorsk med avstand til bokmålet, som skårar godt. Kven er desse som skårar «godt» (ein kan spørje seg om kunnskapsskåren er så god i det heile i denne testen), og som meiner at nynorsken bør vere stram? Det kan tenkjast at dette er «flinkiselevar» som gjer det dei skal gjere. Dei les leksene sine, men følgjer rådet somme lærarar gir dei: Følg hovudformene, så går det greitt. Desse elevane har dermed kanskje ei hyperkorrekt haldning til kva ein skriftnormal skal vere. Det kan òg tenkjast at slike elevar kjem frå nynorskbygder på Sunnmøre, og har med seg ei relativt tradisjonalistisk oppfatning av kva nynorsk skal vere, samtidig som dei er skuleflinke. Ein kan òg sjå på samanhengen mellom kunnskapsskår og variabelen som fortel kor viktig valfridom har vore for nynorskeleven (tabell 6.13). Her ser ein igjen at dei som markerer seg i det øvste poengsjiktet, er dei som har svara at valfridomen i nynorsk har vore *ganske lite* eller *svært lite viktig* for at dei (sjå vedlegg 5).

Tabell 6.24: Samanhengen mellom synet på skriftnormal og kunnskapskår. Loddrett prosentnering.

% av Om du kunne velje, kva ville du hatt:

		Om du kunne velje, kva ville du hatt:				
		Ein				
		Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, som <sup>45</sup>	konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje <sup>46</sup>	Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer, mindre han <sup>47</sup>	Anna	Totalt
Kunnskap alle gruppert	7-16	1 %	5 %	4 %	4 %	3 %
	17-21	4 %	5 %	12 %	15 %	7 %
	22-25	30 %	20 %	37 %	23 %	27 %
	26-29	50 %	54 %	37 %	46 %	49 %
	30-	14 %	16 %	11 %	12 %	14 %
<b>Totalt</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

N=278

Kruskal-Wallis Test

Chi-Square = 7.239

Fridomsgrader = 2

**Sig. = .027**

Merknad: Den statistiske testen er berre gjennomført med dei tre første gruppene. 'Anna' er såleis utelate.

<sup>45</sup> «Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg»

<sup>46</sup> «Ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje mellom mange ulike former. Avstand til bokmålet er viktig»

<sup>47</sup> «Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva ord som ikkje er lov å skrive, og som dessutan ikkje har valfridom i bøyingsverk og endingar»

## 7. Drøfting av resultata

I det følgjande vil eg drøfte resultata frå funna mine gjennomgåande og særleg sjå dei i lys av omgrep eg gjorde greie for i kapittel 2. Eg vil rett nok ta fatt med å gå gjennom hypotesane eg sette opp i byrjinga av det første kapitlet, og anten avvise dei eller gå god for dei, eventuelt noko midt i mellom.

### 7.1 Hypotesetesting

*H1: Elevar med nynorsk som sidemål har dårlegare oversikt over valfrie former enn elevar som har nynorsk som hovudmål.*

Som vist i tabell 6.18 og 6.19, viser det seg at dei som har nynorsk som hovudmål og dei som har hatt nynorsk på barne- og ungdomsskulen, skårar ein heil del betre på kunnskapstestane i denne granskinga. Til dømes fann eg i poenggruppa 30 og oppover at det var 9 % som hadde bokmålsbakgrunn, medan det i same kategorien var 17 % som hadde hatt nynorsk på barne- og ungdomsskulen. Skilnadene mellom gruppene fann eg å vere statistisk signifikante ( $p < 0,024$  for opplæringsmålform og  $p < 0,001$  for målform). Dei absolutte skilnadene mellom gruppene er rett nok ikkje store, noko vi ser av ei samanlikning av gjennomsnittet og medianen til gruppene. For gruppa 'målform' er t.d. gjennomsnittet 25,1 og medianen 26 for bokmålsrespondentane, medan dei same verdiane for nynorskrespondentane er 26,7 og 27.

*H2: Elevar med nynorsk som sidemål meiner det hadde vore betre å ha ei trongare norm i nynorsk.*

I tabell 6.4 såg vi at «dersom ein kunne velje», tenderte sidemålselevane i større grad i retning av skriftnormalar med ei trongare norm. Eg fann skilnadene mellom bokmålsgruppa og nynorskgruppa å vere statistisk signifikante ( $p < 0,001$ ).

*H3: Elevar med nynorsk som hovudmål meiner valfridomen er eit gode.*

Ein kan lese tabell 6.4 om valet av ein muleg skriftnormal som at elevane meiner valfridom er eit gode når dei vel alternativ 1: «Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg». 41 % av nynorskelevane har valt seg denne skriftnormalen, medan altså 59 % vel andre variantar utan valfridom. På spørsmål om kor viktig det har vore for nynorskeleven å kunne velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk (t.d. mellom *da* eller *då* og *koseleg* og *koselig*), seier 26 % at dette har vore *svært viktig* eller *nokså viktig* (tabell 6.15). 50 % seier at

dette har vore *nokså* eller *svært lite viktig*. 21 % er usikre på spørsmålet. Hypotesen om at valfridomen i nynorsk er viktig for nynorskeleven, ser dermed ut til å ikkje halde mål. At så mange er usikre på dette, kan dessutan tale for at valfridomssystemet er eit ikkje-spørsmål for dei.

*H4: Dess oftare eleven brukar ordlista, dess betre oversyn har ho over valfrie former i nynorsk.*

Vi såg først i tabell 6.6 *korleis* elevane brukar hjelpemiddel når dei skriv nynorsk. 68 % gir opp at dei brukar ordliste i bokform, og 27 % brukar ordliste på Internett. 44 % brukar stavekontrollen i tekstbehandlinga. Tabell 6.21 viste tydelege skilnader mellom gruppa som brukte *både* ordliste og Internett, og dei som t.d. ikkje brukte hjelpemiddel i det heile ( $p < 0,045$ ). Vi kan dermed med ganske stor grad av sikkerheit seie at ordlistebruk har noko å seie for kunnskap om valfrie former i nynorsk.

*H5: Dess meir eleven les nynorsk, dess betre oversyn har ho over dei tilgjengelege og rette formene.*

Det er store skilnader mellom gruppene 'nynorsk' og 'bokmål' når det gjeld lesing av nynorske tekstar. Det kom tydeleg fram i tabell 6.11. 28 % av nynorskelevane seier dei les nynorsk «så å seie kvar dag», medan berre 4 % av bokmåselevane gjer det. Elevane meiner dei møter dei nynorske tekstane hovudsakleg gjennom lærebøker på skulen og i avisene, sekundært på tekst-tv og i fjernsynet og i bøker (skjønnlitteratur), slik det slik det kjem fram av tabell 6.12. Elevane meiner dei møter lite nynorsk på stader der det er grunn til å tru at dei oppheld seg ein god del, i første rekkje Internett. Ved å røkje etter samanhengen mellom kunnskap og kor ofte eleven les nynorsk tekstar, fann eg skilnader mellom gruppene ( $p < 0,006$ ). Dei som gir opp at dei les nynorsk kvar dag, tenderer til å vere prosentvis betre representert i dei øvste poengkategoriane enn dei andre gruppene. Spørsmålet om innverknaden av lesing må likevel setjast spørsmål ved, og då særleg med omsyn til validiteten til dataa i granskinga. Dataa som er samla inn, er rett og slett kva respondentane *trur* dei les, ikkje kva dei faktisk les. Slik sett kan det hende at mange elevar blir eksponert for meir nynorsk enn dei trur. Sidan det er så store skilnader mellom gruppene etter målform, kan det òg tenkjast at denne variabelen verkar inn på samanhengen mellom kunnskap og lesing. Som vi har sett, er det store skilnader i kunnskap med omsyn til målform.

*H6: Det er ein positiv samanheng mellom bruk av rettleiing og minigrammatikk i ordlista og kunnskap om valfrie former i nynorsk.*

Vi såg i tabell 6.10 at svært mange ikkje brukar rettleiinga og minigrammatikken i ordlista når dei skriv nynorsk. Berre 14 % av nynorskelevane seier dei gjer dette, medan

over dobbelt så mange bokmåselevar kryssar av for 'ja' i dette spørsmålet. Svært mange plasserer seg i kategorien 'usikker'. Ved ei samanstilling av kunnskapsskåren og spørsmålet om bruk av minigrammatikk, er det lite som tyder på nokon positiv samanheng mellom bruken av desse hjelpemidla og kor god kunnskap ein har. Snarare viser det seg at dei som har kryssa av for at dei *ikkje* brukar desse hjelpemidla, er noko sterkare representert i den øvste poengkategorien. Det er vanskeleg å seie kva dette eigentleg betyr. Ei muleg forklaring kan vere at dei som i utgangspunktet er usikre på nynorsken sin (bokmåselevane), vender seg til minigrammatikken for hjelp. Men dei får ikkje nødvendigvis nynorsken meir under huden enn dei som har hatt han som opplæringsmålform av den grunn.

*H7: Det er ein positiv samanheng mellom ei positiv haldning til nynorsk og godt oversyn over valfrie former i nynorsk.*

50 % av respondentane i dette utvalet har ei positiv haldning til nynorsk, 35 % har ei nøytral haldning, medan 12 % går for utsegna «Nynorsk er uviktig og negativt». Dei som er positive tenderer til å vere 4-6 % betre representert i den øvste poengkategorien, og noko betre representert i den nest øvste. Den største skilnaden mellom gruppene ser ein likevel i at dei som er negative er mykje sterkare representerte i dei to lågaste poengkategoriane. Trass i desse utslagane, fann eg ikkje skilnadene å vere statistisk signifikante ( $p < 0,106$ ). Dei absolutte skilnadene mellom gruppene ser ein då gjerne av ei samanlikning av gjennomsnittet eller medianen. Det viser seg då at både dei som er negative og nøytrale har ein median i skåren på 26, medan dei som er positive berre ligg eitt poeng over. Haldning har dermed ikkje så mykje å seie for kunnskapen om nynorsk som ein kanskje skulle tru, iallfall ikkje når det gjeld sideformer i rettskrivinga.

*H8: Dei som har bytt frå nynorsk til bokmål, meiner valfridomen i nynorsk er ein grunn til at dei gjorde det.*

Ved ei samanstilling av målbytegruppa (43 respondentar) og spørsmålet «At det har vore mange ulike former å velje mellom i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' eller 'koselig', kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til bokmål?», ser ein at nær 19 % av desse vel anten kategorien 'svært viktig' eller 'nokså viktig'. Heile 42 % seier at dette er ein *nokså* eller *svært lite viktig* grunn til målbyttet. Samtidig er heile 37 % av målbytegruppa usikre på spørsmålet. Det er vanskeleg å utelukke at rettskrivingsystemet i seg sjølv har ein innverknad på målbyttet når om lag ein av fem seier at dei har bytt til bokmål av den grunn. For dei aller fleste i denne gruppa ser målbyttet rett nok ut til å vere lite reflektert; ein gjer det fordi det er enklaste vegen for ein

sjølv. I det påfølgjande opne spørsmålet, der respondentane kunne grunngi kvifor dei hadde bytt til bokmål, kjem mange ulike grunnar fram. «Lettere», er eit svar som går att. Somme skriv òg at dei byter av taktiske grunnar; dei meiner det er strengare krav til hovudmålskarakteren, og ved å byte til bokmål blir det rett og slett lettare for dei å få ein god karakter i hovudmålet. Nokre seier òg at dei no ville lære seg bokmål skikkeleg, etter å ha hatt nynorsk heile barne- og ungdomsskulen. Atter andre seier det blir lettare for dei når all tavleundervisning er på bokmål.

Sidan målbyteproblematikken synest å vere svært sentral innanfor mykje forskning på nynorsk, har eg valt å leggje ved dei opne svara.

Ser ein nærmare på målbytegruppa med omsyn til kunnskapsskår, ser ein at dei ligg om lag 1,8 under gjennomsnittet til dei som har halde på målforma si. Medianen er 2 poeng lågare enn i den andre gruppa. Ved ei samanlikning av norskkarakterar i hovudmålforma mellom gruppene, ser målbytegruppa ut til å vere sterkare representert med karakteren 3 og 4 enn dei som har halde på målforma si, og tenderer til å vere lågare representert med karakteren 5 og 6. Målbytegruppa ligg 0,4 % under gjennomsnittet i høve dei som har halde på målforma si (4,24), medan medianen for dei to gruppene er lik (4). Ved ei samanlikning av karakterane i hovudmål- og sidemål i målbytegruppa, ser det ut til at fordelinga av karakterar er nokså lik (gjennomsnittet er 3,85 i hovudmål og 3,77 i sidemål). På spørsmålet mitt om interesse i norsk grammatikk og språkhistorie og interesse i norsk litteratur, ser det ikkje ut til at målbytegruppa skil seg vesentleg frå dei som har halde på målforma si.

Det eg ønskjer å anten få stadfesta eller avkrefta her, er altså om målbytegruppa på nokon måte skil seg ut med omsyn til kunnskapstesten, karakterar i norsk og endeleg interesse i norskfaget. Det ein ser temmeleg tydeleg, er at gruppa skårar lågare enn gjennomsnittet på kunnskapstestane mine, trass i at dei har hatt nynorsk som opplæringsmålform. Ein ser òg at gjennomsnittet deira for karakterar i norskfaget ligg noko lågare, men ikkje mykje. Interesse deira for norskfaget er ikkje alarmerande låg. Ein muleg innfallsvinkel til målbyteproblematikken, kan difor vere at desse elevane slit litt med norskfaget generelt. Dei har difor skifta til bokmål i håp om å gjere det betre i norsk, noko vi ser at dei *ikke* gjer, gitt at karakterane dei har opplyst er rette. Det vil alltid vere ei gruppe med elevar som slit litt med norskfaget, men dette har ikkje nødvendigvis med valfridom i rettskrivinga å gjere.



*H9: Det er ein samanheng mellom kjønn og kunnskapen om valfrie former i nynorsk.*

Tabell 6.22 viste ein temmeleg sterk samanheng mellom variabelen kjønn og kunnskapsskåren. Eg fann skilnader mellom gruppene der jentene såg ut til å vere nesten 9 % sterkare representert i den øvste poengkategorien, og dei glimra dessutan med fråvær på andre enden av skalaen. Skilnadene viste seg å vere statistisk signifikante ( $p < 0,009$ ). Dei røynelege skilnadene mellom gruppene sett under eitt, er likevel ikkje så store. Jentene har eit gjennomsnitt på 26,5 og ein median på 27, medan dei same verdiane for gutane er høvesvis 25 og 26.

Kva grunnane elles er for at jentene skårar betre, er sjølv sagt vanskeleg å seie. Eg har tidlegare vore inne på at det er ein underliggjande trend i det norske samfunnet at jentene gjer det betre enn gutane, noko som kjem tydeleg fram i karakterstatistikkar (Utdanningsdirektoratet 2010a). At det er fleire jenter enn gutar representerte i undersøkinga, kan dessutan i seg sjølv seie noko om at det er fleire jenter på vidare-gåande, og at gutane altså fell ut i vidaregåande opplæring. Det er iallfall lite truleg, og høgst spekulativt, å snakke om nokon samanheng mellom god kunnskap om valfrie former i seg sjølv, og kva kjønn ein har. Det nærmaste eg vil gå i å spekulere, er å peike på at sosiolingvistiske undersøkingar har vist at jenter er meir innovative i bruk av variantar i talemål (Labov 2001, sitert i Røynealand 2007:179). Røynealand meiner rett nok biletet er meir samansett enn som så. Hennar doktorgradsarbeid viser at det er gutar som snakkar mest nivellert og standardnært. Ho meiner det er meir tenleg å snakke om variasjonar *innetter* kjønnsgruppene enn mellom dei (2007:186). Men her snakkar vi sjølv sagt om bruk av talemålsvariantar i ein sosial kontekst. Difor er det høgst tvilsamt at ein kan snakke om jenter som meir «innovative» når vi ser at dei har meir kunnskap om valfrie former i nynorsk.

*H10: Det er ein samanheng mellom kva syn elevane har på skriftnormalar og kunnskap om valfrie former i nynorsk.*

Vi såg i tabell 6.24 at respondentane som meinte at ein «konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje mellom mange ulike former» best skildra ein nynorsk dei ville hatt, var noko meir representerte i dei to øvste poengkategoriane. Ein skulle kanskje tru at det var gruppa som valde seg ein nynorskvariant der ein kan «velje mellom mange ulike former», som gjorde det best på kunnskap, ut frå tankegangen at desse er meir medvitne om systemet med klammeformer i nynorsk. Eg fann òg at skilnadene mellom gruppene var statistisk signifikant ( $p < 0,027$ ). Igjen kan det vere nyttig å sjå på dei røynelege skilnadene mellom gruppene sett under eitt, ved hjelp av

gjennomsnitt og median. Disse verdiane viser oss at skilnadene eigentleg ikkje er så store mellom dei to første gruppene – både gjennomsnittet og medianen er tilnærma lik (medianen er 27 for begge gruppene). Dei som har valt det tredje alternativet ligg derimot noko lågare, noko som ikkje er så rart, sidan bokmåselevane er mykje sterkare representerte her (63 % mot 37 % nynorskelevar). Trass i signifikansen, kan ein difor ikkje uttale seg bastant om at eit særskilt syn på ein skriftnormal inneber at ein har meir kunnskap om sideformene.

*H11: Det er ein samanheng mellom utdanningsnivået til foreldra og kunnskap om valfrie former i nynorsk.*

Datamaterialet mitt syner ingen sterk samanheng mellom utdanningsnivået til mor og far og i kva grad ein har kunnskap om valfrie former i norsk. Den sterkaste skilnaden ein ser i ein krysstabell, er mellom gruppene høgskule/universitet frå 3 år og oppover og folkeskule/ungdomsskule, men rett nok berre i den øvste poengkategorien. Samanhengane her er så brokete at det er vanskeleg å seie noko i det heile, og eg forkastar dermed hypotesen min ovanfor. Kunnskap om valfrie former i nynorsk går såleis på tvers av primærsosialiseringa i familien, ser det ut til.

## 7.2 Vurdering av kunnskapen til elevane

I tabell 6.1, 6.2 og 6.3 har vi sett sjølve resultatet frå kunnskapstestane mine på mikro-nivå. Eg omtala tidlegare kunnskapstest 1 som noko kinkig, men ein må nok likevel kunne seie at kunnskapsnivået om valfrie sideformer, eventuelt jamstilte hovudformer, på eit generelt plan er nokså lågt. At fleirtalet av elevane ikkje kjenner til at ord som *mye*, *hjerte*, *fikke*, *drømmane* og *børe* er tillate å skrive i nynorsk, ofte med ein ganske tydeleg prosentdel, er vanskeleg å tolke som noko anna enn at desse formene ikkje er under huda på dei fleste av respondentane, og dermed ikkje noko reelt val når dei skal skrive nynorsk, heller.

At tredjeklassingar i den vidaregåande skulen dessutan har så store problem med å bøye tre vanlege verb i presens, preteritum og perfektum, gir òg grunn til uro. Om lag 70 % av elevane klarer å bøye verbet *å spele* rett innanfor ein dei tre kategoriane. Den resterande prosentdelen av elevar kjem med svært mange ulike forslag til korleis bøyinga kan vere, og særleg ser det ut til at dialektinterferens spelar ei sterk rolle her (t.d. *spelar*, *spilte*, *spilt*).

Når elevane sjølve skal fylle inn manglande vokalar, konsonantar og konsonant-samansetjingar, ser det ut til at mange har problem med doble konsonantar. Det ser ein av at mange skriv t.d. *somardagen* (22 %), *grønn* (18 %) og *bytte* (40 %), som jo alle er ukorrekte. I tillegg er det mange som skriv *havna* i staden for *hamna* (34 %), og *mestre* i staden for *meistre* (37 %). Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at valfridomen kanskje burde gitt rom for desse formene. Iallfall er det nok kanskje dette elevane tenkjer når dei skriv *grønn* i staden for *grøn*. Det er jo lov å skrive *komme* i staden for *kome*. Og når det er tillate å skrive *nød* i staden for *naud*, kvifor skal ein då ikkje kunne veksle mellom *meistre* og *mestre*? *Mestre* er elles det ordet ein sannsynlegvis finn i talemålet til elevane.

Ein må med andre ord kunne seie at kunnskapen er for låg til at systemet med sideformer skal kunne fungere skikkeleg, og det er unekteleg fleire ord i kunnskaps-testane som er aktuelle i høve talemålet til elevane. Ein kan gjerne diskutere kor vidt ein skal krevje at elevane skal ha denne kunnskapen inne; det er sjølvsagt eit absolutt krav til lærarane at dei skal kunne rettskrivinga, men kan ein stille det same kravet overfor elevane? Somme vil nok seie at ei vid rettskriving er der for å skape *takbøgd* for mykje utbreidde former i talemålet, og ein kan dermed skrive nynorsk meir eller mindre gjennom talemålskjensla si. Men kva hjelper det når elevane som brukar nynorsk får feil på dei talemålsformene som *ikkje* er innanfor rettskrivinga? I barneskulen er det både aksept for og eit metodisk opplegg rundt det å kunne skrive talemålsnært. Men denne granskinga undersøker ikkje barneskulen. Ho dreiar seg om vidaregåande elevar det blir stilt krav til. Når nynorskelevane då blir korrigererte på dei formene dei trudde var rett nynorsk, står ein i fare for å skape aversjon mot nynorsk, snarare enn entusiasme. Dei som då opplever at dei får mindre feil når dei skriv bokmål, vil dermed kanskje gå over til denne målforma. Mykje står dessverre og fell på kva for opplæring og rettleiing elevane får av læraren sin, og kva grad av korrektheit som blir lagt til grunn i klasserommet. Som vi har sett, er det grunn til å tru at somme lærarar formidlar haldningar som går på tvers av systemet med valfridom i nynorsk.

### 7.3 Kva er årsakene til kunnskapsløysa?

Dersom vi går ut frå at kunnskapen om valfrie sideformer i nynorsk er for dårleg, kva er i så fall årsakene til dette? Eg var så vidt inne på problematikken i høve læraren si rolle. Dette har med formidlinga og implementeringa av språkbruksnormer å gjere. Men kan det vere at det er andre underliggjande trendar i samfunnet som spelar inn òg? Eg vil

særleg peike på éin faktor som eg trur spelar inn i stor grad. Som vi såg i kapittel 2, introduserte eg omgrepet *destandardisering*, som går ut på nett det ordet seier, nemleg ei oppløysing av standardane i samfunnet. Nasjonalstaten har ikkje lenger ei så viktig rolle for identitetsdanninga til enkeltindividet, og dei standardiserte skriftspråka blir såleis òg mindre viktig. Samtidig ser ein at lokale uttrykk blir brukt i sterkare grad i kulturen, t.d. gjennom musikk. Det er ikkje mykje kontrovers knytt til å syngje på dialekt lenger. I sms- og chattespråket har dialektane ei svært sterk stilling, og i 2010 fekk ankerkvinnna Ingerid Stenvold som første person løyve til å bruke dialekten sin i Dagsrevyen. Kort sagt: Dialektane i Noreg står sterkare enn nokosinne. Målrørsla har såleis hatt ein enorm suksess i arbeidet sitt for dialektane, medan arbeidet for å bruke nynorsk i forlenginga av dialektbruk i stor grad har falle i fisk. Svært få ser i dag samanhengen mellom målrørsla, altså nynorsk, og dialektfrigjeringa.

Kva konsekvensar har den auka dialektbruken i skrift og tale for dei som framleis skriv nynorsk, eller må bruke nynorsk av og til fordi samfunnet og skulesystemet krev det? Sannsynlegvis er konsekvensen meir dialektinterferens i nynorsk, sidan det er dette skriftspråket som har som siktemål å vere talemålsnært. Slik sett burde dette vere ei gyllen mulegheit for målrørsla til å formidle at nynorsk har stor grad av fleksibilitet i seg til å tilpasse seg dei einskilde dialektane. I staden vel ein altså å gå andre vegen. Den praktiske konsekvensen av auka dialektbruk i samfunnet er nok likevel at stadig fleire nynorsk-brukarar vil oppleve at det nynorske skriftspråket rett og slett vik for mykje av frå ein eigen dialekt. I staden legg ein vekt på å snakke dialekt og skrive fullstendig ortofont i settingar der dette er sosialt akseptert (sms- og chattespråk), og ha eit instrumentelt avstandsforhold til skriftspråket sitt i meir formelle samanhengar, altså bruk av bokmål. Det er godt nok for dei fleste. Dette er også noko Vikør peikar på. Han skriv at

Ting kan tyde på at det skjer eit mentalitetsskifte i den nyaste generasjonen over til eit meir instrumentelt syn på språk enn de vi eldre har hatt: Skriftspråk og forsåvidt talespråk skal først og fremst fungere i den livssituasjonen folk lever i, berre sekundært vere eit identitetsmerke eller markere eit individuelt særpreg. Dei disiplinerande kreftene i det gamle bygdesamfunnet og det klassebaserte bysamfunnet er stort sett borte i dag, og identitet er noko ein vel på individuelt grunnlag, meir ut frå kor ein ønskjer å komme hen i livet enn kor ein er ifrå. (Vikør 1999:230)

I forlenginga av omgrepa *destandardisering* og identitet, kan ein òg trekkje inn teoriane til Tabouret-Keller og Le Page frå boka *Acts of Identity*, som eg omtala i kapittel 2. Dei la

til grunn fire vilkår for at teorien om at språkhandlingar er identitetshandlingar skal vere livskraftig: 1) Vi må kunne identifisere oss med gruppa, 2) vi må ha tilgang til gruppa og evne å analysere åtferdsmønsteret hennar, 3) motivasjonen for å bli med i gruppa må vere sterk nok, og blir anten forsterka eller forminska av tilbakemeldingar frå ho, og 4) språkbrukaren må ha evne til å endre åtferda si. I lys av folkemålslinja sin ideologi, at kvar einskild nynorskbrukar skal kunne forme språkidentiteten sin gjennom mange valfrie former som ligg nær opptil dialekten, må vi for det første kunne seie at det er vanskeleg å kunne identifisere seg med ei gruppe som er så underformidla i språksamfunnet i dag. Det mest interessante punktet er likevel det som har å gjere med *evna* til å endre åtferda si. Ein kan ikkje endre åtferda si i det nynorske skriftspråket når ein ikkje har god nok kunnskap om valfrie former, noko eg trur vi til dels har sett at elevane ikkje har i denne granskinga.

Andre årsaker til kunnskapsløyse om sideformer er forsåvidt nokså opplagde. Eg vil særleg peike på to årsaker: 1) Det er for lite nynorsk tekst i samfunnet, og elevane møter for lite nynorsk der dei er mest. 2) Normeringsagentar fører ein særskild agenda for kva nynorsknorm som skal brukast. Den nynorsken som blir lesen, speglar difor ikkje heile mangfaldet av former i rettskrivinga. At berre hovudformer skal nyttast av Staten og i lærebøker, kan heller ikkje vere med på å auke kunnskapen om sideformer. Når formene ein gong har slike a- og b-stempel, er det neppe med på å auke statusen til sideformene, heller. Vikør har elles påvist at det er ein konvergeringstendens hos nynorske forfattarar kring ei kjernenorm (1995:60-61). Dermed kan vi nok seie at det er få skriftlege førebilete elevar får med omsyn til ein nynorsk som speglar sideformer.

## 7.4 Korleis spelar normene inn i dette utvalet?

Normene vi har i oss blir danna i fellesskap med andre. I kapittel 2 gjekk eg grundig gjennom omgrepet, og det kom mellom anna fram at dei tause normene er i fleirtal. Brunstad (2000) legg vekt på ei prosessorientert normdanning som kan finne stad på ulike stadium i livet, og Sandøy (2003) peikar på ulike faktorar som påverkar normdanninga i ein fellesskap. Mellom anna registrerer vi kva som blir rekna for å vere vellykka språkhandlingar, og rettar språkbruken vår etter dette.

I hypotesetestinga mi kom eg fram til at det er mykje som talar for at valfridom ikkje er så viktig for nynorskeleven. Dette ser ein både i valet av ein ønskt skriftnormal, og dessutan i det meir direkte spørsmålet om valfridom har vore viktig for nynorsk-

eleven. Om ein ser kynisk på det, kan ein tenkje seg at det er dei tause normene som spelar inn her. Ein vel med andre ord det alternativet i spørjeundersøkinga ein reknar for å vere politisk korrekt. Eg er klar over at ei slik tilnærming er med på å underminere den sjølvstendige tenkinga til kvar enkelt respondent, men ein kan likevel ikkje utelukke at slike mekanismar har funne stad. Kva kan ein så rekne for å vere politisk korrekt? Det kan tenkjast at elevane opplever nynorsk som å skrive på «annleis-språket». Kanskje er det å velje ei linje der nynorsken skil seg mindre frå andre språk, eit uttrykk for at ein ønskjer å minke denne annleiskjensla ein har overfor nynorsk? Dette finst det truleg ikkje noko godt svar på. Om ein likevel skal ta svara frå elevane på alvor, er det ein del som tyder på at dei er frustrerte over variasjonen og mange samanfallande ord med bokmål. I dei opne svara på slutten av spørjeskjemaet mitt er det mykje interessant lesnad i så måte. Desse svara finst som vedlegg til oppgåva.

## 7.5 Skal nynorsken vere eit omveltingspråk?

«Om noe språk i verda skal sjå ut som ei viltveksande løvetanneng, så bør det vere nynorsken», skriv Mange Aasbrenn i eit lesarbrief som forsvarar valfridom og variasjon i rettskrivinga (*Norsk Tidend*, desember 2007). Han meiner altså at variasjonen i nynorsk er ei side ved målforma som er med på å røske opp stereotype oppfatningar hos folk om kva eit skriftspråk skal vere. Her er eg prinsipielt einig med Aasbrenn. Det er viktig at det blir stilt spørsmålsteikn ved kva som blir rekna for korrekt, og kva som blir rekna for gale. Vi har tidlegare sett at eit språk er ein dialekt med hær og ein flåte, og det er nett her nynorsken kjem og omveltar heile dette perspektivet med valfridom og liberalitet i rettskrivinga. Det blir også framheva at variasjon i skriftspråket gir betre toleranse for språk, og at nynorsk med valfridom kan bryte ned «dei kulturelle holdningane om at berre éin ting er rett» (Sandøy 1997). Blir dette perspektivet nokon gong løfta fram av dei som ønskjer ei strammare norm? I svært lita grad, kan ein nok seie. Argumentasjonen for einskap og eit ønske om lettare innlæring, overstyrer eit slikt perspektiv. I

Problemet med å vere eit omveltingspråk, er kanskje at det krev mykje av språkbrukarane. Og dette gjeld altså ikkje berre at det er variasjon innanfor målforma åleine, men at nynorsken er og blir eit mindretalsspråk og ein markert språkvarietet i høve det dominerande bokmålet. Slik sett er det ein dobbel integritet som må til for at ein skal skrive både nynorsk og ein nynorsk som vik av frå det som blir oppfatta som den

mest brukte nynorsken. Har nynorsken råd til å ha det slik, når han stadig vekk blir marginalisert på fleire område?

På hi sida kan ein seie at nynorsken som omveltingsspråk og «annleis-språk» har eigenskapar som vender seg til dei som kanskje ønskjer å bruke han mest. Nett ved å vere annleis og opne for alternative skrivemåtar, kan nynorsken ha ein *underdog*-posisjon i språklandskapet. Gjennom ein slik posisjon kan han rekruttere pasjonerte brukarar. Det er ikkje utan grunn at ein del forfattarar til slutt vender seg til nynorsken. Dei må ha noko *anna* for å formidle litteraturen sin, som Carl Frode Tiller har ordlagt seg til *Norsk Tidend* (nr.1, 2008).

Om ein hadde kunna samle seg om ein felles politikk for korleis nynorsken skal sjå ut – at alle var samde om at variasjon og valfridom er prinsipielt viktig – kan det tenkjast at eit slikt rettskrivingssystem hadde levd i beste velgåande. Mykje talar likevel for at det sviktar i ein fundamental fase i språkplanlegginga, nemleg implementeringsfasen. Skulen og lærarane har ei viktig rolle i den norske modellen, men som både denne og tidlegare undersøkingar har vist, formidlar læraren ulike haldningar til korleis elevane bør skrive nynorsk. Eg kan heller ikkje sjå at det er uttalt nokon stad, heilt eksplisitt, at ein *skal* oppmode elevane om å bruke valfridomen i nynorsk. Når det er så sterke motsetningar mellom kva didaktiske opplegg som skal vere gjeldande for nynorsken, er det grunn til å tru at resultatet blir forvirring. Fordi Språkrådet har gjort seg så avhengig av skulen i implementeringa av språknormer, kan andre normeringsagentar, som aviser, føre sin særskilde språkagenda. Dei har stor påverking på kva språknormer som er internaliserte i folk flest.

Det tilsynelatande paradokset i at Språkrådet set i gang ei innstramming av valfriformer i rettskrivinga når vi ser ei sterk bølge av talemålsnær skriving, er sjølvsagt svært interessant å drøfte. Her kjem ein igjen inn på dei to ulike syna på kva skriftspråk er: Er det prinsipielt sjølvstendig, eller er det avleidd av talen? Vikør set opp ein tredje variant, som går ut på at «skriftspråket må reknas som eit særskilt språkleg medium, verken avleidd av eller underordna talemålet, men uavhengig av det» (2007:91). Han konkluderer vidare at «Vi må seie at reint faktisk fungerer skriftspråket i våre gjennomalfabetiserte samfunn som eit sjølvstendig språkssystem, som hos dei fleste er *internalisert* på lik line med talen» (2007:93).

Kva konsekvensar har ein slik tankegang for eit syn på nynorsk der ein skal gå ut frå talemålet når ein skriv? Eigentleg slår han føtene under tanken om talemålet som det

primære for produksjon av skrift. Skriftkompetansen eksisterer ifølgje denne modellen som ein parallell kompetanse, ved sidan av talemålet.

Slik eg ser det, er det forvirringa mellom kravet til å skrive korrekt og oppmodinga om å følgje talemålet sitt i skrift, som blir den konstituerande problemstillinga knytt til valfridomen i nynorsk. Ein kan følgje talemålskjensla si i produksjonen av nynorsk tekst, fordi ein er blitt lært at dette er det primære utgangspunktet for skriftinga, men vil oppleve at dette ikkje er godt nok i enkelte situasjonar, som t.d. når ein må skrive i tråd med læreboknormalen. Eller ein opplever at det rett og slett er for mykje avvik mellom dialekten sin og nynorsk. Då kan konsekvensen bli at ein nyttar dialekt i skrift i uformelle samanhengar, og eit instrumentelt og avstandsprega bokmål i formelle samanhengar.

## 7.6 Vidare forskning

Fordi nynorskbrukarar er ei stor og ueinsarta gruppe – det finst så mange grunnar for å skrive nynorsk – blir det vanskeleg å gi eit godt svar på spørsmålet om valfridom gjennom ei avgrensa kvantitativ gransking. I ein intervjusituasjon vil ein kunne kome meir under huden på informantane og få diskutert emnet. Ein skulle såleis gjerne ønskt seg meir kvalitativ forskning om kva variasjon i skrift har å seie for utvikling av haldningar til språk og ikkje minst meistring av skriftspråksnormer. Tidlegare granskingar har vist at folk stort sett er opptekne av at skriftspråket skal vere korrekt (Selback 2001). Men dette er altså haldningar, som ofte er meir kjenslestyrte. Kva folk faktisk gjer, språkbruksnormene, kan vere eit interessant emne for ei psykologisk gransking av komparativ art. Ein kunne til dømes sett på korleis folk i land som blir rekna for einspråklege, oppfører seg reint språkleg, og samanlikne dette med informantar frå Noreg.



## 8. Avslutning

I denne granskinga ønskte eg å få kunnskap om kva kjennskap elevane i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal har til enkelte sideformer i rettskrivinga i nynorsk, og kva haldningane deira til ei «vid» rettskriving er. Sekundært har eg ønskt å drøfte om valfridomen i nynorsk forvirrar meir enn han frigjer. Funna mine er ikkje eintydige – det er nok vitskaplege funn sjeldan – men mykje tyder på at det herskar ein del forvirring hos elevane med omsyn til sideformer i nynorsk. Mange har ikkje oversikt over at tilgjengelege former – former som òg er aktuelle for respondentane i høve talemålet deira – er tillatne å skrive. Det kom fram gjennom kunnskapstestane eg brukte i spørjeundersøkinga mi.

På spørsmål om valfrie former har vore viktig for nynorskeleven, svarar fleirtalet at dette ikkje har vore det. Det er rett nok ein god del som òg svarar at valfridomen har vore viktig for dei. Biletet er såleis lite einsarta. Mange nynorskelevar vel seg elles skriftnormalar utan valfridom, om dei kunne velje. For dei som har nynorsk som sidemål er biletet tydelegare: Dei ønskjer mindre valfridom. Fleire bokmåselevar enn nynorskelevar ønskjer ein meir moderne variant av nynorsk, medan nynorskelevar i større grad ønskjer ein moderat eller konservativ nynorsk med avstand til bokmålet.

Det er rett nok svært mange forhold som spelar inn i spørsmålet kring valfridom i nynorsk. Det er nok å nemne lesing, bruk av ordliste og minigrammatikk, og ikkje minst det overveldande hegemoniet bokmål har i samfunnet. Mykje tyder på at elevane møter for lite nynorsk der dei faktisk oppheld seg. Undersøkinga mi viser dessutan at det er signifikante skilnader mellom dei som les nynorsk mykje og dei som les nynorsk lite når det gjeld kunnskap om valfrie former.

Målbyteproblematikken er heile tida sentral når det gjeld rettskrivingsystem og kva utforming dei har. Om lag éin av fem målbyteelevar i dette utvalet seier at valfridomen i nynorsk var ein grunn til at dei har bytt. Spørsmålet ein må stille seg til sjuande og sist er nok dette: Hadde desse elevane bytt til bokmål, jamvel om nynorsk hadde ei trongare norm? Det får vi aldri svar på, sjølvsagt. Iallfall bør ein ta svara frå elevane på alvor.

Det er tydeleg at noko har svikta i implementeringsfasen i den norske modellen. Når det er ikkje er samsvar mellom kunnskapen til elevane og haldningane deira til valfridomen i nynorsk, kan ein neppe seie at systemet er reelt internalisert. Slik sett stadfestar denne granskinga det tidlegare undersøkingar om emnet har vist.

# Litteraturliste

- Adressa.no: «Tillers Metode». Henta frå <<http://www.adressa.no/nyheter/sainntja/article1211996.ece>> [Lesedato 20.8.2008]
- Akselberg, Gunnstein (1999): «Valfridomen i nynorsk». I: Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge?: Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Allkunne.no (2010a): «Olav Paulson». Henta frå <<http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=26&id=1105>> [Lesedato 7.5.2010]
- Allkunne.no (2010b): «Eit språk blir til: 1976» [online]. Henta frå <<http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=22&id=561>> [Lesedato 9.5.2010]
- Berg, Celia (1999): «*La oss skrive slik det er naturlig og behagelig: Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. Hovudfagsavhandling. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Blakar, Rolv Mikkel (2006): *Språk er makt*. 7. utgåva. Oslo: Pax Forlag.
- Brunstad, Endre (2000): «Språknormer som forskingsobjekt: Refleksjonar kring språknormomgrepet og språkforskinga». I: Randi B. Brodersen & Torodd Kinn (red.): *Språkvitskap og vitskapsteori: Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*. S. 46-68. Larvik: Adriadne forlag.
- Bråten, Ivar (1994): *Skriftspråkets psykologi: Om forholdet mellom lesing og skriving*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Connolly, Paul (2007): *Quantitative Data Analysis in Education: A critical introduction using SPSS*. London: Routledge.
- Dag og Tid* (2007): «Dei mektige normerarane». I: *Dag og Tid*, 26.10.2007:15.
- Ekeland, Tor-Johan, Oddmar Iversen, Grethe Nordhelle og Anbjørg Ohnstad (2004): *Psykologi for sosial- og helsefag*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Fast, Carina (2008): *Literacy: i familj, förskola och skola*. Studentlitteratur.
- Field, Andy (2005): *Discovering Statistics Using SPSS*. 2. utgåva. London: Sage Publications.
- Fretland, Jan Olav (2007): «Aldri har så mange skrive så mykje for så lite...? Om ti års arbeid med nynorsknormalen». I: Gunnstein Akselberg og Johan Myking (red.): *Å sjå samfunnet gjennom språket: Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus forlag.
- Fretland, Jan Olav (2008): «Vitnemål frå ein fråfallen». I: *Norsk Tidend*, nr. 2, april 2008: 21.

- Fretland, Jan Olav (2009): «Paradoks i framtidig nynorsknormering». I: Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* Oslo: Novus forlag.
- Grepstad, Ottar (2007): «Jo, no trengst ei tydeleg nynorsknorm». I: *Dag og Tid*, 5.10.2007:26.
- Grønvik, Oddrun (2007): «Framtida for nynorsk avgjer brukarane sjølve». I: *Dag og Tid*, 5.10.2007:26.
- Haugen, Einar (1975): «Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging: Ivar Aasens grammatikk». I: Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen: Språkgranskaren og målreisaren*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haugen, Einar (1966): *Riksspråk og folkemål: Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Dag Gundersen, oms. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar (1972): *The Ecology of Language: Essays by Einar Haugen*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Hoel, Trude (1995): *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller besvær?: En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingsystem i skandinaviske språk*. Hovudfagsoppgåve. Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo.
- Hoem, Edvard (1996): *Mitt tapre språk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hustad, Jon (2010): «Ideologifabrikken». I: *Aftenposten*, del 2, 7.3.2010:4.
- Jacobsen, Dag Ingvar (2005): *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. 2. utgåva. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Janson, Tore (1997): *Språken och historien*. Norstedts Akademiska Förlag.
- Jansson, Benthe Kolberg og Roger Lockertsen (1996): *På godt nynorsk: Nynorsk som sidemål for vidaregåande skole*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Johannessen, Asbjørn, Per Arne Tufte og Line Kristoffersen (2005): *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 3. utgåva. Oslo: Abstrakt forlag.
- Johansen, Roy (1999): «Bruk av talemålnære skriftspråksformer i bokmål hos ungdomsskoleelevar». I: Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge?: Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Johnson, Keith og Helen Johnson (1998): *Encyclopedic Dictionary of Applied Linguistics – A Handbook for Language Teaching*. Blackwell Publishing.
- Kleiva, Turid og Aud Søyland (2007): «Spar oss for omkampen!». I: *Dag og Tid*, 12.10.2007:24.
- Kleiva, Turid og Aud Søyland (2007): «Framtida for nynorsken avgjord av eit styre på sju». I: *Dag og Tid*, 28.9.2007:23.

- Le Page R. B. og Andrée Tabouret-Keller (1985): *Acts of identity: Creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lorentsen, Geir, Torkel Christiansen, Kristin Johansen, Einar Leland, Ansgar Lundquist og Ingebjørg Sogge (1981): *Frå dialekt til nynorsk: Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål*: Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lysø, Knut Ole (1999): *Matematiske sammenhenger: Statistikk og sannsynlighetsregning*. Bergen: Caspar Forlag.
- Mattheier, Klaus J. (2003): «German». I: Ana Deumert og Wim Vandenbussche: *Germanic Standardizations: Past to Present*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Milroy, James og Lesley Milroy (1999): *Authority in Language: Investigating Standard English*. 3. utgåva. London og New York: Routledge.
- Moe, Moltke [1970]: «Nationalitet og kultur». I: Eskil Hanssen (red.): *Om norske språkhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myklebust, Hege (2008): «Leiartale under Noregs Mållags landsmøte i Stavanger 2008» [online]. Henta frå <<http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10210,10200,10223&id=2587>> [Lesedato 9.5.2010]
- Mæhlum, Brit (2003): «Normer». I: Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy: *Språkmøte: Innføring i sociolingvistik*. Kap. 5, s. 86-102. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Møre (2007): «Vil vite kva nynorskbrukarar slit med». I: *Møre*, 27.10.2007:14-15.
- Norsk språkråd (2002): *Nynorskrettskrivinga: Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*. Oslo: Norsk språkråd.
- Norsk Tidend* (2008): «Språkleg bifil». I: *Norsk Tidend*, nr. 1, 2008:10-11.
- NOU 2003: 19 (2003): *Makt og demokrati: Sluttrapport fra makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste, Informasjonsforvaltning.
- Omdal, Helge og Lars Vikør (2002): *Språknormer i Norge: Normeringsproblematikken i bokmål og nynorsk*. 2. utgåva. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Omdal, Helge (1999): «Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk». I: Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge?: Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Ongstad, Sigmund (2004): *Språk, kommunikasjon og didaktikk: Norske som flerfaglig og fagdidaktisk ressurs*. Fagbokforlaget.

- Osland, Jorunn (2008): *Det sosiale SMS-språket: jærske tenåringer sitt SMS-språk sett i lys av kjønn, gruppetilhøyrse og sosiale relasjonar* [online]. Masteroppgåve. Henta frå < <https://bora.uib.no/handle/1956/2906> > [Lesedato 8.5.2010]
- Roberts, Celia og Brian Street (1997): «Spoken and written language». I: Florian Coulmas: *The Handbook of Sociolinguistics*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Roksvold, Thore (1999): «Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen?». I: Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge?: Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Rommetveit, Ragnar (1972): *Språk, tanke og kommunikasjon: Ei innføring i språkpsykologi og psykolingvistik*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Røyneland, Unn (2007): «Språklege innovatørar og tradisjonalar». I: Gunnstein Akselberg og Johan Myking (red.): *Å sjå samfunnet gjennom språket: Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge (1997): «Valfridom i nynorsk, heldigvis!». I: *Dag og Tid*, 6.2.1997:12.
- Sandøy, Helge (2000): *Lånte fjører eller bunad?: Om importord i norsk*. Oslo: Landslaget for norskundervisning og Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge (1975): *Språk og politikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sandøy, Helge (2008): *Talemålsendring og skriftspråkstandardisering*. Forelesing. Volda: Ivar Aasen-instituttet. 5.2.2008.
- Sandøy, Helge (2003): «Skriftvariasjon». I: Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy: *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistik*. Kap. 9, s. 166-195. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge (2007): «Nynorsk – sidemål for alle?». I: *Dag og Tid*, 12.10.2007:25.
- Selback, Bente (2001): «*Det er heilt naturleg*»: *Ei gransking av skriftspråksbaldningar*. Hovudfagsavhandling. Bergen: Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.
- Sills, David L. (red.). (1968): *International Encyclopedia of the Social Sciences*. New York: The Macmillan Company & The Free Press.
- Skirbekk, Gunnar og Nils Gilje (2007): *Filosofihistorie: Innføring i europeisk filosofihistorie med særleg vekt på vitenskapshistorie og politisk filosofi*. 8. utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skogen, Ketil (2010): «Naivt vitenskapssyn» [online]. Henta frå < <http://www.dagbladet.no/2010/03/19/kultur/debatt/debattinnlegg/hjernevask/10930983> > [Lesedato 9.5.2010]
- Språkrådet (2010a): «Nyttige hjelpemidler» [online]. Henta frå < [http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving\\_Ordboeker/Nyttige\\_hjelpe\\_midler/](http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Nyttige_hjelpe_midler/) >

- [Lesedato 1.5.2010]
- Språkrådet (2010b): «Den nye rettskrivning (1917)» [online]. Henta frå  
 <[http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Fakta/Faksimilebiblioteket/Den\\_nye\\_rettsskrivning\\_1917/](http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Fakta/Faksimilebiblioteket/Den_nye_rettsskrivning_1917/)> [Lesedato 9.5.2010]
- Språkrådet (2010c): «Ny rettskrivning 1938» [online]. Henta frå  
 <[http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Fakta/Faksimilebiblioteket/Ny\\_rettsskrivning\\_1938/](http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Fakta/Faksimilebiblioteket/Ny_rettsskrivning_1938/)> [Lesedato 9.5.2010]
